Kategori Verdpapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
<b>OBLIGASJONER FAST RENTE</b>																	
1077848 FST Sparebank 1 SR Bank	11.02.22	2,04	1,76	4,18	4,25	NOK	9 000 000	99,24	8 948 188	101,18	101 106	9 207 306	12,65	174 500		45 900	45 900
<b>OBLIGASJONER FLYT RENTE</b>																	
1069292 FRN Sandnes Sparebank	06.11.18	1,70	1,25	0,18	0,19	NOK	16 000 000	100,21	16 033 120	100,55	18 133	16 106 133	22,13	54 880		230 533	230 533
1069760 FRN Sparebank 1 B V	03.12.18	1,74	1,07	0,01	0,01	NOK	7 000 000	100,41	7 028 600	100,73	29 097	7 080 197	9,73	22 500		68 594	68 594
1069914 FRN Bud, Fræna, Hustad Sp.	12.12.18	1,96	1,25	0,03	0,03	NOK	5 000 000	101,16	5 058 250	100,82	21 778	5 062 778	6,96	17 250-		54 347	54 347
1072144 FRN Tinn Sparebank	08.10.19	1,61	1,46	0,11	0,11	NOK	10 000 000	100,00	10 000 000	100,33	23 256	10 056 256	13,82	33 000		139 028	139 028
1072789 FRN Grong Sparebank	18.12.17					NOK									7 000	4 132	11 132
1076350 FRN Askim	25.10.18	1,73	1,17	0,15	0,15	NOK	3 000 000	100,00	3 000 000	100,65	5 334	3 024 834	4,16	19 500		44 293	44 293
Sum *			1,26	0,11	0,12				41 119 970		97 598	41 330 198	56,79	112 630	7 000	540 928	547 928
<b>HOVEDLISTEN OBX</b>																	
Aker Solutions Ny ASA						NOK	2 406	80,40	193 438	36,29		87 314	0,12	106 125-			
Bw Lpg Limited						NOK	5 993	77,14	462 280	31,89		191 117	0,26	271 163-			
Dnb Asa						NOK	5 993	112,26	672 785	151,50		907 940	1,25	235 155	76 350	34 160	110 511
Frontline Ltd						NOK	9 784	103,14	1 009 122	39,00		381 576	0,52	627 546-		25 127	25 127
Gjensidige Forsikring Asa						NOK	12 375	92,95	1 150 247	135,80		1 680 525	2,31	530 278		84 150	84 150
Grieg Seafood Asa						NOK									70 452	70 452	
Marine Harvest Asa						NOK	7 897	97,67	771 280	154,10		1 216 928	1,67	445 648		45 803	45 803
Norsk Hydro Asa						NOK	25 500	29,22	745 227	56,00		1 428 000	1,96	682 773	454 584	31 875	486 459
Norwegian Air Shuttle Asa						NOK	4 872	291,32	1 419 322	193,50		942 732	1,30	476 590-			
Orkla Asa A-aksjer						NOK	9 989	47,01	469 604	79,65		795 624	1,09	326 020		25 971	25 971
Renewable Energy Corporation Asa						NOK	90 339	2,71	244 383	1,04		93 682	0,13	150 702-			
Schibsted Asa B						NOK	949	159,47	151 340	178,00		168 922	0,23	17 582		1 661	1 661
Schibsted Asa						NOK	949	159,47	151 340	188,50		178 887	0,25	27 546		1 661	1 661
Statoil Asa						NOK	7 000	147,64	1 033 479	147,00		1 029 000	1,41	4 479-		25 395	25 395
Storebrand Asa Ordinære						NOK	10 004	29,33	293 440	64,20		642 257	0,88	348 817		15 506	15 506
Telenor Asa						NOK	11 390	122,45	1 394 756	157,10		1 789 369	2,46	394 613		48 977	48 977
Yara International Asa						NOK	3 241	360,43	1 168 161	317,30		1 028 369	1,41	139 792-		32 410	32 410
Sum *									11 330 205			12 562 240	17,26	1 232 035	601 386	372 696	974 082
<b>HOVEDLISTEN OSEBX</b>																	
Golden Ocean Group Limited						NOK	6 711	134,20	900 594	73,00		489 903	0,67	410 691-			
Kongsberg Automotive Holding Asa						NOK									37 547		37 547
Nordic Semiconductor Asa						NOK	23 878	43,45	1 037 546	40,00		955 120	1,31	82 426-			
Opera Software Asa						NOK	9 728	61,01	593 505	24,00		233 472	0,32	360 033-			
Polarcus						NOK	883	449,93	397 286	1,14		1 007	0,00	396 279-			
Solon Eiendom AS						NOK	713	207,10	147 665	17,50		12 478	0,02	135 188-		734	734
Solstad Farstad Asa						NOK	7 368	96,43	710 467	8,00		58 944	0,08	651 523-			
Treasure Asa						NOK	11 939	18,34	218 904	16,00		191 024	0,26	27 880-		11 342	11 342
Sum *									4 005 968			1 941 947	2,67	2 064 020-	37 547	12 076	49 623
<b>HOVEDLISTEN OSEAX</b>																	
Akastor ASA						NOK	2 406	30,92	74 399	15,30		36 812	0,05	37 588-			
Deep Sea Supply Plc						NOK											



## Portefølje pr. 31.08.2017

Side 2  
Fremstilt 28.09.2017

Herøy kommune samlingsrapport

Kategori	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
<b>HOVEDLISTEN OSEAX</b>																	
Electromagnetic Geoservices Asa						NOK	1 275	555,94	708 826	2,18		2 780	0,00	706 046-			
Fred Olsen Energy Asa						NOK	2 151	267,99	576 442	9,13		19 639	0,03	556 804-			
Insr Insurance Group						NOK	46 040	28,69	1 320 932	7,30		336 092	0,46	984 840-			
Od fjell Drilling Ltd						NOK	7 773	41,50	322 568	23,80		184 997	0,25	137 571-			
Seven Drilling Limited						NOK	17 500	24,20	423 518	2,45		42 875	0,06	380 643-			
Sparebank 1 Sr-bank Asa						NOK									199 908		199 908
Sum *									3 426 686			623 194	0,86	2 803 491-	199 908		199 908
<b>EGENKAPITALBEVIS</b>																	
Sparebank 1 Buskerud-vestfold Egenk						NOK	34 372	29,39	1 010 086	34,70		1 192 708	1,64	182 622		46 451	46 451
Sparebank 1 Smn Egenkapitalbevis						NOK	16 331	38,73	632 443	81,50		1 330 977	1,83	698 533	207 092	48 993	256 085
Sparebanken Nord-norge Egenkapitalb						NOK	21 245	13,82	293 549	61,50		1 306 568	1,80	1 013 019	239 251	73 295	312 546
Sparebanken Vest Egenkapitalbevis						NOK	22 343	34,38	768 139	55,25		1 234 451	1,70	466 312	211 774	100 544	312 318
Sum *									2 704 217			5 064 703	6,96	2 360 486	658 117	269 283	927 400
Sum **			1,35	0,85	0,86				71 535 233		198 703	70 729 588	97,18	987 861-	1 503 958	1 240 882	2 744 841
												<b>Markedsverdi pr. 31.08.2017</b>			<b>70 729 588</b>		
												<b>Ikke godskrevet bank</b>			<b>12 246</b>		
												<b>Banksaldo 31.07.2017</b>			<b>1 937 783</b>		
												<b>Bevegelser</b>			<b>94 019</b>		
												<b>Banksaldo 31.08.2017 ifølge våre oppgaver</b>			<b>2 019 557</b>	2,79	
												<b>Beregnete bankrenter</b>			<b>17 199</b>	0,02	
												<b>Kapital pr. 31.08.2017</b>			<b>72 778 589</b>		
												<b>Avkastning i 2017</b>			<b>3 013 973</b>		
												<b>Realisert i 2017</b>			<b>1 503 958</b>		
												<b>Mottatt utbytte/renter i 2017</b>			<b>1 240 882</b>		
												<b>Kjøpte renter i 2017</b>			<b>33 280-</b>		
<b>Tidsvektet avkastning</b>												<b>Siste måned</b>			<b>0,60</b>		
												<b>I år</b>			<b>4,32</b>		



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2017/715
		Arkiv:	124

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/17	Formannskapet	17.10.2017
121/17	Kommunestyret	26.10.2017

### BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2019-2021 - INVESTERINGSTILTAK ANLEGGSPROSJEKT

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding med slik endring vart samrøystes vedteken:

Tabell 4				
Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt	500 000	6 500 000		
Stokksund				15 000 000
Myklebuståsen		5 750 000	5 750 000	
<b>SUM</b>	<b>500 000</b>	<b>12 750 000</b>	<b>15 250 000</b>	<b>15 000 000</b>

#### Investeringstiltak – samferdselstiltak

Tabell 6				
Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		

Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund		5 000 000		
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen	300 000	700 000		
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
<b>Sum</b>	<b>23 675 000</b>	<b>6 750 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>2 000 000</b>

### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

1. Kommunestyret sluttar seg til investeringsplanen for anleggsprosjekt med slik endring:

**Tabell 4**

Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt	500 000	6 500 000		
Stokksund				15 000 000
Myklebuståsen		5 750 000	5 750 000	
<b>SUM</b>	<b>500 000</b>	<b>12 750 000</b>	<b>15 250 000</b>	<b>15 000 000</b>

### Investeringstiltak – samferdselstiltak

**Tabell 6**

Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund		5 000 000		
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			

Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen	300 000	700 000		
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
<b>Sum</b>	<b>23 675 000</b>	<b>6 750 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>2 000 000</b>

2. Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021 basert på ei årleg investeringsramme for anleggsprosjekt slik det framkjem i saka.

### Tilråding:

3. **Kommunestyret sluttar seg til investeringsplanen for anleggsprosjekt slik det kjem fram av saksutgreiinga.**
4. **Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021 basert på ei årleg investeringsramme for anleggsprosjekt slik det framkjem i saka.**

Særutskrift:  
Økonomi, her

### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld budsjett- og økonomiplan for 2018-2021 – forslag til investeringsplan for anleggsprosjekt.

### **Saksopplysningar:**

Som grunnlag for budsjettprosessen hausten 2018, er det utarbeidd ei oversikt over behov for investeringstiltak for anleggsprosjekt. Dette som faktisk underlag for etterfylgjande drøftingar fram mot kommunestyret si budsjettbehandling og budsjettvedtak i desember.

### Førebels investeringsramme

Saka byggjer på ei slik førebels investeringsramme:

Tabell 1				
Budsjett	2018	2019	2020	2021
Generell finansieringspost	-46 000 000	-43 000 000	-43 000 000	-38 000 000

Ein investeringsplan som over vil vere svært positivt for Anlegg- og driftsavdelinga sin arbeidsdag. Eit føreseieleg budsjett gir oss mulighet til å jobbe planmessig over investeringsbudsjettet med prioriterte prosjekt og det gir fleksibilitet i forhold til å nytte ressursane vi har på avdelinga. Det gir også rom for å tenkje langsiktig.

### Generelt om talmaterialet

- Alle kostnadar er eksklusiv meirverdiavgift.
- Tala er basert på kostnadskalkyler.
- For bustad- og næringsprosjekt vil det kome inntekter i form av framtidig tomtsal. Desse inntektene er ikkje tatt med i denne saka då dei ikkje kjem på same år som investeringa vert gjort.
- Vidare følgjer prosjekta, gruppert etter kva type utbygging det er.
- Sist i saka vert tabellane samanfatta.

### Investeringstiltak – generelle tiltak

Tabell 2				
Generelle tiltak	2018	2019	2020	2021
Byutvikling	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
Avskjærande grøft på Kvalsund		400 000		
Grøft for overvatn i Huldalsvegen	350 000			
Ladepunkt for elbil i sentrum	965 000			
Leikeplassar i bustadfelt	250 000			
Ny kaihøgde ytre Almenningskai	500 000	5 500 000		
Oppgradering av parken	250 000			
Telenor basestasjon på Runde	800 000			
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	1 500 000	1 500 000	
Tursti Myklebustvatnet			1 200 000	
Tursti Djupvikvatnet				3 000 000
Lisjevatnet i Dragsund	600 000			

Bergsøy kunstgras	500 000	2 500 000		
<b>Sum</b>	<b>10 715 000</b>	<b>14 900 000</b>	<b>7 700 000</b>	<b>3 000 000</b>

### Byutvikling

Løyving som i økonomiplan for 2018-2020. Midlar til å realisere tiltak i byutviklingsprosjektet.

### Avskjærande grøft Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

### Grøft for overvatn i Huldalsvegen

Eksisterande kanal i Huldalsvegen er i dårleg stand og overvatnet skal leggst i rør.

### Ladepunkt for elbil i sentrum

Opprette moglegheit for lading av elbilar i sentrum.

### Leikeplassar i bustadfelt

Grunnarbeid på leikeplassar i kommunale felt

### Ny kaihøgde ytre Almenningskai

I tråd med K-sak 37/17. Omfang er ikkje avklart pr. dags dato, men konsulent skal sjå på og vurdere eksisterande konstruksjon, samt moglegheiter for heving av nivå i samband med pågåande anleggsarbeid for å flytte pumpestasjonen.

Kostnads kalkyle er derfor usikker då omfang ikkje er kjent. Heving av nivå medfører også tilstelling og tilpassing til kringliggande bygg/plass.

### Oppgradering av parken

Etablering av tømestasjon for bubilar.

### Telenor basestasjon Runde

Kommunen sitt bidrag i samband med etablering av basestasjon for telenor på Langeneset.

### Trafikktryggingsplan

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

### Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning om lag frå Blåhaugen til idrettsområde.

### Tursti Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

### Lisjevatnet i Dragsund

Har vore lekkasjar i fyllingar og i terskelen i fleire år. Her er planen å legge duk og støype terskelen for å få vatnet tett og opp til ønska nivå.

### Bergsøy kunstgrasbane

Det er behov for rehabilitering av kunstgrasbana. Idrettlaget skal bygge hall på delar av bana, dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute.

## Investerings tiltak – avlaupsplan

Tabell 3				
Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Løyving av midlar til avlaupsplanen	7 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
<b>Sum</b>	<b>7 500 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>

### Avlaupsplan

Midlane vert løyvd etter gjeldande handlingsplan for avlaup. Denne skal rullerast i 2018, eventuelle endringar i prioriterte tiltak og summer vert å oppdatere ved budsjetthandsaming i 2018. For 2021 er det stipulert ein sum då det ikkje ligg føre prioriterte tiltak endå.

## Investerings tiltak – bustadfelt

Prosjekta gjeld utbygging av infrastruktur for å legge til rette for bustadutbygging i kommunale felt. I summene er det ikkje tatt høgde for inntekter ved sal av bustadtomter.

Tabell 4				
Bustadfelt	2018	2019	2020	2021
Dragsund bustadfelt		500 000	9 500 000	
Bø/Arhaug bustadfelt				7 000 000
Stokksund				15 000 000
Myklebuståsen		5 750 000	5 750 000	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>6 250 000</b>	<b>15 250 000</b>	<b>22 000 000</b>

### Dragsund bustadfelt

Vidare utbygging av infrastruktur i eksisterande felt, kommunen eig arealet.

### Bø/Arhaug

Utbygging av infrastruktur i regulert felt, kommunen eig delar av arealet. Pr. dags dato er det ikkje utbygd med offentleg avlaup, tiltaket heng difor saman med prioritering av utbygging utanfor feltet i handlingsplan for avlaups som skal rullerast i 2018. Det er ikkje ført fram vatn til området, grendalaget er i dialog med Herøy Vasslag SA med sikte på å løyse det.

### Stokksund

Større privat reguleringsplan, kommunen eig ikkje noko areal for bustadtomter. Inneberer også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

### Myklebuståsen

Utbygging i privat regi. Forhandling om utbyggingsavtale for kommunal overtaking av anlegg for drift og vedlikehald er oppstarta. Utbygger har søkt kommunen om 11,5 mill kr. i støtte, her har vi delt det i to då utbygginga kan skje etappevis. Denne posten er avhengig av at prosessen med utbygger går slik at støtta kan giast som

investering, politisk vedtak om støtte og at utbygginga vert realisert. Vi vel å synleggjere summen i budsjettsamanheng sidan søknad om støtte er motteken og vi ser det som viktig at det ikkje kjem inn utanom budsjetthandsaming.

### Investeringstiltak – næringsområde

Tabell 5				
Næringsområde	2018	2019	2020	2021
Mjølstadneset	3 750 000			
Eggesbønes		5 500 000	5 500 000	
<b>Sum</b>	<b>3 750 000</b>	<b>5 500 000</b>	<b>5 500 000</b>	

#### Mjølstadneset

Eit større areal er reservert med sikte på utbygging. Det vil vere naudsynt med midlar for å ferdigstille området og tekniske anlegg. Her er det ikkje berekna salsinntekter då her har våre ei etappevis utbygging over lang tid.

#### Eggesbønes

Det er under regulering eit større industriareal på Eggesbønes (ved Marine Harvest). For å selje tomteareal er det naudsynt med utfylling i sjø og bygging av infrastruktur.

### Investeringstiltak – samferdselstiltak

Tabell 6				
Samferdselstiltak	2018	2019	2020	2021
Mindre parkeringsplass Frøystad			1 000 000	
Mindre prosjekt i bustadfelt og sнопlassar	750 000	750 000		
Bru til Herøy gard		300 000	3 000 000	
Veg Flusund		5 000 000		
Kaier på Mjølstadneset	21 000 000			
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250 000
Oppgradering av veg Kleppeåsen				1 000 000
Oppgradering av veg til Marine Sales				750 000
Parkeringsplass Fosnavåg sentrum	1 625 000			
<b>Sum</b>	<b>23 375 000</b>	<b>6 050 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>3 000 000</b>

#### Mindre parkeringsplass Frøystad

Innregulert offentleg parkeringsplass i Frøystad bustadfelt.

#### Mindre prosjekt i bustadfelt og sнопlassar

Det er ymse sнопlassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt.



### Bru til Herøy Gard

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering året før bygging.

### Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbygger realisera sine planar.

### Kai Mjølstadneset

I samband med ei større utbygging på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier. Kommunen har søkt om støtte til 50% av summen, men signala så langt er negative. Total kostnadskalkyle ligg difor til grunn.

### Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og det kan medføre behov for oppgradering av eksisterande kommunal veg som pr. i dag er smal.

### Oppgradering av veg ved Kleppeåsen

Tidlegare har delar av den kommunale vegen over Kleppeåsen blitt utbetra. Dette prosjektet gjeld oppgradering vidare.

### Oppgradering av veg til Marine Sales

Kommunal veg til næringsområdet ved Marien Sales treng oppgradering.

### Parkeringsplass Fosnavåg sentrum

Innregulert parkeringsplass mellom parken og Djupedalen.

## **Samanfatning**

**Tabell 7**

<b>Samanfatning</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Generelle tiltak	<b>10 715 000</b>	<b>14 900 000</b>	<b>7 700 000</b>	<b>3 000 000</b>
Avlaupsplan	<b>7 500 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>	<b>10 000 000</b>
Bustadfelt	<b>0</b>	<b>6 250 000</b>	<b>15 250 000</b>	<b>22 000 000</b>
Næringsområde	<b>3 750 000</b>	<b>5 500 000</b>	<b>5 500 000</b>	

Samferdselstiltak	<b>23 375 000</b>	<b>6 050 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>3 000 000</b>
<b>Sum (avrunda)</b>	<b>46 000 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>38 000 000</b>

### **Vurdering og konklusjon:**

Slik Rådmannen ser det så vil ei prioritering av anleggsprosjekt som oppsett ovanfor gje ein forutsigbar kvardag for prosjektleiarane og avdelinga som heilheit.

Lista over tiltak er lang, men innhaldet i prosjekta variera frå små og enkle til større og meir komplekse. Dei er spreidd over ei 4 årsperiode med bakgrunn i både kostnad og tilgjengelig kapasitet hjå avdelinga. Dersom det skulle kome større prosjekt inn i perioden, så vil ein måtte utsette planlagde prosjekt i størrelsesordenen på dei som kjem inn. Alternativt så vil ein måtte auke kapasitet på avdelinga for å få gjennomført nye prosjekt.

Rådmannen rår til at Herøy kommunestyre godkjenner forslaget til prosjektgjennomføring av anleggsprosjekt for perioden 2018 – 2021 som skissert ovanfor og i tråd med forslag til vedtak.

### Konsekvensar for folkehelse:

Dei fleste prosjekta inneheld tiltak som aukar trivsel og tryggleik.

### Konsekvensar for beredskap:

Betring av tilkomst ved fleire av prosjekta vil gi betre vilkår for beredskap.

### Konsekvensar for drift:

Samtlege prosjekt vil få ein konsekvens for drifta då dei gir infrastruktur til drift og vedlikehald.

Fosnavåg, 02.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



Anlegg og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2015/1608
		Arkiv:	Q52

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/17	Formannskapet	17.10.2017
122/17	Kommunestyret	26.10.2017

### ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 70026: ELBIL LADESTASJONAR (YTRE OG INDRE HERØY)

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 440 000,-
2. Mindreforbruk på kr 5000,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 440 000,-
2. Mindreforbruk på kr 5000,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

Særutskrift:  
- Økonomi

**Bakgrunn:**

Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

**Saksopplysningar:**

I K-sak 107/16 vart følgjande vedtatt:

1. *Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 385 000 kr.*
2. *Prosjektet vert tilført nye midlar, 225 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt 51916 "Leine-Trolldalen 2".*

Med bakgrunn i vedtaket blei det inngått kontrakt med Fortum Markets AS, og kommunen nytta rammeavtalen med entreprenør Aurvoll og Furesund AS til grunnarbeidet. Ladepunkta blei ferdigstilte i løpet av desember 2016.

Grunnarbeidet blei i utgangspunktet noko dyrare enn antatt, dette skuldast at Mørenett fjerna ordninga med anleggsbidrag for straum i fjor. I prosjektet låg det inne eit tilskot på 60 000 kr frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette er utbetalt og bokført, og når ein legg dette inn i rekneskapet, enda ein likevel opp med mindreforbruk.

**Finansiering:**

Tidligere løyving 2014/2015	100 000,-
+ Tilleggsloyving K-sak 107/16	225 000,-
+ Tilskot frå fylkeskommunen	60 000,-
<b>= SUM FINANSIERING</b>	<b>385 000,-</b>

**Rekneskap:**

Totalt forbruk	440 000,-
- tilskot frå fylkeskommunen	60 000,-
<b>= SUM FORBRUK</b>	<b>380 000,-</b>

DETTE RESULTERTE I EIT MINDREFORBRUK PÅ 5000,- KR

**Vurdering og konklusjon:**

Arbeidet er utført, og tilskotet frå fylkeskommunen er utbetalt. Prosjektet kan avsluttast og rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 440 000,-
2. Mindreforbruk på kr 5000,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Tiltaket har positiv verknad for folkehelsa, jf. nasjonale mål for ei "grøn utvikling".

Fosnavåg, 02.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/1384
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
162/17	Formannskapet	17.10.2017
123/17	Kommunestyret	26.10.2017

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR HÅVIKA - SLUTTHANDSAMING

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Håvika* med tilhøyrande føresegn datert 04.09.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

#### **Tilråding:**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Håvika* med tilhøyrande føresegn datert 04.09.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

**Særutskrift:**

Sporstøl arkitekter v/Bjørnar Sporstøl	pb. 301	6067 ULSTEINVIK
Larsen Gunnar Larsen graving og transport		6070 TJØRVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY

**Vedlegg:**

- 1 Plankart Håvika 04.09.2017
- 2 Føresegner Håvika 04.09.2017
- 3 ROS-sjekkliste 05.09.2017
- 4 Planomtale 05.09.2017
- 5 Trekking motsegn frå Fylkesmannen 19.09.2017
- 6 Fråsegn frå NVE 05.04.2017
- 7 Merknad frå Halvard Thorseth 23.05.2017
- 8 Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune 23.05.2017
- 9 Fråsegn frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor 26.05.2017
- 10 Motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 31.05.2017
- 11 Fråsegn frå Statens vegvesen 20.04.2017

**Samandrag av saka:**

Grunneigar i Håvika har utarbeidd detaljreguleringsplan for Håvika i Tjørvåg som no er klart til eigengodkjenning i Kommunestyret. Planen vil legge til rette for nokre bustadtomter, fleire sjønære hyttetomter med tilhøyrande naust og småbåtanlegg.


Lenke til plankartet digitalt:

<https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=aeda8304ba2a40ebb7a65cb4da12dc28>


**Saksopplysningar:**

Saka gjeld offentleg ettersyn av ein reguleringsplan i Tjørvåg. Grunneigarane har starta arbeid med å regulere eit område som i stor grad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Det er planlagt bustadar, hytter, rorbuer og naust med tilhøyrande fellesområde og badeområde som skal vere opent og tilgjengeleg for alle.





Lokalisering av planområdet i kommunen.



Plassering av planområdet i Tjørvåg



Oversikt over planområdet på flyfoto.

Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig FB16 (fritidsbustadar) og det er planlagt mellom 11 nye hyttetomter, to tomter for bustadar, fire rorbuer, åtte naust og småbåtanlegg i sjø.

Det vart avhalde oppstartsmøte mellom kommunen og tiltakshavar med plankonsulent 30.10.2015.

Det vart gjeve løyve til oppstart av planarbeid i Formannskapet 01.12.2015, F-sak 222/15.

Oppstart vart varsla i avis og på nett 18.12.2015 med frist for merknadar 10.02.2016. Kommunen mottok forslag til detaljplan 21.12.2016.

Planforslaget vart returnert for å rette opp feil og gjere endringar 01.02.2017.

Korrigert planforslag vart oversendt til kommunen 02.03.2017.

Formannskapet gjorde vedtak om utlegging til offentlig ettersyn 28.03.2017, F-sak 46/17.

Planforslaget låg ute til høyring 07.04.2017 – 26.05.2017.

Etter offentlig ettersyn kom det inn seks merknadar til planforslaget. Merknadane var frå Halvard Magne Thorseth, NVE, Møre og Romsdal fylkeskommune, Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Av desse var det berre Fylkesmannen i Møre og Romsdal som varsla motsegn.

#### Oppsummering av merknad frå Halvard Magne Thorseth:

Kommentar til punkt 6.5 i planomtalen: Ber om at avløpsledning frå 53/90 blir liggende urrør inntil denne kommer i konflikt med utbygging av tomt BFF6 eller BFF5.

Vurdering: Punkt 6.5 i planomtalen som viser trase for avlaupsledningar er ikkje bindande ift. eksisterande leidningar. Leidninga frå dykkar eigedom vil ligge slik det ligg i dag ned mot BFF5 og BFF6 og vil der knyte seg til ei felles leidning.

Oppsummering av merknad frå NVE:

Ingen merknad.

Oppsummering av merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

*Vi ønskjer likevel å trekke fram kapittel 7. i planomtalen, som i større grad kan bli utforma som tilnærma objektive vurderingar av planforslagets verknader, framfor argumentasjon for val ein har teke i prosessen, som til dømes «... vi meiner tiltaka i planen har... osv.».*

*I planområdet er det lagt opp til frittliggande einingar oppe i høgda og konsentrerte einingar nede ved sjøen. Leikeplassen er i denne samanhengen lokalisert ved innkøyringa til ei klynge frittliggande fritidsbustader, nær inngangen til feltet. ... Når ein ser heile planområdet samla, med både frittliggande og konsentrerte einingar, ønskjer vi likevel å stille spørsmål om dette er den rette plasseringa. Vil området kunne ha meir nytte av om leikearealet låg nærare dei konsentrerte fritidsbustadene, som ikkje vil få same uteoppholdsareal som dei frittliggande einingane? Eventuelt på flata ovanfor desse?*

Vurdering:

Kap. 7 er endra i tråd med fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

I arbeidet med denne reguleringsplanen har plankonsulent og kommunen drøfte moglege plasseringar av leikeplassen. Kommunen og konsulenten har kome fram til at denne plasseringa ville vere den beste. Området som vart vurdert låg sør for BUN 2. Denne plasseringa meiner vi ville vere mindre gunstig ift. trafikk og arealet ville bli rundt 200m<sup>2</sup>. Området ovanfor vegen vart ikkje diskutert inngåande då kommunen og konsulent var samde om at område ved BFF6 var meir aktuelt.

Oppsummering av merknad frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor:

Ingen merknad.

Oppsummering av merknad frå Statens vegvesen:

Ingen merknad.

Oppsummering av merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

*I vår fråsegn ved oppstart uttala vi at sjølve bukta må sikrast for ålmenn ferdsel. Planframlegget som no ligg føre, nyttar i praksis heile bukta til rorbuer og småbåtanlegg. Dette vil innebære at ein byggjer ned den mest attraktive strandsona innanfor området, og den som best eignar seg til bading og leik - spesielt for barn. Resten av strandsona er langt mindre tilgjengeleg då det stort sett er relativt bratt ned til sjøen alle stader. Rorbuer er å sjå på som fritidsbustader, altså hytter, og vil privatisere området rundt seg på same måte som hytter og bustader gjer.*

...

*Etter vårt syn legg planframlegget opp til ei utnytting av strandsona som strid mot omsynet til friluftsliv i området. Vi rår difor til at ein tar ut BFK (rorbuene) og BBS (privat felles småbåtanlegg på land) frå planframlegget, slik at bukta og det vesle neset kan nyttast av ålmenta til rekreasjon og opphald. I tillegg må VS (småbåthamn — felles) enten innskrenkast eller flyttast, slik at strandsona sin verdi som utgangspunkt for bading og leik i sjøkanten er sikra og ikkje kjem i konflikt med*

**småbåtanlegget. Inntil planframlegget er endra i tråd med dette, fremmer vi motsegn mot planen.**

*ROS-analysen har ikkje vurdert om planområdet er utsett for stormflo og havnivåstiging. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av kva som vil vere tilstrekkeleg tryggleik. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot havnivåstiging og stormflo for rorbuene, jf. TEK10 § 7—2. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen motsegn til planen.*

Vurdering:


Planen er endra i tråd med motsegna frå fylkesmannen. Område for robuer i bukta i Håvika er trekt ut av planforslaget og båt plassane er flytta slik at dei vil vende meir vekk frå det området som er attraktivt for bading, leik og rekreasjon i og ved sjøen.

ROS-analysen er revidert og dei bygga som kom i konflikt med potensiell stormflo er teke ut av planforslaget.



Dronebilette av den aktuelle bukta

**Planen er såleis endra i tråd med motsegna frå Fylkesmannen og motsegna vart trekt i brev motteke av Herøy kommune 19.09.2017.**



Revidert plankart for Håvika som følgje av motsegn frå Fylkesmannen.

## Vurdering:

### Planfagleg vurdering

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og løysingane som er valt er kvalitetssikra av kommunen. Området i dag er i stor grad ubebygd med unntak av eit hus og ei hytte som ligg på BFS3 og BFF3. Det er bygd veg ned til område for småbåtanlegg og denne må utvidast og utbetrast ved gjennomføring av planen.

Rorbuer, naust og småbåtanlegg er ikkje i tråd med kommuneplanen sin arealdel, men for å skape eit miljø med dei kvalitetane som kundane etterspør i dag ser vi dette som ein naturleg del å ta inn i planforslaget. Det er gjort grep for å hindre privatisering ved at evt. terrasse til rorbueane må byggast på den sida som vender vekk frå sjøen for å hindre utilsikta privatisering av strandsona. Kommunen meiner derfor det er gjort grep for å sikre fri ferdsel langs strandsona og vil derfor kunne akseptere tiltaka med det avbøtande tiltaket som er nemnd ovanfor.

### Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

*Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.*

#### §8 Kunnskapsgrunnlaget

Plankonsulent har lagt ved *vurderingar i forhold til §§8-12* i eit eige dokument. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt og viser til vurderingane som ligg vedlagt saka.

#### §9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

#### Støy

Område er ikkje utsett for støy frå fylkesvegen.

#### Barn og unge

Barn og unge sine interesser i planområdet er sikra gjennom standardheving av tilkomstvegen, store område for fri leik i terreng og eit område er avsett til leikeplass som skal opparbeidast med eit minimum av utstyr. Sidan dette er eit område for fritidsbustadar vil det ikkje vere same trafikk i området og kommunen stiller derfor ikkje krav om fortau eller fleire leikeplassar. Etter offentlig ettersyn har også bukta ved Håvika blitt sikra for leik og rekreasjon som er positivt for alle, men kanskje særleg barn og unge.

#### Folkehelse

Planforslaget vil kunne ha positive konsekvensar for folkehelsa ved at det vert lagt til rette for auka bruk av strandsone til rekreasjon. Ved gjennomføring av planen vil strandsona bli meir tilgjengeleg for folk flest.

#### Konklusjon:

Rådmannen rår til at Kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Håvika* med tilhøyrande føresegn datert 04.09.2017.

Lenke til plankartet digitalt:


<https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=aeda8304ba2a40ebb7a65cb4da12dc28>

Fosnavåg, 19.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



**TEIKNFORKLARING**

**Plandata**

**Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**

- Bustader - fritliggende småhus
- Fritidsbustad - fritliggende
- Fritidsbustad - konsentrert
- Anna tenesteyting
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- Utthus/naust/badehus
- Leikeplass
- Kombinert bygge- og anleggsformål

**Samferdselsanlegg og tekn.inf. (PBL2008 §12-5 NR.2)**

- Køyreveg
- Annan vegg grunn - tekniske anlegg
- Parkeringsplassar

**Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**

- Grøntstruktur
- Friområde
- Badeplass/-område

**Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**

- Småbåthamn
- Fritidsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- Badeområde

**Omsynsoner (PBL2008 §12-6)**

- Skringsone - Friskt

**Juridiske linjer og punkt PBL2008**

- Skringsonegrense
- Planen si avgrensning
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrænse
- Planlagt bustad
- Regulert senterlinje
- Frisktilinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert kjørefelt
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert støttemur
- Målelinje/avstandslinje

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

**Kartopplysningar**

Kjelde for basiskart: Geovekt  
 Dato for basiskart: 04.09.2017  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89  
 Høgdegrunnlag: NN 1954

Ekvidistans 1 m  
 Kartmålestokk 1:1000  
 0 10 20 30 40 m

**AREALPLAN ETTER PBL AV 2008**

Håvika

Nasjonalt arealplan-ID 201515  
 Plantype: Detaljregulering  
 Forslagsstillar:

**SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Saksnr i saksbehandlingssystem: 2015/1384

Planvedtak:	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign

Høyring og offentlig ettersyn fråtill: 07.04.2017-26.05.2017  
 Kunnigjering av oppstart av planarbeidet: 15.12.2015 OMR

**PLANEN ER UTARBEID AV:**  
 Spørstøl Arkitektur AS



## HERØY KOMMUNE

### FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR

**Håvika, gnr. 53/5 – område FB16.**

Datert 04.09.2017 PlanID: 201515.

Godkjend av Herøy kommunestyre

den .....20xx sak .../.....

#### § 1 GENERELT:

##### 1.1 GYLDIGHETSOMRÅDE

Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008.

Reguleringsføresegnene gjeld innafør det området som er synt med reguleringsgrenser på plankartet.

##### 1.2 PRIVATRETTSLIGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

##### 1.2 REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innafør reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til fylgjande føremål:

##### Byggje- og anleggsformål (PBL § 12-5 nr. 1):

BFS1 - BFS3	Bustader - frittliggjande småhus (Sosi-kode 1111)
BFF1- BFF7	Fritidsbusetnad – frittliggjande (Sosi-kode 1121)
BFK1	Fritidsbusetnad – konsentrert . Rorbuer. (Sosi-kode 1122)
f_BAT1-f_BAT2	Anna offentlig eller privat tjenesteyting (renovasjon m.m.) – felles. (Sosi-kode 1169)
f_BBS	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørande standsone Landfeste flytebrygge og båtopphal – felles (Sosi-kode 1588)
BUN1 – BUN2	Naustrekkjer (Sosi-kode 1589)
f_BLK	Leikeplass (Sosi-kode 1610)
f_BKB	Kombinert byggje- og anleggsformål. Serviceveg og infrastruktur – felles (Sosi-kode 1800)

##### Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

f_SKV1- f_SKV5	Kjøreveg - felles (Sosi-kode 2011)
f_SPP	Parkering - felles (Sosi-kode 2082)
f_AV1 – f_AV5	Annan Veggrunn (Sosi-kode 2018)



### Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

G1 – G3	Grøntstruktur –grøntdrag (Sosi-kode 3001)
f_GF	Friområde – felles (Sosi-kode 3040)
f_GB	Badeplass – felles (Sosi-kode 3041)

### Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

f_VS	Småbåthamn – felles (Sosi-kode 6230)
VFS	Friluftsområde med tilhørende strandsone (Sosi-kode 6720)
f_VB	Badeplass – felles (Sosi-kode 6770)

### Sikringszone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

H140_	Frisikt
-------	---------

## § 2 FELLESEGNER:

- a. Bygg skal plasserast innanfor byggje og anleggformål, samt byggegrenser som er vist på plankartet. Plassering av planlagt bygg i plankartet er berre retningsgivande.
- b. Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bygg. Overskottsmasse skal køyrast vekk.
- c. Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg elles i område. Før utbygg skal det utarbeidast samla detaljplan for vegar, vatn, avløp, renovasjon og andre tekniske anlegg. Samla teknisk plan skal godkjennast av kommunen.
- e. Kulturminne: Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen eller i sjø pliktar ein å stoppe arbeidet, og ta kontakt med fylkeskommunen for avklaring. Om det under opparbeiding av tiltak i sjø skulle påvisast skipsvrak, må arbeid stansast. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum skal då undersøke funn før eventuell frigjeving av området, og arbeid kan vidareførast.

## § 3 AREALBRUK

I område merka «**BFS**» kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, ev med sekundærhusvære (leilegheit). Totalt 4 einingar.

I område «**BFF**» kan det byggjast frittliggjande fritidsbusetand. Totalt 12 einingar.

I område merka «**BFK**» kan det byggjast konserntert fritidsbusetnad (Rorbuer). Totalt 4 einingar.

I område merka «**f\_BAT**» kan brukast til offentlig eller privat tenesteyting (renovasjon m.m.) – områda er felles for heile planområdet.

I område merka «**f\_BBS**» skal det byggast anlegg for småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørende standsone(Landfeste flytebrygge og båtopphal). Områda er felles for heile planområdet.

I område merka «**BUN**» kan det byggjast Naustrekker. Totalt 8 einingar.

I område merka «f\_BLK» kan del leggast til rette for felles leikeplass. Områda er felles for heile planområdet.

I område merka «f\_BKB» Kombinert byggje- og anleggsformål (serviceveg og infrastruktur og plass for felles slamavskillar) . Områda er felles for heile planområdet.

#### § 4 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

##### 4.1. Generelt:

- a:** Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Plassering av planlagt bygg i plankartet er retningsgivande
- b:** Grad av utnytting av tomtene er fastsett ved tillaten prosent utbygd areal (% - BYA): BYA for dei enkelte delområda bustad. For fritidsbygg (Hytter, rorbuer og naust) skal det nyttast bruksareal (BRA) per eining. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med «NS 3940:2012 Areal og volumberegninger av bygninger» gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA.
- c:** Høgder på bygg: Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget, jf. rettleiar ”T-1459 Grad av utnytting”.
- d:** Uteareal tilhøyrande byggeareal: Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

##### 4.2 Bustadar – frittliggjande småhus (BFS1 til BFS3)

- a:** Områda merka BFS1 til BFS3 på plankartet skal nyttast til bustad med tilhøyrande anlegg. BFS3 er område med eksisterande bustad.
- b:** Grad av utnytting: maksimum bebygd areal %BYA = 30%.
- c:** Mønehøgde som ikkje overstig 9,0 meter og gesims 7,5 meter.  
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m.
- d:** Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrænse er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport.
- d:** Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding på kvar av tomtene skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder og biloppstilling/garasje/carport vere synt på situasjonsplanen.

#### **4.3 Fritidsbusetnad – frittliggjande (BFF1 til BFF7)**

- a:** Områda merka BFF1 til BFF7 på plankartet skal nyttast til fritidsbusetnad med tilhøyrande anlegg. BFF3 er områder med eksisterande fritidsbusetnad.
- b:** Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 100 m<sup>2</sup>.
- c:** Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,0 m og gesimshøgda inntil 5,0 m målt frå gjennomsnittleg eksisterande terreng. Bygg skal utformat med sal- eller pulttak
- d:** Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m.
- e:** Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m<sup>2</sup>.
- f:** Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per bueining.
- g:** Situasjonsplan:  
Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder og biloppstilling vere synt på situasjonsplanen.

#### **4.4 Fritidsbusetnad – konsentrert(Rorbuer) (BFK)**

- a:** Områda merka BFK på plankartet skal nyttast til konsentrert fritidsbusetnad (rorbuer) med tilhøyrande anlegg. Fritidsbustad rorbu kombinert med naust ved sjø.
- b:** Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 80 m<sup>2</sup>.
- c:** Høgdeplassing over sjø: Golv i rorbuer skal minimum ligge på kote +3 NGO.
- d:** Mønehøgda rekna frå topp golv nærmast sjø skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
- e:** Terrasse til rorbukan lagast inntil fasade bak naust/rorbu og som vender frå sjøen.
- f:** Krav til tal biloppstillingsplassar er ein (1) stk. per bueining. Parkering er lokalisert til område f\_SPP.
- g:** Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer.  
Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.
- g:** Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder vere synt på situasjonsplanen. Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for kvar av formålsområda.

#### **4.5 Anna offentlig eller privat tenesteyting - renovasjon m.m. (f\_BAT1 og f\_BAT2)**

Områder for anna offentlig eller privat tenesteyting (renovasjon m.m.). Område f\_ BAT1 og f\_ BAT2 er fellesområde for bygningar i planområde der f\_ BAT2 er plass for renovasjonsstasjon. Områda kan nyttast til teknisk anlegg for planområdet.

#### **4.6 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Privat felles småbåtanlegg på land (f\_BBS)**

- a:** Område for småbåtanlegg med molo og landfeste for flytebrygger, kai og felles båtopphal. Område f\_BBS er fellesområde for bygningar i planområde.
- b:** Eksponert fylling i sjø skal avsluttast med fylling plastring av naturstein eller murt naturstein til LAT (lavast astronomiske vannstand) - 0 meter.
- c:** Om det i områda skal foregå spyling, pussing eller skraping av båtar skal det forgå på anlegg med fast dekke (asfalt/betong) og sedimentkummar.

#### **4.7 Naustrekkjer (BUN1 og BUN2)**

- a:** Områda merka BUN1 og BUN2 på plankartet skal nyttast til nauts i rekkjer med tilhøyrande anlegg. Naustrekkjene skal vere i tråd med føresegner til kommuneplanen.
- b:** Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 60 m<sup>2</sup>.
- c:** Mønehøgda rekna frå topp golv skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Nausta skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
- e:** Krav til tal biloppstillingsplassar er ein (1) stk. per nausteining. Biloppstilling kan plasserast ved portåpning til naust.
- f:** Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.
- g:** Situasjonsplan. Kommunen avgjer ved byggemelding den endelege plasseringa av bygg på tomtene. Ved byggemelding skal tilkomst, stigningstilhøve, høgder vere synt på situasjonsplanen. Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for kvar av formålsområda.

#### **4.8 Leikeplass (f\_BLK)**

- a:** Område for leikeplass. Område f\_BLK er fellesområde for bygg i områda BFS, BFF og BFK i planområde.
- b:** Område skal minimum ha ei sandkasse, ein benk, eit leikestativ og noko fast dekke.

#### **4.9 Kombinert bygge- og anleggsformål - serviceveg og infrastruktur (f\_BKB)**

- a:** Område for serviceveg, tilkomst og anlegg infrastruktur vann og avløp med felles slamavskillar. Område f\_BKB er fellesområde for bygningar i planområde.
- b:** Om det i områda skal forgå spyling, pussing eller skraping av båtar skal det forgå på anlegg med fast dekke (asfalt/betong) og sedimentkummar.

## **§ 5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 2)**

### **5.1 Generelt**

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggest på tomtegrunn/tilstøytande naboareal som følgje av detaljprosjektering.

Felles vegar og parkering skal vere open for allmenta.

Vegane i området er dimensjonert for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknytning til søknad om utbygging.

Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

### **5.1 Privat felles tilkomstveg (f\_SKV1 – f\_SKV5 )**

Tilkomstvegen skal vere felles privat veg for alle dei eigedomane i planområdet som er tilknytt vegen.

### **5.2 Privat felles parkeringsplass (f\_SPP)**

Område f\_SPP er felles område for parkeringer og gjesteparkering for områda BFS, BFF og BFK i planområde.

### **5.3 Privat felles parkeringsplass (f\_AV1 – f\_AV5)**

Annan veggrunn (f\_AV1 – f\_AV5) langs tilkomstvegar i planområdet.

## **§ 6 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5, nr. 3)**

### **6.1 Grøntstruktur (G1 – G3 )**

I området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for bruken av området. Området skal vere ope for allmenta. I område G1 kan det tillast å føre anlegg grøfter lendingar for VA og infrastruktur som el og tele. Områder med inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter.

### **6.2 Friområde (f\_GF1 – f\_GF2 )**

Området GF er friområde med ein korridor mellom leikeplass og tilgrensande fritidsbygg og badeplass/friluftsområde f\_GB. Det kan i områda anleggjast og ryddast for stiar til badeplasser i område f\_GB. Området skal vere ope for allmenta.

I område f\_GF kan det tillast å føre anlegg grøfter lendingar for VA og infrastruktur som el og tele. Områder med inngrep skal ordnast til, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter.

### **6.3 Friområde (f\_GB )**

Området merka f\_GB er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk. Området skal vere ope for allmenta.

## **§ 7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5, nr. 6)**

### **7.1 Sjøområde f\_VS**

Område f\_VS skal nyttast til privat felles småbåthamn. Det kan anleggjast felles småbåthamn med flytande bryggjer og bølgedemparar. Det skal vere gjestebrygge i småbåthamna.

### **7.2 Badeplass i sjø f\_VB**

Området merka f\_VB er føresett nytta til felles bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk. Området skal vere ope for allmenta.

## **§ 8 SIKRINGSSONER (PBL § 12-6)**

### **8.1 Frisiktsoner H140\_.**

I frisiktsoner skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde over 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

## **§ 9 KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL § 12-7, pkt.10)**

**9.1 Parkering/biloppstilling f\_SPP** skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område fritidsbusetnad - konsentrert **BKF**.

**9.2 Leikeplass f\_BLK** skal opparbeidast samstundes og ferdigstillast seinast saman midlertidig brukstillateles til første nye bygg i område **BFS, BFF og BFK**.

**9.3 Tekniske planar** for heile området skal godkjennast av kommune før utbyggingar i planområdet tek til.

**9.4 Eksisterande vegtilkomst** frå planområdet til avkjørsle til fylkesveg 654 skal verte opprusta til å tåle utbygging og vedlikehaldas i tida med utbygging av planområdet. Avkjørsel ved Fv 654 skal utbetrast og strammast i samråd med Statens Vegvesen og i samsvar vegnormal handbok N100 og V121, seinast ved midlertidig bruksløyve første nye bygg i planområdet.

Herøy kommune, Fosnavåg, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
ordfører

# Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

## Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

**Fylkesmannen** har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

**GisLink** gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

**Namn på tiltak/plan:** Detaljreguleringsplan for Håvika – Herøy kommune. Vedlegg 5.

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
		<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnge NEI etter behov.</i>			
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	h	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X		<i>Høgdeplassering over sjø: Golv i rorbuer skal minimum ligge på kote +3 NGO.</i>
i	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	<i>Teknisk forskrift til PBL. setter krav til tiltak og at dette vil vere tilstrekkelig</i>	
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågare- liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass- forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			



	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Kraft-forsyning</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Samferdsel</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d		X	
	e	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Miljø/Landbruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Brann/ ulukkes- beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	x		<i>Infrastruktur med ny vassleidning vil bli bygd ut som ein del av planen. Vassleidning vert tilknytt godkjent vassverket i området.</i>
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X		<i>Infrastruktur med nye og oppgraderte vegar dimensjonert for liten lastebil (LL) vil bli bygd ut som ein del av planen.</i>
	c	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Verksemds risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 05/09 - 2017 av sign: Herøy kommune - OMR



Plan ID.201515:

Arkivsak ID: 1584.02/51

Ulsteinvik, 05.09.2017

## Planomtale

**REGULERINGPLAN FOR GBNR 53/5 m-fl. – OMRÅDE FB16 - HÅVIKA i HERØY KOMMUNE – PlanID: 201515**  
**Plan- og bygningsloven (PBL) §12-3 OG §12-11**



# Innhald

1	Samandrag .....	4
2	Bakgrunn .....	5
2.1	Formål med planen .....	5
2.2	Forslagstillar, plankonsulent, eigarforhold .....	5
2.3	Tidlegare vedtak i saka .....	5
2.4	Utbyggingsavtaler .....	5
2.5	Krav til konsekvensutgreiing (KU) .....	5
3	Planprosessen .....	5
4	Planstatus .....	6
<b>4.1</b>	<b>Overordna planer</b> .....	<b>6</b>
4.2	Gjeldande reguleringsplaner .....	6
4.3	Tilgrensande planer .....	6
4.4	Statlige retningslinjer/rammer/føringar .....	6
5	Planområdet - Eksisterande forhold .....	6
5.1	Lokalisering, avgrensing og storleik .....	6
5.2	Dagens arealbruk.....	7
5.3	Stadens karakter.....	7
5.4	Landskap .....	8
5.5	Kulturminner .....	9
5.6	Naturverdiar .....	9
5.7	Rekreasjonsverdi og uteområde .....	10
5.8	Landbruk.....	10
5.9	Trafikk og infrastruktur .....	10
5.10	Barns interesser .....	11
5.11	Sosial infrastruktur .....	11
5.12	Universell utforming .....	11
5.13	Teknisk infrastruktur.....	11
5.14	Grunnforhold.....	13
5.15	Støyforhold .....	13
5.16	Luftforurensing .....	14
5.17	Risiko og sårbarhet (ROS) .....	14
5.18	Næring.....	14
5.19	Analyser og utgreingar .....	14
6	Planforslaget.....	15
6.1	Planlagt arealbruk og formål .....	15
6.3	Bygg si plassering og utforming .....	17

6.4	Parkering og tilkomst.....	18
6.5	Teknisk infrastruktur.....	19
6.6	Uteareal tilhørende byggareal .....	19
6.7	Uteopphald, friluft og lek.....	20
6.8	Kulturminner .....	20
7	Konsekvensar av planforslaget .....	20
7.1	Overodna planar .....	20
7.2	Terrengtilpassing, bygg og anlegg .....	20
7.3	Konsekvensar for andre grunneigarar, naboar og gjenbuarar .....	21
7.4	Trafikk og parkeringstilhøve .....	21
7.5	Friluftaktivitet, natur og born og unge sine interesser i nærmiljøet .....	21
7.7	Kulturminne.....	21
7.8	Risiko og sårbarheit .....	21
8	Medverknad i planprosessen.....	21
9	Avsluttande kommentar.....	22

# 1 Samandrag

<b>PLANOMTALE</b>		
Plannamn	<b>REGULERINGPLAN FOR GBNR 53/5 m-fl. – OMRÅDE FB16 – HÅVIKA I HERØY KOMMUNE</b>	
Arkivsak (ARK)	1584.02	
Plan ID	201515	
Omtale av planinitiativet	<p>Planinitiativet tek føre seg eksisterande situasjon, bakgrunn og målsetting for planarbeidet.</p> <p>Hovudmålet med reguleringa er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for framtidig utvikling av mindre område for fritidsbygg med hytter, rorbuer og naust.</li> <li>• Legge til reguleringsformål i sjø med formål med brygger, opphal for småbåt.</li> </ul>	
Formål/Hensikt/lovgrunnlag	<p>Planarbeidet er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing, og om det vert fanga opp av § 4 i "Forskrift om konsekvensanalyse": Kommunen konkluderte med at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planframlegget skal ikkje konsekvensutgreiast.</li> <li>• Behovet for nødvendige utgreiingar vert avklart i planomtalen.</li> <li>• Informasjons- og medverknadstiltak. Særlege tiltak overfor spesielt råka grupper vert gjort greie for.</li> </ul> <p>Det private planforlaget er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3og §12-11.</p>	
Estimert framdrift for behandling av plan	Oppstartsmøte	Oktober 2015
	Varsel om oppstart av planarbeid	Desember 2015
	Frist for innspel varsling	Februar 2016
	Utarbeiding av planforslag	oktober-november. 2016
	Kommunal behandling (12 veker)	Januar 2017
	Høring av planforslag (6 veker)	Mars 2017
	Behandling av ev. merknader og endringar	April 2017
	Godkjenning av planforslag	Mai 2017
	Kunngjering av godkjent plan	Mai 2017
Organisering/kontakt	<p>Planinitiativet er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller.</p> <p><b>Forslagsstiller (FS):</b>  Lars Gunnar Larsen Graving og Transport  6070 Tjørvåg  Org. Nr.: 994 321 390  Kontaktpersoner:  Lars Gunnar Larsen - Tlf.: +47 952 30 726  Mail: <a href="mailto:larsgunnarlarsen@gmail.com">larsgunnarlarsen@gmail.com</a></p> <p><b>Plankonsulent (PK):</b>  Sporstøl Arkitekter AS - Postboks 301 - 6067 Ulsteinvik  Tlf: 700 18 550 Nettside: <a href="http://www.sporstol.no">www.sporstol.no</a>  Kontaktperson: Bjørnar Sporstøl  Tlf: 918 68 794 E-post: <a href="mailto:bjornar@sporstol.no">bjornar@sporstol.no</a></p>	

## 2 Bakgrunn

Bakgrunnen for planinitiativet er dette planforslaget utarbeidd for å legge til rette for framtidig utvikling av område for fritidsbusetnad i Håvika i Herøy kommune

### 2.1 Formål med planen

Hovudmålet med reguleringa er:

- Legge til rette for framtidig utvikling av mindre område for fritidsbygg hytter, rorbuer og naust.
- Legge til reguleringsformål i sjø med formål med brygger, opphal for småbåt.

### 2.2 Forslagstiller, plankonsulent, eigarforhold

Forslagstiller (FS):

Lars Gunnar Larsen Graving og Transport - 6070 Tjørvåg - Org. Nr.: 994 321 390

Kontaktpersoner: Lars Gunnar Larsen - Tlf.: +47 952 30 726 - Mail: [larsgunnarlarsen@gmail.com](mailto:larsgunnarlarsen@gmail.com)

Plankonsulent (PK): Sporstøl Arkitekter AS  
v/ ingeniør Bjørnar Sporstøl

Eigedommar: Forslagstiller er eigar av gnr./bnr. 53/5.  
Aina Gjerde – Mauseidvåg er eigar av gnr./bnr. 53/103.  
Halvard Thorseth - eigar av gnr./bnr. 53/190.

### 2.3 Tidlegare vedtak i saka

Det er gjort vedtak i saka tidligare i samband med søknad om løyve til oppstarte av planarbeid. Løyve til oppstart var gitt i formannskapet den 1/12-2015 i sak 222/15. Viser til varslingsdokument vedlegg

### 2.4 Utbyggingsavtaler

Det vil ikkje verte aktuelt med utbyggingsavtale.

### 2.5 Krav til konsekvensutgreiing (KU)

Planen skal i følgje Forskrift om Konsekvensutgreiing § 3b) – Vedlegg II vurderast etter forskrifta §

4. Det er vurdert og avklart med kommunen at plane ikkje vert råka av KU.


## 3 Planprosessen

### Prosess til no og estimert vidare framdrift:

Oppstartsmøte	Oktober 2015
Forvarsel og planarbeid	Desember 2015
Frist for innspel varsling	Februar 2016
Utarbeiding av planforslag	oktober-november. 2016
Kommunal behandling (12 veker)	Januar 2017
Høring av planforslag (6 veker)	Mars 2017
Behandling av ev. merknader og endringar	April 2017
Godkjenning av planforslag	Mai 2017
Kunngjering av godkjent plan	Mai 2017

## 4 Planstatus

### 4.1 Overordna planer



Utsnitt av gjeldande arealplan med forlag til planområde .

I den gjeldande arealplanen for Herøy kommune, er planområdet innafor byggeområde – Fritidsbusetnad (FB16). Området er omkransa av LNF-område . Området i sjøen har nemning NFFF, som er ei forkorting for Natur, friluft, ferdsel og fiske, samt område med arealformal Fiske Fi40 som er en låsettingsplass.

### 4.2 Gjeldande reguleringsplaner

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar i planområde.

### 4.3 Tilgrensande planer

Det er ikkje tilgrensande reguleringsplanar til planområdet.

### 4.4 Statlige retningslinjer/rammer/føringar

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 1. juli 2009.
- Lov om forvaltning av naturens mangfald av 1. juli 2009.
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 1. oktober 1983.

## 5 Planområdet - Eksisterande forhold

### 5.1 Lokalisering, avgrensing og storleik

Planområdet ligg nordvest om Tuftevatnet i Tjørvåg - Herøy kommune. Område har eksisterande privat tilkomst frå Tjørvågvegen FV654 sør av planområdet.

Planområdet er avgrensa i samråd med kommune. Planområdet er på om lag 86 dekar land- og sjøareal. Landarealet i dag utgjer om lag 69 daa.





Ortofoto frå sunnmørskart.no med forslag til plangrense

## 5.2 Dagens arealbruk

I planområdet er dagens arealbruk areal på eigedommane gnr./bnr. 53/5, 53/90 (om lag 1,1daa) og 53/103 (om lag 1,1 daa).

Området inneheld ei hytte, ein einebustad og veg til sjøen. Areal utanom dette er natur utan inngrep.

## 5.3 Stadens karakter

Området er orientert med mot nordvest. Området er naturområder med mindre inngrep som veg, infrastruktur og ei hyttetomt. Området er solrikt og ikke utsatt for spesielt krevende klimamessige forhold. Området er småkupert med skrin jord der fjell stikk opp i dagen.



*Foto i planområdet. Foto frå Håvika mot sørvest*

#### 5.4 Landskap


Området ligg nord om fylkesveg omfattar eigedomane gbnr. 53/3, 53/90 og 53/103. Område ligg mellom Tuftevatnet i sør og sjøen i nord. Elveutløpet for Tuftevatne går ikkje gjennom planområdet. Store deler av området er naturområder med busker, lyng og tre på skrin fastmark. Her er fjell og berg opp i dagen. Området er i ferd med på bli meir og meir igjen grodd. Området er småkupert og har slakk helling frå i sør mot sjøen i nord (Håvika). Området strekker seg frå sjøen til ca. kote + 25m.



*Foto del av planområdet til området sett frå aust mot vest.*

## 5.5 Kulturminner

Det er ingen registrerte automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. I område er registrert 2 lokalitetar med ruin eller fjernet objekt som er SEFRAK-registrerte. Viser til Vedlagt faktaark for nr 1515 17 09 og 1515 17 10. Lokalitet 1515 17 09 er rivet og erstatta med nybygg. 1515 17 10 er der restar etter mur til bygget.



Utsnitt av plansjekk for området- Grå trekantar = ruiner, spor etter tidlegare bygging.


## 5.6 Naturverdiar

I «Naturbase» til Direktoratet for naturforvaltning. Tuftevatnet søraust av planområdet er klassifisert som viktig verdi natur og viktig for vilt og det er ørret i vatnet. ID - BN00081121.

Tjervåg osen vest av planområdet er viktig naturområder med vernestatus. VV00001950.

Begge område kjem utanom planområdet.

Viser her til kartutsnitt nedanfor og vedlegg.




Utsnitt av plansjekk for området.

### 5.7 Rekreasjonsverdi og uteområde

Det er ikkje registrert offentlige uteområde med rekreasjonsverdi innafor planområdet. Området er i dag nytta til områder for privat fritidsbygg og aktiviteter nytt til friluftsliv, båt og fiske.

### 5.8 Landbruk

I kartbasen til skog + landskap (<http://kilden.skogoglandskap.no>) er området klassifisert som open skinn fastmark berg opp i dagen. I planområdet er det registrert mindre område med skog lav bonitet. Det er ikkje registrert produktiv mark.




### 5.9 Trafikk og infrastruktur

Det er tilkomst til området med direkte avkjørsel frå fylkesveg 654. Midlare ÅDT 4110. Det er etablert busslommer og gangs og sykkelveg langs Fylkesvegen.



Foto kryss tilkomst til planområdet ved fylkesveg 654 - retning søraust. Kilde Google map.



Vegdata fylkesveg 654 Tuftene. Kilde Statens vegvesen.

#### 5.10 Barns interesser

Det er ikkje registrert spesiell aktivitet eller bruk frå born i området.

#### 5.11 Sosial infrastruktur

Ikkje relevant.

#### 5.12 Universell utforming

Områder er ikkje tilrettelagt med omsyn til universell utforming.

#### 5.13 Teknisk infrastruktur

Det er noko opparbeidd infrastruktur i området.


Forslagstiller er i ferd med å få lagt fram ny el.kabel og vassleidning til området.

Det er etablert tilkomstveg med grusdekke i planområdet.

Området har soleis gode muligheit for vidareføring og tilkopling til eksisterande infrastruktur.



*Foto del av planområdet lag eksisterende veg til området sett frå sør mot nord.*



Ortofoto gbnr. 53/5. Kilde: [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no)


#### 5.14 Grunnforhold

Det er ikkje registrert spesielle eller utfordrande grunnforholda i planområdet.

#### 5.15 Støyforhold

Det er ikkje registrert at det er uakseptable forhold tilknytt støy.

Planområdet kjem ikkje i berøring støysoner til fylkesvegen vist i kartutsnitt nedanfor.



#### 5.16 Luftforurensing

Det er ikkje registrert at det er uakseptable luftforurensningar i området.

#### 5.17 Risiko og sårbarhet (ROS)

Det er ikkje knytt uakseptabel risiko knytt til område.

#### 5.18 Næring

Ikkje relevant.

#### 5.19 Analyser og utgreingar

Det vart ikkje avdekt spesielle krav til utgreiningar ved varsling av planen. Det er for FB16 ikkje gjort spesielle avmerkingar konsekvensanalyse for natur, miljø og samfunn til Kommuneplanen. Det er krav om reguleringsplan ved tiltak.



## 6 Planforslaget

Planforslaget er utarbeidd av Sporstøl Arkitekter AS i samarbeid med forslagsstiller.

### 6.1 Planlagt arealbruk og formål

Den framtidige utviklinga av området ligg godt til rette for utvikling av et attraktivt område for fritidsbusetnad. Forslagstiller ser det som særst viktig at det blir etablert et anlegg som gir mulighet for å kunne ha båt og drive med aktivitet som knytt til sjø.

Området gjeld deler av eigedomane Gnr. 53 Bnr. 5 - Håvika på Gurskøya i Herøy kommune. Området inkluderer ei bustadtomt ( 53/90) og en hytte tomt (53/103).

Området planlagt med 11 ny fritidsbygg, 8 nye rorbuer og 8 nye naust med tilhøyrande bryggeanlegg som har minimum kapasitet på 16 båtar. Det er også planlagt 3 ny einbustadtomter.

Areal på planområdet totalt på ca. 86,1 dekar.  
Av dette er om lag 17,3 daa i sjø.

Planlagde byggjeområde for bustadar, fritidsbygg, rorbuer og naust, felles veger er om lag 35 dekar. Av dette er om lag 4 daa som er regulert for sjøareal felles privat småbåthamn. Nye og eksisterande bustad/hytter/orbuer/naust utgjer om lag 23 daa. Område for felles vegtilkomst/parkerings/teknisk anlegg vil utgjer om lag 8 daa. Areal for felles privat småbåthamn er om lag 4,1 dekar.

Resten av areala er planlagt som felles friluft og grøntområde på land og i sjø er om lag 51 dekar.

Parsellen har om lag 1620 meter sjølinje. Av dette er 480 meter med i planområdet der 80 meter er planlagt for bryggeanlegg/landfeste og rorbuer. Resten som er om lag 400 meter er område planlagt regulert for strandsone med grøntstruktur, badeplass og friluft/rekreasjon.

#### NØKKELDATA/AREALBRUK

Planforslag med føresegner og arealtabell er vist nedanfor og i vedlegg V1 - plankart og føresegner.

Område	Størrelse daa	Arealbruk/formål	høgd BYA%	Ev. kommentar
<b>§ 12-5. nr.1 Bygningar og anlegg:</b>				
BSF1 - BSF3	4,7	Bustader - frittliggjande småhus (Sosi-kode 1111)	Maks møne 9m, gesims 7,5m. Maks BYA% =30%	Områda er regulert med byggegrenser. 3 nye bueiningar. Krav til 2 biloppstillingsplasser
BFF1- BFF7	14,7	Fritidsbusetnad frittliggjande (Sosi-kode 1121)	Maks høgd Møne7 m. Maks BRA = 100m2	Områda er regulert med byggegrenser. 11 nye fritidsbygg. Krav til 2 biloppstillingsplasser.
BFK1-BFK2	1,2	Fritidsbusetnad konsentrert (Rorbuer) (Sosi-kode 1122)	Maks høgd 10m. Maks BRA = 80m2	Områda er regulert med byggegrenser. Parkeringsplasser på f_SPP. 8 nye rorbuer Krav til rekkjefølgje.

Område	Størrelse daa	Arealbruk/formål	høgd BYA%	Ev. kommentar
f_BAT1-f_BAT2	0,2	Anna offentlig eller privat tjenesteyting (renovasjon m.m.) – felles – (Sosi-kode 1169)		Regulert i føresegner og plankart.
f_BBS	0,6	Småbåtanlegg i sjø og vassdrag til tilhørende standsone (Landfeste flytebrygge og båtopphal) – felles (Sosi-kode 1588)		Regulert i føresegner og plankart. Krav til rekkjefølgje.
BUN1 – BUN2	1,0	Naustrekkjer (Sosi-kode 1589)	Maks høgd 6,5m. Maks BRA = 60m2	Områda er regulert med byggegrenser. 8 nye naust. Krav til 1 biloppstillingsplasser.
f_BLK	0,6	Lekeplass – felles (Sosi-kode 1610)		Min. krav til utsyr.
f_BKB	0,7	Kombinert byggje- og anleggsformål (serviceveg og infrastruktur) – felles (Sosi-kode 1800)		Område for serviceveg til rorbuer og småbåthamn og teknisk anlegg. Regulert i føresegner og plankart.
Delsum	23,8			
<b>§ 12-5. nr.2 Samferdsel, anlegg og infrastruktur.</b>				
f_SKV1- f_SKV5	4,2	Kjøreveg – felles (Sosi-kode 2011)	-	Eksisterande og nye vegar
f_SPP	0,3	Parkering – felles (Sosi-kode 2082)	-	Nye felles parkering Krav til rekkjefølgje.
f_AV1- f_AV5	0,6	Annan Veggrunn (Sosi-kode 2018)	-	
Delsum	5,1			
<b>§ 12-5. nr.3 Grøntstruktur.</b>				
G1 – G3	31,8	Grøntstruktur –grøntdrag (Sosi-kode 3001)	-	I område G1 kan det tillast å føre anlegg grøfter lendingar for VA
f_GF1- f_GF2	7,4	Friområde – felles (Sosi-kode 3040)	-	I område GF kan det tillast stiar og å føre anlegg grøfter lendingar for VA.
f_GB	0,8	Badeplass – felles (Sosi-kode 3041)	-	I området kan det oppførast mindre bygg.
Delsum	39,9			
<b>§ 12-5. nr.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandzone</b>				
f_VS	4,1	Småbåthamn – felles (Sosi-kode 6230)	-	Områder for flytebrygge til småbåt.
VFS	11,8	Friluftsområde med tilhørende strandzone (Sosi-kode 6720)	-	Sjøområde for almen bruk og ferdsl
f_VB	1,4	Badeplass - felles (Sosi-kode 6770)	-	
Delsum	17,3			
<b>Samla areal planforslag</b>	<b>86,1</b>			

Områda for hytter er lokalisert nord og sør i planområdet.

Deler av området på land er planlagt med føremål bygg og anlegg Hytter, naust, rorbuer og bustadar.

Deler av sjøarealet er planlagt regulert for småbåthamn.

Registrerte ruiner i kulturatlasen vil komme innfor planområdet. Den eine at disse er fjerna og det reist et nybygg. Det er ikkje planlagt inngrep i det andre området då dette vil bli ein del av grøntstrukturen i området.

Tilkomst, infrastruktur, VA i område kan verte knytt til eksisterande anlegg i planområdet. Infrastruktur skal graderast opp og vert tilpassa planlagt utbygging. Områda vert knytt til eksisterande privat veg som har tilkomst til Riksveg 654 i sør. For VA-anlegg er det planlagt separat slamavskiljarar eller en felles anlegg ved småbåthamna i område f\_BKB. Vatn og el/tele er planlagt lagt i eller ved vegar i planområde.

### 6.3 Bygg si plassering og utforming

Ulike storleikar og typar dekker ein større marknad. Planen fylgjer rammer gitt i føresegnar til kommuneplanen.

Plasseringer butadar, hytter, naust og rorbuer er vist på plankartet men er berre resningssivande.

Det er lagt førningar som gir bygg som har tradisjonell utforming.

Det er valgt å konsensere inngrep som ligg i sjøkanten. Bygg og anlegg: Båtopphal, brygge og landfeste samt rorbuer er klart avgrensa med føremål og samla på ein plass i sjøkanten. Halvparten av rorbuer og alle nausta er trekt inn på land. Dette gir et klart visule begrensning inngrep i standsona sett frå sjøen.

Bustadar og hytte er frittliggjande og har romlige tomter og med spredning på fleire små felt.

#### **Frittliggjande bustadar:**

Det er vurdert at er mulig å kunne etablere 3 nye tomter for bustadar.

Rammer for dette er føresegnar i kommuneplanen og PBL.

Grad av utnytting: maksimum bebygd areal %BYA = 30%.

Mønehøgde som ikkje overstig 9,0 meter og gesims 7,5 meter målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget.

Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrænse er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomte gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal. Parkeringsbehovet er føresetta dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport.

#### **Hytter, fritidsbustadar:**

Det er planlagt 11 nye hytter, fritidsbustadar.

Maksimum bruksareal BRA inntil 100 m<sup>2</sup>.

Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 7,0 m og gesimshøgda inntil 5,0 m målt ut frå gjennomsnittleg eksisterande terreng rundt bygget.

Bygg skal utformast med sal- eller pulttak.

Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m. Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m<sup>2</sup>.

#### Rorbu:

Det er vurdert at er er mulig å kunne etablere 8 nye rorbuer.

Maksimum bruksareal BRA inntil 80 m<sup>2</sup>.

Mønehøgda rekna frå topp golv nærmast sjø skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Bygg skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.

Det kan lagast til båtopphal frå sjø til naust/rorbuene, og terrassar kan lagast inntil naustfasadar bak naust/rorbu og som vender i frå sjøen.

#### Naustrekker:

Det er planlagt 8 nye naust inntil 60 m<sup>2</sup>.

Grad av utnytting: maksimum bruksareal BRA inntil 60 m<sup>2</sup>.

Mønehøgda rekna frå topp golv skal avgrensast til maksimalt 6,5 m og gesimshøgda inntil 5,0 m. Nausta skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.

Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.

Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

#### Båtopphal og småbåtbrygge:

Det er planlagt anlegg med flytebrygge og båtopphal i sjøen.


### 6.4 Parkering og tilkomst

Tilkomst til området er uendra. Veger vert oppgradert og i nokre parti lagt noko om for å få betre stigningsforhold. Vegen er dimensjoner for hastighet maks 30 km/t og liten lastebil.

Viser her til prinsipp tverrprofil nedanfor og vedlagt situasjonsplan/lengdeprofilar vedlegg V4.

Parkering vert på eigen grunn i planområde for bustader, fritidsbygg og naust. For rorbuer er det regulert felles parkering i område f\_SPP. Denne parkeringsplassen vil ha kapasitet til nokre gjesteplassar.

### ADKOMSTVEG A1, >3 og <50 bueiningar



Prinsippskisser utforming av felles tilkomstvegar. Kjelde: Rettleiar til Herøy kommune


## 6.5 Teknisk infrastruktur

Den tekniske infrastrukturen skal oppgraderast der nye bygningar vert tilkopla. Felles slamavskiller vert etablert. Føringsveggar for den nye infrastrukturen er for det meste den same som eksisterande anlegg. Nye grøfter blir i hovudsak ført langs nye vegar og formål f\_SKV, f\_BBS og f\_BKB.

Innanfor byggeområda i formåla f\_BAT kan det førast opp trafokioskar, samleplass renovasjon og andre tekniske innretningar der det er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bygg elles i område.

Før utbygg skal det utarbeidast ein samla detaljplan for vegar, vatn, avløp, renovasjon og andre tekniske anlegg. Samla teknisk plan skal godkjennast av kommunen.

Avløpsleidning skal førast ut i og på tilstrekkeleg djupne og i samsvar den gjeldande reglar.



Utsnitt forslag reguleringsplan med plan for kablar, avløp og vatn.

## 6.6 Uteareal tilhøyrande byggareal

Fellesføresegner gir fylgjande regulering:

*Uteareal tilhøyrande byggeareal: Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.*

*Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.*

## 6.7 Uteopphald, friluft og leik

Område for leikeplass. Område f\_BLK er fellesområde for bygg i områda BSF, BFF og BFK i planområde. Område skal minimum ha ei sandkasse, ein benk og noko fast dekke. Området ligg sentralt o planområdt og med kort avstand frå felles tilkomstveg og friluftsområdet som dannar tilkomst til felles regulert friluftsområde f\_GF og badeplass f\_GB ved sjøen. Området om lag 500 m2 og kan karakteriserast som nærleikeplass. Område for friluftsområde og badeplass på land er samla om lag 8,4 dekar.

Det er i plan stilt krav til rekkjefølgje om etablering av leikeplassen.

## 6.8 Kulturminner

Viser til merknad for Bergen sjøfartsmuseum og registrering gjort av fylkeskonservators arkeolog i høve til Kulturminne vart gjennomført sommaren 2016.

Det var ikkje registrert funn under denne registreringa.

Det er tatt med fylgjande føresegn i planen.

*Kulturminne: Dersom ein under utbygging av planområdet kjem over automatisk freda kulturminne i grunnen eller i sjø pliktar ein å stoppe arbeidet, og ta kontakt med fylkeskommunen for avklaring. Om det under opparbeiding av tiltak i sjø skulle påvisast skipsvrak, må arbeid stansast. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum skal då undersøke funn før eventuell frigjeving av området, og arbeid kan vidareførast.*

## 7 Konsekvensar av planforslaget

Her er verknader og konsekvensar av gjennomføring av planen skildra og vurdert.

Konsekvensar vert skildra når planer avviker frå vedtatt overordna planar, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt og når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Avbøtande tiltak skal då skildrast.

Plandokumentet vert utarbeida etter rettleiar til Reguleringsplan T-1490, utgitt av Miljøverndepartementet i 2008.

På oppstartsmøte med kommunen vart det konkludert med at plan ikkje vil medføre KU etter «Forskrift om Konsekvensutgreiing § 4». Det vart heller ikkje stilt krav til dette frå andre instansar.

### 7.1 Overordna planar

Det er lagt inn byggområde i bukta ved Håvika som ikkje er heilt i tråd med arealplanen.

For at ein skal kunne gjennomføre slike utbyggingsplanar økonomiske er det naudsynt med gode og attraktive sjønære fasilitetar. Vi har i planen minimert inngrep i standsona til til ca 80 meter, der det vil vere område for felles landfeste småbåthamn og båtopphal. Ved å plassere nokre rorbuer i same området er dette med på å skape et tradisjonelt naustmiljø.

Øvrige byggeareal er meir enn 30 meter frå strandsone.

I tillegg er det sett av områder som felles badeplass som er allment tilgjengelig. Det ligg til rette for at god tilgjenge for alle.

Planen er i stor grad i tråd med kommunen sine overordna plan og det ligg til rette for eit attraktivt fritidsanlegg ved Håvika slik det er planlagt.

### 7.2 Terrengtilpassing, bygg og anlegg

Viser til plankart, føresegner og illustrasjonar.

I plankart med føresegner er det regulert bygg og anleggs området med byggegrenser.

Det er nytta områder med eksisterande inngrep. Bygga er regulert med høgder og storleikar som er i tråd med føresegner til overordna arealplan for kommune. Anlegg utanom bygg er regulert med omsyn til utform og tilstelling.

Omsynet til terrengtilpassing og rammer for byggutforming er godt i varetatt i planen.

### 7.3 Konsekvensar for andre grunneigarar, naboar og gjenbuarar Viser til merknadar for naboar etter forvarsling planarbeid.

Eksisterende tilkomst er regulert med omsyn til oppgradering og vedlikehald under gjennomføring av utbyggingsplanane. Tilgjengelegheit til området vil bli betra for alle. Med bakgrunn i dette vil utbygging ha liten innverknad på forholdet til naboar til planområdet. Samla sett vil tiltaka i planen ha klar overvekt av positive verknad for området.

### 7.4 Trafikk og parkeringstilhøve

Dette er regulert i plankart, føresegner.

Det er planen inn felles vegar og parkeringsplass i området som er open for allmenta. Samla sett vil tiltaka i planen ha klar overvekt av positive verknad for området.

### 7.5 Friluftaktivitet, natur og born og unge sine interesser i nærmiljøet

Dette er regulert i plankart, føresegner.

Det er i planen regulert store felles friluftsområder, badeplass og et område for nærleik. Området som er open for allmenta. Samla sett vil tiltaka i planen ha klar overvekt av positive verknad for området.

### 7.7 Kulturminne

Planen har fellesføresegn som regulerer om det skulle vert gjort funn i sjø eller på land med om syn til varsling ved eventuelle funn.

### 7.8 Risiko og sårbarheit

Viser til sjekklister vedlegg 5.

Området skal tilførast ny vassleidning. Eksisterande tilkomst skal verte utbetra. Vegane i området skal dimensjonerast for liten lastebil. Næraste brannstasjon er i Myrvåg som er om lag 10 min unna. Dette sikrar sløkkjevatt og tilkomst for utrykkingskjørety til bygg og anlegg i området.

Det er elles ikkje påvist særlig risiko i området.

I fylgje NGU sin kartbase er nivå av aktsomheit i området i høve til radon klassifisert moderat til lav. Krava i teknisk forskrift til PBL er tilstrekkelig for denne saka.

## 8 Medverknad i planprosessen.

Viser til vedlagt dokument V7 med kopi av politiske behandling av oppstart planarbeid, og kommentarar til merknadar/fråsegner som er innkomne etter varsling om oppstart.

Med bakgrunn i oppstartmøte og vedtak om løyve til oppstart planarbeid og vart planarbeidet forvarsla. Dei ulike høringsinstansar, grunneigarar og naboar fikk då få varselet tilsendt skriftleg.

Det vart i tillegg kunngjering, plankonsulentten og kommunen sin nettsider. Frist for innspel vart sett til 4-5 veker.

Formell saksgang ifølge PBL sikrar at kravet til medverknad vert ivareteke gjennom offentlig ettersyn av utarbeidd planforslag. Merknadar etter varslinga er vurderte i dette planframlegget.

Vi meina at alle medverknad er godt i varetatt.

## 9 Avsluttande kommentar

Med bakgrunn i dette plan vil vi på vegne av forslagsstiller be om at utvalet for plansaker behandlar planforslaget i samsvar til plan- og bygningsloven (PBL) § 12-3 og §12-11.

Med helsing

---

Ingeniør Bjørnar Sporstøl  
Telefon: 9186 8794  
E-post: [bjornar@sporstol.no](mailto:bjornar@sporstol.no)

Vedlegg: V1 Detaljregulering Håvika, datert 28.02.2017.  
V2 Føresegner detaljregulering Håvika, datert 28.02.2017  
V3 Illustrasjonar til planen.  
V4 Lengdeprofiler på veier.  
V5 Sjekklist ROS  
V6 Vurdering i forhold til Naturmangfaldlova §§ 8 til 12.  
V7 Merknadar etter varsling start planarbeid med vurdering.  
V8 Uprenta vedlegg. Kopi av dokument forvarsling


Med kopi til: Forslagstiller





UV

Herøy kommune  
Pb 274  
6099 Fosnavåg



### Trekking av motsegn

### Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Håvika gnr53 bnr5 m.fl. område FB16

Fylkesmannen fremja i brev av 31.05.2017 motsegn til planframlegg for regulering av Håvika i Herøy kommune. Motsegna var grunngjeven med omsyn til friluftsliv i strandsona. Herøy kommune har kome oss delvis i møte i sitt brev av 05.09.2017. Med dei endringane som no ligg føre, kan ålmenta bruke bukta som rekreasjonsområde, og småbåthamna får også ei justert plassering av same årsak. Fylkesmannen hadde også motsegn til båtopptrekket, men med dei endringane som no er gjort, ser vi at frilufsinteressene til ålmenta i mykje større grad er sikra. Endringane gjer også at planen oppfyller krava til samfunnstryggleik. Vi kan difor trekke motsegna.

Reguleringsplanen kan med dette eigengodkjennast for vår del.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef - plansamordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

#### Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf.: 71 25 84 89

#### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 06.04.2017 08:14:16

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Håvika - GBnr 53/5 - Herøy kommune

---

**Fra:** Systad Terje [<mailto:tes@nve.no>]

**Sendt:** 5. april 2017 14:01

**Til:** postmottak

**Emne:** Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Håvika - GBnr 53/5 - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Håvika.

Med helsing

**Terje Systad**

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 59

E-post: [tes@nve.no](mailto:tes@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)



## Detaljreguleringsplan for Håvika, 2015/1384

Kommentar til punkt 6.5 i Planomtale:

Her ser jeg at avløp fra slam utskiller (septiktank) fra min eiendom 53/90, er lagt om i uberørt terreng. Her må eksisterende avløp fra min eiendom 53/90 gå urørt til den møter tomt BFF6.

Det gir ingen mening i å bryte opp urørt lyng terreng for å legge avløp om slik skissen viser på side 19 i planomtalen.

Jeg ber herved om at avløps ledingen fra 53/90 blir liggende urørt inntil denne kommer i konflikt med utbygging av tomt BFF6 eller BFF5.

For hytte tomter BFF5-6-7, er målsetningen å opparbeide disse med minst mulig inngrep i terrenget og bevare bergknauser og lyng vegetasjon slik det står å lese i planomtalen 6.6

Uteareal tilhørende byggeareal: Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert. Planen regulerer og at inngrep skal tilordnast, og det skal nyttast stadlege masser som topplag på grøfter, vegskråningar og liknande.

Mvh  
Halvard Thorseth  
53/90  
Tuftene 11  
6070 Tjørvåg

Vedlegg: 5

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Veg nr	Saksten
<b>23 MAI 2017</b>	
Ark kode F	
Ark kode S	
J nr	Dok nr
Plussasjon	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/1384	05.04.2017	47392/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	23.05.2017

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan, privat - Håvika gbnr 53/5 mfl. - område FB16 - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfaglege merknader

Vi har gått gjennom plandokumenta og finn desse å vere grundig gjennomarbeida. Vi ønskjer likevel å trekke fram kapittel 7. i planomtalen, som i større grad kan bli utforma som tilnærma objektive vurderingar av planforslaget's verknader, framfor argumentasjon for val ein har teke i prosessen, som til dømes «... vi meiner tiltaka i planen har... osv.».

Eventuelt revidering vil truleg ikkje endre grunnlaget for planforslaget, men gjere planomtalen utforma meir i samsvar med intensjonen i plan- og bygningslova § 4-2, første ledd.

### Barn og unge

I planområdet er det lagt opp til frittliggande einingar oppe i høgda og konsentrerte einingar nede ved sjøen. Leikeplassen er i denne samanhengen lokalisert ved innkøyringa til ei klynge frittliggande fritidsbustader, nær inngangen til feltet. Vanlegvis vil ein unngå ei plassering nær eit vegskile, særskilt om trafikken er stor. I denne samanhengen vil trafikken truleg være relativt liten.

Når ein ser heile planområdet samla, med både frittliggande og konsentrerte einingar, ønskjer vi likevel å stille spørsmål om dette er den rette plasseringa. Vil området kunne ha meir nytte av om leikearealet låg nærare dei konsentrerte fritidsbustadene, som ikkje vil få same uteoppholdsareal som dei frittliggande einingane? Eventuelt på flata ovanfor desse?

### KONKLUSJON

Vi viser til saksutgreiinga ovanfor og rår til at våre merknader vert vurdert i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 29.05.2017 08:24:20 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Detaljreguleringsplan for Håvika.2015/1384

---

**Fra:** Anne-Kathrine Løberg  
**Sendt:** 26. mai 2017 19:45  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Detaljreguleringsplan for Håvika.2015/1384

Ut frå våre saksområder har vi ingen merknad til planen for detaljregulering av Håvika.

Helsing

**Anne-Kathrine Løberg**  
Landbrukssjef  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
*Tlf. 70084670 Dir. 70084671*

[www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr	Sakssett
- 6 JUNI 2017	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr	
Kassasjef	

## Herøy kommune

### Detaljregulering - reguleringsplan for Håvika gnr53 bnr5

### Offentleg ettersyn - Motsegn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Føremålet med planen er å legge til rette for framtidig utvikling av eit område for fritidsbygg med hytter, rorbuer og naust, i tillegg til å legge til reguleringsføremål i sjø med brygger og opphald for småbåt.

Planområdet ligg i gjeldande kommuneplan som område for fritidsbustader, LNF-område og NFFF (natur, friluft, ferdsel og fiske) samt område med arealføremål fiske (Fi40) som er ein låssettingsplass. Ut frå kommuneplanen er det eit belte på om lag 30 meter med LNF-sone frå strandkanten og opp til det som er sett av til byggeområde. Det betyr at den delen av planframlegget som inneber bygging i strandsona, ikkje er i samsvar med kommuneplanen.

Planområdet utgjer om lag 86 dekar land- og sjøareal. Landarealet utgjer om lag 69 dekar, og stor deler er naturområde med busker, lyng og tre på skrin fastmark. Her er fjell og berg i dagen.

#### Natur- og miljøvern

Planframlegget legg til rette for 11 nye fritidsbygg, 8 nye rorbuer og 8 nye naust med tilhøyrande bryggeanlegg med minimum kapasitet på 16 båtar. Det er også planlagt 3 nye einbustadtomter.

Bukta der framlegget legg opp til rorbuer og småbåtanlegg, har beste kvalitetane på denne strandstrekninga for opphald, leik og bading. Elles går terrenget bratt ned i sjøen i det aller meste av området.

I vår fråsegn ved oppstart uttala vi at sjølve bukta må sikrast for ålmenn ferdsel. Planframlegget som no ligg føre, nyttar i praksis heile bukta til rorbuer og småbåtanlegg. Dette vil innebære at ein byggjer ned den mest attraktive strandsona innanfor området,

og den som best eignar seg til bading og leik - spesielt for barn. Resten av strandsona er langt mindre tilgjengeleg då det stort sett er relativt bratt ned til sjøen alle stader. Rorbuer er å sjå på som fritidsbustader, altså hytter, og vil privatisere området rundt seg på same måte som hytter og bustader gjer. Planframlegget legg såleis opp til ei nokså omfattande utbygging til fritidsføremål og delvis til bustader litt lenger oppe i terrenget, men byggjer samstundes ned og privatiserer den beste delen av den naturleg tilhøyrande strandsona. Vi kjenner ikkje til om bukta i dag er mykje nytta av dei som bur i nærområdet, men den nyetableringa som planframlegget vil medføre vil i alle fall gjere strandsona ettertrakta om den ikkje er det frå før.

Vi ser at det i planframlegget er merka eit område f\_GB (friområde) som er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Dette ser ut til å vere ein mindre attraktiv del av strandsona, som er mindre eigna til bading og leik for barn enn området inne i bukta. Det er også sett av eit område f\_VB, badeplass i sjø. Strandsona innanfor gjer dette området mindre eigna for små barn og andre som ikkje er symjedyktige.

Nausta er trekt opp frå sjøen, slik at dei ikkje legg beslag på strandsona. Dette er positivt. Men når planen nyttar strandsona i bukta til rorbuer, medfører dette at ein legg til rette for privatisering av den «beste» delen av strandsona og til ulempe for alle andre i området.

Ut frå plan- og bygningslova § 1-8, skal ein i 100-metersbeltet langs sjøen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Etter vårt syn legg planframlegget opp til ei utnytting av strandsona som strid mot omsynet til friluftsliv i området. Vi rår difor til at ein tar ut BFK (rorbuene) og BBS (privat felles småbåtanlegg på land) frå planframlegget, slik at bukta og det vesle neset kan nyttast av ålmenta til rekreasjon og opphald. I tillegg må VS (småbåthamn – felles) enten innskrenkast eller flyttast, slik at strandsona sin verdi som utgangspunkt for bading og leik i sjøkanten er sikra og ikkje kjem i konflikt med småbåtanlegget. Inntil planframlegget er endra i tråd med dette, fremmer vi motsegn mot planen.

### **Samfunnstryggleik**

Fylkesmannen saknar ei synleggjering av kva vurderingar som er gjort i høve havnivåstigning og stormflo mot planområdet. Planområdet grensar mot sjø, og det er derfor vere naturleg å inkludere ei vurdering av havnivåstiging og stormflo i ROS-analysen. Sjølv om havnivåstiging og stormflo ikkje er vurdert i planen, ser vi at det i føresegnene er satt krav koter for golvhøgde i naustdel av rorbuer (+1,3 til +2,5) og golv for varig opphald (+3).

Fylkesmannen minner om at rorbuer vil høyre inn under tryggleiksklasse F2, og skal stå trygt for 200-årsstormflo jf. TEK10 §7-2. DSB har gitt ut ein rettleiar for havnivåstigning og stormflo. Denne kan nyttast til å vurdere tilstrekkeleg trygg byggjehøgde for rorbuene. Vi gjer merksam på at høgda for havnivåstiging frå rettleiar til DSB er utan lokal vurdering av vind- og bølgepåslag som vil gjere den reelle høgda høgre.

Med bakgrunn i rettleiaren til DSB, kan vi ikkje sjå at krava til golvhøgde for rorbuene er tilstrekkeleg til å oppfylle tryggleikskrava mot stormflo i TEK10. Dersom ein vel å plassere



rorbuene lågare enn venta 200-årsstormflo, må den delen som overfløymast utformast på ein måte som toler overfløyning og bølgepåverknad. TEK10 § 7-2 opnar for ei slik løysing mellom anna der det ikkje er praktisk mogleg å plassere tiltak tilstrekkeleg trygt mot stormflo.

ROS-analysen har ikkje vurdert om planområdet er utsett for stormflo og havnivåstiging. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av kva som vil vere tilstrekkeleg tryggleik. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot havnivåstiging og stormflo for rorbuene, jf. TEK10 § 7-2. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen motsegn til planen.

### **Konklusjon**

Vi fremmer motsegn mot planframlegget når det gjeld rorbuer (BFK) og småbåtanlegg på land (BBS), jf. merknad ovanfor.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland (e.f)  
fagsjef – plansamordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

### **Kopi:**

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen  
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund  
Statens vegvesen Region midt      Postboks 2525 6404    MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune    Fylkeshuset      6404    Molde



**Statens vegvesen**



**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Ole Magne Rotevatn

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
15/255909-6

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.04.2017

**Fv 654 – Herøy kommune – Reguleringsplan – Håvika – Gnr. 53 bnr. 5 m.fl –  
Område FB16 – Offentleg ettersyn – Uttale**

**Viser til brev av 5.4.2017 frå Herøy kommune.**

**Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Håvika.**

**Vi har ikkje særskild merknad til planframlegget.**

**Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing**

**Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef**

**Hallvard Sæverud**

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Kopi**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE**

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/552
		Arkiv:	026

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/17	Arbeidsmiljøutvalet	16.10.2017
163/17	Formannskapet	17.10.2017
124/17	Kommunestyret	26.10.2017

### INTERKOMMUNALE SAMARBEID PÅ KOMPETANSEKREVJANDE FAGOMRÅDE

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019.

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.

Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering.

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 16.10.2017**

Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.

Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering.

### **Tilråding:**

Herøy kommunestyre er positiv til å utarbeide eit interkommunalt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak og kart/oppmåling seinast frå 1 januar 2019

Herøy kommune og Vanylven kommune ynskjer å utarbeide ein samarbeidsavtale om å etablere felles administrativ brannsjefsstilling frå 1. januar 2019.

Herøy kommune skal ved eit slikt samarbeid ta ut ein effektiviseringsgevinst i løpet av prosjektperioden.

Samarbeidsprosjektet går over 2 år med påfølgjande evaluering.

Særutskrift:

Kommunalsjef samfunnsutvikling  
Vanylven kommune v/rådmann

## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Utfallet av kommunereforma er at Herøy fortset som eiga kommune. Dette aktualiserer kva interkommunale samarbeid kommunen skal gå inn i. Det er tilrådd eitt samarbeidsprosjekt med Vanylven kommune der ein finn gode tenestesarbeid på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak, kart/oppmåling og administrative ressursar i brannvernet.

I april 2017 vart det tok administrasjonen i Vanylven kommune kontakt med Herøy kommune for å lufte evt interesse for eit samarbeid på ulike fagfelt. Telefonmøtet munna ut i semje om at begge kommunane vil ha både glede og nytte av eit samarbeid på desse fagfelta. Herøy kommune er om lag 3 gonger større enn Vanylven, men ein slit like fullt med sårbare miljø og tidvis stort press på tenestene.

Det var semje om at Herøy i første omgang utarbeider eit utkast til sak til Herøy kommunestyre, og så langt det passar vil Vanylven gjere seg nytte av same saksutgreiinga. På dette viset får begge kommunane same ståstad for vedtaksprosessen

### **Saksopplysningar:**

Sjølv etter at Stortinget har vedteke endringane i kommunestrukturen, vil Norge framleis vere kjenneteikna av mange og svært ulike generalistkommunar med ansvar for utvikling og gjennomføring av dei offentlege oppgåvene på lokalt nivå. Dersom 430 kommuner og 19 fylke blir til 350 kommunar og 12 regionar, endrar ikkje ved denne konstruksjonen. Generalistprinsippet, det vil sei idéen om at alle kommunar og fylkeskommunar skal tilby det same, både kvantitativt og kvalitativt, består. Eit kommunalt tilbod skal i prinsippet tilbydast likt – innanfor visse rammer – frå kommune til kommune.

Kombinasjonen av små og mellomstore kommunar med spreidd busetnad, store avstandar, krav til generalistkommunar skaper utfordringar for kommunane. Utfordringane ser ein iallfall langs tre aksar: effektivitet, kvalitet og styring.


### **Effektivitetsutfordringa**

*Effektivitetsutfordringa* går på til dels store variasjonar i kostnader av enkelttenester frå kommune til kommune. For Vanylven sin del viser m.a. KS sine kostra-analysar at det ikkje er på effektivitet og kostnader ein har mest å hente. Vanylven kommune har levert på kostnadsreduksjonar gjennom nødvendige strukturendringar. Vanylven ser det likevel openbart ineffektivt å oppretthalde eigne funksjonar eller avdelingar når nabokommunar samarbeider om desse fagområda fordi det vert for smått og sårbart åleine.

Herøy kommune sine Kostra analyser viser som Vanylven at ein stort sett driv godt, men har effektivitetspotensiale somme stadar.

## Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger

\*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	55	13	-47	20
Ulstein	-31	42	41	49
Hareid	27	98	9	179
Volda	37	41	26	82
Skaun	53	143	34	190
Vanylven	198	69	-38	-50
Kostragruppe 08	-1	5	-4	17

### Forklaring:

Figuren viser kommunenes utgifter til de oppgavene som kan selvfinansieres, nemlig byggesak, deling, kart og oppmåling. Herøy hadde netto utgift på 20 kroner per innbygger på disse tjenestene i 2016. Det er omtrent det samme som gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og lavest blant sammenligningskommunene. Kommunen har utnyttet mulighetene til å finansiere disse tjenestene med gebyr fra søkerne.

Utgiftene har vært ganske stabile de siste fire årene.


## Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	167	137	70	229
Ulstein	13	14	13	117
Hareid	155	152	178	197
Volda	117	152	166	184
Skaun	73	95	103	215
Vanylven	344	238	298	230
Kostragruppe 08	57	75	89	89

*Netto driftsutgifter har variert innanfor fagområdet.*

## Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	1,0 %	1,1 %	0,8 %	1,2 %
Ulstein	0,2 %	0,3 %	0,4 %	0,8 %
Hareid	0,5 %	0,4 %	0,5 %	1,1 %
Volda	0,7 %	0,8 %	0,8 %	1,0 %
Skaun	1,5 %	2,4 %	1,2 %	1,5 %
Vanylven	1,5 %	0,9 %	0,6 %	0,4 %
Kostragruppe 08	0,5 %	0,6 %	0,6 %	0,6 %

*Kostnader til planlegging er relativt stabile .*

### Kvalitetsutfordringa

Som nevnt er det nok *kvalitetsutfordringa* som over tid er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa av kommunale oppgåver som krev spesiell kompetanse. Kommunane på søre Sunnmøre erfarer at krav til kompetanse og spesialisering gjer samarbeid nødvendig, og sjølv om tenestesamarbeid i mange år har vore avgrensa til enkel samordning.

Kommunereforma legg til grunn at samarbeid innanfor visse kjerneoppgåver vil auke i omfang framover. Vanylven vert ståande ufrivillig åleine og ønskjer tettare tenestesamarbeid med nabokommunar. Behovet for interkommunale samarbeid er for Vanylven presserande, både på kort og lengre sikt, jf. tilrådingar frå fylkesmannen, KS og rådmannen i Vanylven.

Etter dialog mellom kommunane på administrativt nivå er det mest naturleg å samarbeide om typiske driftsoppgåver som til dagleg ikkje omhandlar prinsipielle saker der folkevalde organ skal seie sitt. Styringa bør føregå gjennom føringar i planar og tildelingsbrev.

Når det no vert lagt opp til eit løp for eit utplukk fagområde der det er naturleg og aktuelt å inngå interkommunale samarbeid, så er det gjort med grunnlag i egne behov og dei prosessar som vi kjenner til pågår innanfor desse områda.

Kort om status for dei aktuelle fagområda:



### *Plan/bygg/oppmåling*

Mange kommunar på vår størrelse opplever press på plankapasitet og – kompetanse. Den naturlege konsekvens er ofte at overordna planverk ikkje vert rullert, og at det vert meir krevande å utarbeide reguleringsplanar /detaljplanar og gjere desse rettskraftige. Sjølv om kompetansen og effektiviteten i dag er god på plan i vår kommune må vi tenke framover for å bygge gode og sterke fagmiljø som sikrar god og sikker rekruttering. Eit interkommunalt samarbeid i første omgang med Vanylven vil vere eit første ledd i dette.

Byggesak er eit viktig fagområde som er sårbar i vår kommune. Eit samarbeid på tvers av kommunene vil sikre ei klar styrking av sakshandsamingskapasiteten totalt sett for begge partar. Samarbeidet vil auke kompetansen, effektivitet og bidra til å bygge gode og sterke fagmiljø.

Oppmåling og kart er eit satsingsområde i vår kommune, men på same måte som for byggesak kan det vere sårbart. Eit samarbeid på tvers av kommunene vil gi ei klar styrking på kompetanse, effektivitet og bidra til å bygge gode og sterke fagmiljø. Vårt fagmiljø er i dag involvert i samarbeid over kommunegrensene m.a med ansvar for kartbaser i Volda, Sande og Vanylven på felles QMS server.

### *Brannvernet (administrativ del)*

Kommunen har i dag ein brannsjef i 50% stilling og 2 heile stillingar knytt til beredskap og førebygging. Det er mange oppmodingar frå m.a. Direktorat og fylkeskommune om å innføre interkommunalt samarbeid om denne stillinga. Det byr på og vil by på stadig større utfordringar framover å dekkje brannområdet på ein god måte og samstundes innfri dei lovmessige krava.

Førebelse vurderingar syner at det bør vere mogleg å etablere ei god interkommunal ordning for dei administrative ressursane godt innanfor dei økonomiske rammer som no vert nytta. Det bør vere lettare å løyse desse oppgåvene i eit samarbeid enn om kvar kommune skal ha eigen brannsjef. Med aukande krav til kvalitet, kompetanse og god ressursutnytting vil ei slik ordning over tid gje gode løysingar for begge partar.

Ved eit slikt samarbeid vil ein gevinst vere å samordne vaktordninga på brannområdet. Herøy kommune har ei oppegåande brannordning.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy og Vanylven kommuner har felles målsetjingar med å legge til rette for interkommunale samarbeidsprosjekt som tener brukarane. I første omgang vil fokuset vere på å finne gode tenestesamarbeid på tekniske fagområde knytt til planlegging, byggesak, kart/oppmåling og brann (administrative ressursar). Ein ser for seg eit 2-årig prøveprosjekt med påfølgande evaluering.

Prøveprosjektet er todelt der ein ønskjer å tilsetje ein ny felles planleggar og forsterke fagmiljøa byggesak og kart/oppmåling mellom kommunane. Ein ny planleggar vil bidra til at Vanylven får ein planressurs som dei ikkje har i dag og Herøy får utvida sin kapasitet ytterligare på fagområdet. Finansiering av 50% stilling i Herøy kommune vert ved å omplassere ledige stillingsheimlar innan sektor for samfunnsutvikling for ei periode på 2 år.

Så langt gjeld brannstillinga i Vanylven på 50% vert vedkomande som har stillinga i dag fristilt frå denne stillinga, og får i staden andre arbeidsoppgåver.

Rådmannen rår kommunestyret til å stille seg positivt til eit slikt samarbeid.

Fosnavåg, 19.04.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2017/259
		Arkiv:	N64

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/17	Formannskapet	17.10.2017
125/17	Kommunestyret	26.10.2017

### MOBILDEKNING PÅ RUNDE - GODKJENNING AV AVTALAR

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner grunnavtalen mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 9 bnr. 13. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.
- Herøy kommunestyre godkjenner leigeavtalen mellom Herøy kommune og Telenor Norge AS. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner grunnavtalen mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 9 bnr. 13. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.
- Herøy kommunestyre godkjenner leigeavtalen mellom Herøy kommune og Telenor Norge AS. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

Særutskrift:

Vedlegg

- 1 Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 9 bnr. 13
- 2 Leigeavtale mellom Herøy kommune og Telenor Norge AS

### **Samandrag av saka:**

I samband med utbetring av mobildekninga på Runde, har Herøy kommune inngått ein intensjonsavtale med Telenor Norge AS. Etter at denne avtalen blei signert, har det blitt jobba med grunnspørsmålet. Det føreligg no to konkrete avtalar, som begge krev kommunal godkjenning før vidare planlegging.

### **Saksopplysningar:**

Formannskapet har tidlegare diskutert mobildekninga på Runde i møte og kommunen v/ ordførar har signert ein intensjonsavtale med Telenor om å få utbedra mobildekninga på Runde. Dette ved å sette opp ein ny basestasjon (hytte og mast m/ naudsynte installasjonar) i Goksøyra.

Samstundes med dette har det vore jobba med grunnspørsmålet. Det har vore ein feltingeniør/radioplanleggar på synfaring og bestemt optimal plassering, at basestasjonsutstyret bør plasserast på gnr. 9 bnr. 13. Telenor treng leigeavtale på grunnen med Herøy kommune. Kommunen har vidare vore i dialog med eigar av gnr. 9 bnr. 13, som er positiv innstilt med tanke på grunnavtale.

Det føreligg såleis to konkrete avtalar som treng kommunal godkjenning, jf. vedlegg:

1. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 9 bnr. 13. Som økonomisk vederlag til eigaren skal det utbetalast ein eingongssum pålydande 10.000,- kr. Eigar av gnr. 9 bnr. 13 har signert grunnavtalen.
2. Leigeavtale av grunnen mellom kommunen og Telenor Norge AS. Dette fordrar at grunnavtalen med eigar av gnr. 9 bnr. 13 blir signert av kommunen. Denne leigeavtalen bygger på intensjonsavtalens innhald når det gjeld villkår og ansvar.

Telenor må ha grunnspørsmålet avklart før prosjektet går over til vidare planlegging frå Telenors side.

Når det gjeld finansiering av heile prosjektet må ein løyve pengar i samband med budsjettprosessen for 2018. Det blir jobba med å få fram ei kalkyle på dette.

### **Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune ynskjer å sikre berekraftige løysingar for bebuarar og besøkjande på Runde. Det er ingen tvil om at det ligg høg samfunnsnytteverdi i å utbetre mobildekninga i området.

Rådmannen er positiv til at det føreligg konkret grunnavtale med eigar av gnr. 9 bnr. 13. Likeeins vurderer rådmannen leigeavtalen med Telenor til å vere føremålstenleg og omfattar naudsynte punkt for å ivareta både kommunen og Telenor sine interesser. Ein vurderer villkåra i begge avtalane til å vere akseptable.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner grunnavtalen mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 9 bnr. 13. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.
- Herøy kommunestyre godkjenner leigeavtalen mellom Herøy kommune og Telenor Norge AS. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv verknad. Mangelfull mobildekning kan i verste fall utgjere fare for liv og helse.

Konsekvensar for beredskap:

Betra mobildekning på Runde vil betre beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ingen nemneverdige konsekvensar, Telenor overtek anlegget for vidare drift når arbeidet er ferdigstilt og godkjent.

Fosnavåg, 21.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

RADMA...  
2017/ 889  
- 6 JULI 2017  
ØK kode P  
ØK kode S  
Vassusjon

## Avtale om bruk av grunn på eigedom gnr. 9 bnr. 13 (Inge Runde)

### Bakgrunn for avtalen:

I samarbeid med Telenor ønsker Herøy kommune å bygge ut mobildekninga i området Goksøyr-Runde. Telenor har analysert topografien i området, og foreslår å sette opp basestasjonsutstyr på gnr. 9 bnr. 13 som vil gi optimale dekningstilhøve. Det blei halde synfaring med grunneigar og Herøy kommune på Runde 15.6.2017.

1. Eigar av gnr. 9 bnr. 13 gir Herøy kommune løyve til å sette opp basestasjonsutstyr som illustrert på vedlagde kartskisse. Dette inkluderer løyve til å drifte utstyret så lenge det er i bruk, samt at ein kan opparbeide grøft mellom hytte-mast og grøft mellom hytte-lågspentstolpe på tilgrensande areal i sør.
2. Nøyaktig plassering av hytte og mast kan bli noko justert som følgje av nærmare avklaringar og synfaring med Telenor før byggestart. Grunneigar vil bli orientert om dette.
3. Herøy kommune, i samarbeid med Telenor, skal dekkje alle utlegg til, samt det praktiske knytt til grunnarbeidet og opparbeiding av basestasjonsutstyret.
4. Som økonomisk vederlag for bruk av grunnen skal Herøy kommune betale 10.000,- kr til eigar av gnr. 9 bnr. 13. Dette er ei eingongsutbetaling som skal skje før grunnarbeidet startar opp.
5. Om basestasjonsutstyret i framtida må fjernast av ulike årsakar, skal Herøy kommune i samarbeid med Telenor dekkje alle utlegg til, samt det praktiske knytt til ei ev. nedbygging.
6. Entreprenør kan starte grunnarbeidet når denne avtalen er signert og økonomisk vederlag (punkt 4) er utført.
7. Kommunen tek atterhald om politisk godkjenning/finansiering før prosjektoppstart.
8. Avtalen er utferdiga og signert i to eksemplar med eitt eksemplar til kvar av partane.

Runde 4/7-17

Stad/dato:

Herøy kommune  
Org.nr: 964978840

Inge Runde  
Eigar av gnr. 9 bnr. 13

Vedlegg: - kartskisse

# Avtale

mellom

## Herøy Kommune

(org.nr.: 964 978 840)  
(heretter benevnt Utleier)

og

## Telenor Norge AS

(org.nr.: 976 967 631)  
(heretter benevnt Leietaker)

### 1. AVTALENS FORMÅL

- 1.1 Leietaker skal sørge for etablering av mobilkommunikasjon for Utleier i området Langenes på øya Runde i Herøy kommune.
- 1.2 En forutsetning for denne avtale er at Utleier inngår grunnrettsavtale med grunneier på gnr/bnr 9/13, bygger mast og hytte, og stiller nødvendig areal(er) til rådighet for Leietaker til etablering av basestasjon, jfr. Vedlegg 1 – Kartutsnitt og illustrasjon.
- 1.3 Med basestasjon forstås sender, mottaker, antenner, kabling og annet utstyr for drift av kommunikasjonssystemer.

### 2. AVTALENS OMFANG

- 2.1 Avtalen omfatter Leietakers disponering av nødvendig areal i ovenfor angitte eiendom for montasje av basestasjon.
- 2.2 Leietaker har rett til å montere nødvendige broer, rør, antenner m/rør og kabelføringer til basestasjonen.
- 2.3 Utleier står som eier av mast og hytte. Alt annet utstyr som Leietaker eller personell i dennes tjeneste har montert i forbindelse med denne avtale eies av Leietaker.

### 3. VEDERLAG

- 3.1 Det gis ingen direkte økonomiske vederlag som følge av denne avtalen, verken fra Leietaker eller Utleiers side.

### 4. ADKOMST

- 4.1 Utleier gir Leietaker nøkkel, eller rett til annen adkomstmulighet, slik at adkomst for service og ettersyn kan skje ved behov.

### 5. AVTALENS VARIGHET OG OPPSIGELSE

- 5.1 Avtaleforholdet trer i kraft ved signering av denne avtale. Leietaker varsles så snart leiearealet er disponibelt for Leietaker. Dersom byggetillatelse ikke gis, utgår denne avtale.



5.2 Avtalen løper så lenge Leietaker har bruk for basestasjonen. Dersom eksterne forhold endres slik at denne basestasjonen ikke lenger egner seg til drift av kommunikasjonsanlegg som opprinnelig tenkt har Leietaker rett til å si opp leieavtalen med 6 mnd. skriftlig varsel.

## **6. KRAFT OG VENTILASJON**

6.1 Utleier fører fram kraft, etablerer strømabonnement og bekoster kraftforbruk til drift av basestasjonen.

## **TEKNISKE KRAV**

7.1 Dersom det kan påvises at Leietakers utstyr forstyrrer Utleiers tekniske installasjoner skal Leietaker bekoste utbedring, forutsatt at Utleiers utstyr er lovlig benyttet i Norge. I motsatt fall skal Utleier for egen regning sørge for utbedring av eget utstyr. Finner en ikke å kunne løse de oppståtte problemer vil Leietaker kunne velge å heve denne avtale.

## **8. FRAFLYTTING**

8.1 Ved opphør av avtalen har Leietaker rett til å fjerne sine installasjoner. Utleier plikter å gi Leietaker adgang for slik demontering. Installasjoner som av Leietaker vurderes til ikke å inneha en restverdi ved fraflytting kan ikke påregnes demontert av Leietaker.

8.2 Normal slitasje, elde og merker etter innfestinger av utstyret kan ikke påregnes utbedret ved fraflytting.

## **9. SÆRLIGE BESTEMMELSER**

9.1 Leietaker skal til enhver tid holde basestasjonen i god stand.

9.2 Utleier plikter å holde sine lokaler og installasjoner i slik stand at Leietakers utstyr ikke blir påført skade.

9.3 Ved utleie til og / eller samarbeid med andre mobilkommunikasjonsoperatører skal Leietaker varsles skriftlig om dette på forhånd. Innplassering av annet kommunikasjonsutstyr kan ikke skje uten godkjenning fra Leietaker.

9.4 Dersom Leietaker overdrar sin virksomhet til andre, skal leieforholdet følge virksomheten. Leietaker plikter å informere overtakeren om leieretten i denne avtalen.

9.5 Dersom Utleier overdrar installasjonen til noen andre, skal leieforholdet følge installasjonen. Utleier plikter å informere overtakeren om leieretten i denne avtale.

## **10. SIGNATUR**

10.1 Denne avtalen er utstedt i to signerte eksemplarer, en til hver av partene

Herøy, den / 2017

**Utleier**  
**Herøy kommune**

Fornebu, den / 2017

**Leietaker**  
**Telenor Norge AS**


---

*Tom Holli, Property Management*

Vedlegg 1:



Kartutsnitt – plassering av anlegget er anvist.



Eiendomskart med inntegnet plassering av mast og hytte.



Illustrasjon hytte/mast plassert i terrenget.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/1197
		Arkiv:	K20

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
165/17	Formannskapet	17.10.2017
126/17	Kommunestyret	26.10.2017

### RULLERING AV ENERGI- OG KLIMAPLAN

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017**

Herøy kommunestyre vedtek å inngå samarbeid om å rullere gjeldande klimaplan og klimaplanen sin handlingsdel slik det går fram av saksutgreiinga.

#### **Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek å inngå samarbeid om å rullere gjeldande klimaplan og klimaplanen sin handlingsdel slik det går fram av saksutgreiinga.

Særutskrift:

## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Herøy kommune har ein gjeldande klimaplan for periode 2009-2013 som skal i tråd med vedteken planstrategi rullerast i 2017. Sunnmøre Regionråd IKS inviterer til eit samarbeid på tvers av kommunene grensene med tanke på rulling av planen. Rådmannen rår til at ein takkar ja til eit samarbeid på tvers av kommunegrensene. Det er innvilga klimasatsmidlar til arbeidet.

### **Saksopplysningar:**

Herøy kommune sin klimaplan vart vedteken i k-sak 4/10 den 28.1.2010 og gjennomføring av planen med fokus på delmål stasjonært energiforbruk vart vedtatt i k-sak 90/11 den 22.6.2011. I hovudsak så er det eigedomsavdelinga som har følgd opp klimaplanen.

Det er no tid for å rullere planen og det er søkt og innvilga «Klimasats midlar» til dette prosjektet. Bakgrunnen for søknad om midlar var eit vedtak på i rådmannsmøte på Sjøholt i februar og ein har fått innvilga kr 325000.

Planstrategi for Herøy 2016-2020 viser at rulling av planen skal skje i 2017.

### **Om klimaplan:**

Ein Energi- og klimaplan er viktig for å kartlegge utfordringar og potensial for forbedringar i kommuneorganisasjonen. Planen skal gi politikarar og administrasjonen eit kunnskapsgrunnlag og eit verktøy å arbeide med, og skal også vere eit verktøy for å involvere både privat og frivillig sektor i kommunen som samfunn. Gjennom planarbeidet har ein fått oversikt over utfordringar og tiltakspotensial kommunen har som organisasjon, for å ta tak i eigne klimautfordringar.

Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Energi- og klimaplanen har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar innan kommunen. Enkelte tiltak vil vere retta mot eit regionalt samarbeid, spesielt på felt der samarbeidsarenaer allereie er etablert.

Det er i denne samanheng at Sunnmøre Regionråd IKS inviterer til eit samarbeid på tvers av kommunene grensene med tanke på rulling av planen . I dei fleste tiltaka er det angitt kor mykje ein kan redusere utsleppet av CO2 eller forbrukt kWh og som igjen er knytt opptil ein gitt tidsfrist når dette skal være oppnådd.

I ly av signering av Paris avtalen og Norges mål om å redusere utslepp med 40 % innan 2030 er det på tide å revidere eksisterande planar og planens handlingsdel.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til ein samarbeidar på tvers av kommunegrensene i dette arbeidet og at klimaplanen vert rullert slik det går fram av saksutgreiinga

Fosnavåg, 13.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Ørskog kommune  
Rådhuset  
6240 ØRSKOG

Trondheim, 22.05.2017

Deres ref.:  
17010641

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2017/1973

Saksbehandler:  
Kirvil Stoltenberg

## Utbetaling av tilskudd - Sunnmørs kommunenes klima- og energi- nettverk - Avtalennummer 17010641

Det vises til deres søknad om tilskudd av 15.02.2017 med referansenummer 17S4D94B. Det er søkt om et tilskudd på kr 350 000. Miljødirektoratet har behandlet søknaden, og vil utbetale et tilskudd til tiltaket.

### KLIMASATSSTØTTE TIL NETTVERK

Kommunene kan søke tilskudd til interkommunale nettverk for kompetanseheving, erfaringsdeling og samarbeid om konkrete tiltak for klimagassreduksjon og omlegging til lavutslippssamfunnet.

Det gjelder særskilte krav til nettverkene. Nettverket må:

- ha et mål og minimum en enkel aktivitetsplan.
- ha et sekretariat som har ansvar for framdrift og kontinuitet.
- være brukerstyrt på en slik måte at deltakernes behov fanges opp.
- omfatte minst fire (fylkes)kommuner.
- samarbeide med fylkesmann og fylkeskommune.

Nettverket kan få kr 25 000 i støtte per kommune som deltar. Støtten utbetales til nettverkssekretariatet.

### MILJØDIREKTORATETS VURDERING

Miljødirektoratet vurderer at Sunnmørskommunenes klima- og energinettverk oppfyller alle krav til nettverk. Vi gjør oppmerksom på at Skodje kommune utløser tilskuddsmidler i nettverket for Klimaløft i Ålesundregionen for 2017, derfor regnes nettverkstilskuddet ut fra at kommunene Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta, Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven og Vestnes deltar i nettverket. Nettverket får kr 25 000 per deltaker, til sammen kr 325 000 for arbeidet i 2017. Tilskuddet blir betalt ut til Ørskog kommune i rollen som søker for nettverket.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjørelsen er ikke et enkeltvedtak og kan dermed ikke påklages, jmfør forvaltningsloven §



2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Tilskuddet vil utbetales til deres konto 40600700245 med betalingsreferanse 2017/1973-22052017 som vist her:

Dato	Beløp	Merknad
20.06.2017	325 000	Utbetaling av tilskudd

Tiltaket som gis tilskudd er: Sunnmørskommunenes klima- og energinettverk.

Sammendrag av søknad: *"Sunnmørskommunenes klima- og energinettverk skal dele problemstillinger, erfaringer, kunnskap, gode ideer og praktiske løsninger i samband med rullering av klima -og energi -planene - som bidrar til kutt i klimagassutslippene.*

*Nettverket skal etableres som en fortsettelse av det arbeidet Sunnmøre Regionråd IKS har hatt med å realisere vedtakene i allerede eksisterende klima- og energi-planer. "*

Følgende krav til rapportering og rapporteringsfrister gjelder for tilskuddet.

Leveres	Merknad	Frist
Sluttrapport	Rapport om gjennomførte aktiviteter og vurdering av nytteeffekten av støtten	25.01.2018

Dersom forutsetningene for gjennomføring av tiltaket endres vesentlig eller bortfaller (teknisk/faglig, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet underrettes umiddelbart.

Det gjøres oppmerksom på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med hjemmel i bevilgningsreglementet kan iverksette kontroll av om tilskuddet er benyttet i samsvar med forutsetningene.


Det gjøres videre oppmerksom på at Miljødirektoratet helt eller delvis kan kreve utbetalt tilskudd tilbakebetalt dersom midlene ikke brukes i henhold til forutsetningene eller at forutsetningene for tilskuddet bortfaller.

Regnskapsbilag knyttet til gjennomføringen av tiltaket skal oppbevares i minst 10 år, eller i henhold til regnskapsloven, dersom din virksomhet er underlagt denne.

Hilsen  
Miljødirektoratet



Audun Rosland  
avdelingsdirektør



Herdis Laupsa  
fung. seksjonsleder

Kopi:  
Kommunene i nettverket  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Formannskapet i kommunen .

Ålesund 11.09.17

### **Rullering av Energi- og klima -planen til kommunen.**

Ein Energi- og klimaplan er viktig for å kartlegge utfordringar og potensial for forbetringar i kommuneorganisasjonen. Planen skal gi politikarar og administrasjonen eit kunnskapsgrunnlag og eit verktøy å arbeide med, og skal også vere eit verktøy for å involvere både privat og frivillig sektor i kommunen som samfunn. Gjennom planarbeidet har ein fått oversikt over utfordringar og tiltakspotensial kommunen har som organisasjon, for å ta tak i eigne klimautfordringar. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Energi- og klimaplanen har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar innan kommunen.

Enkelte tiltak vil vere retta mot eit regionalt samarbeid, spesielt på felt der samarbeidsarenaer allereie er etablert.

Det er i denne samanheng at Sunnmøre Regionråd IKS inviterer til eit samarbeid på tvers av kommunene grensene med tanke på rullering av planen . I dei fleste tiltaka er det angitt kor mykje ein kan redusere utsleppet av CO2 eller forbrukt kWh og som igjen er knytt opptil ein gitt tidsfrist når dette skal være oppnådd.

I ly av signering av Paris avtalen og Norges mål om å redusere utslepp med 40 % innan 2030 er det på tide å revidere eksisterande planar og planens handlingsdel.

Vi fekk klarsignal om å søke Klimasats midlar til dette prosjektet på eit rådmannsmøte på Sjøholdt i februar. Og vi fekk innvilga søknad gjeldande for desse kommunane: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta, Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal , Sykkylven og Vestnes .

Til dette arbeidet har vi fått innvilga kr 325000. Sjå vedlagte tilsagnsbrev .

Vi er i gang med å sondere etter deltakarar som vil være med i arbeidsgruppa.

Imidlertid er vi avhengige av å få eit politisk mandat for å starte dette arbeidet i den enkelte kommune.

Som det framgår av tilskudds brevet skal vi levere ein rapport innan 25.01.2018. Så her må vi ha på plass eit vedtak ganske raskt.

Vi er stiller gjerne på aktuelle møter og informerer om prosjektet.

Brev og vedlegg er og sendt på mail til ordfører og rådmann i dei aktuelle kommunane.

Med vennlig hilsen

Sunnmøre regionråd IKS  
Einar Haram  
Prosjektledere energieffektivisering



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2016/1669
		Arkiv:	C10

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	05.10.2017
30/17	Komite for oppvekst	18.10.2017
70/17	Komite for næring, kultur og idrett	24.10.2017
166/17	Formannskapet	17.10.2017
127/17	Kommunestyret	26.10.2017

### UNGDATA 2017 - RAPPORTAR FRÅ UNDERSØKINGA

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef for oppvekst Sølvi L. Remøy orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slik endring:

Kommunestyret tek resultata til vitande med følgjande kommentarer til oppfølging:

- Arbeidsmøte mellom administrasjon, politikarar og ungdomsråd
- Tema på leiarmøte
- Vurdere om ein bør sette ned interkommunal arbeidsgruppe

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Kommunestyret tek resultata til vitande med følgjande kommentarer til oppfølging:

- Arbeidsmøte mellom administrasjon, politikarar og ungdomsråd
- Tema på leiarmøte
- Vurdere om ein bør sette ned interkommunal arbeidsgruppe

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for oppvekst - 18.10.2017**

Kommunestyret tek resultatata til vitande.

**Tilråding:**

Kommunestyret tek resultatata til vitande.

Særutskrift:

Herøy ungdomsråd

Komiteane

**Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 Uttale frå ungdomsrådet om Ungdata-undersøkinga
- 2 Høyringsuttale - ungdom og buss
- 3 Høyringsuttale - ekstra spørsmål
- 4 Høyringsuttale - oppfordring til dei ulike sektorane
- 5 Herøy 2017 – Nøkkeltallsrapport (videregående)
- 6 Herøy 2017 – Nøkkeltallsrapport (ungdomsskolen)
- 7 Herøy 2014\_2017– Trend
- 8 Herøy 2017 - Kjønn (videregående)
- 9 Herøy 2017 - Kjønn (ungdomsskolen)
- 10 Herøy 2017 - Klassetrinn (ungdomsskolen)
- 11 Ekstraspørsmål om trivsel og tryggleik i organiserte fritidsaktivitetar - fylkesrapport

**Samandrag av saka:**

Undersøkinga Ungdata vart gjennomført i Herøy våren 2017 ved Ytre Herøy ungdomsskule, Stokksund skule, Møre barne- og ungdomsskule og Herøy vidaregåande skule. Same undersøkinga vart gjort i 2014. Rapportane frå undersøkinga er mangfaldige. Ein har mellom anna rapportar som samanliknar Herøy med fylket og landet, trendrapportar som viser endring i Herøy frå 2014 til 2017-undersøkinga og kjønnsdelte rapportar som viser forskjell i svar mellom gutar og jenter.

Det er eit stort materiale å gå gjennom. I saksutgreiinga har dei ulike sektorane kome med tolking av undersøkinga for sine fagfelt. Ungdomsrådet har handsama saka og kome med uttale. Saka er koordinert av folkehelsekoordinator.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn for saka:**

Undersøkinga Ungdata vart gjennomført i Herøy våren 2017 ved Ytre Herøy ungdomsskule, Stokksund skule, Møre barne- og ungdomsskule og Herøy vidaregåande skule. Ungdata er ei undersøkinga basert på spørjeskjema, som gir eit breitt bilde av korleis ungdom har det og kva dei driv med på fritida. 318 ungdomsskuleelevar (svarprosent 89) og 72 elevar frå vidaregåande (svarprosent 55) deltok.

Ungdata er eit verktøy basert på spørjeskjema. Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved Høgskolen i Oslo og Akershus og sju regionale kompetansesenter innan rusfeltet (KoRus) står bak Ungdata.

Undersøkinga vert gjennomført i samarbeid med kommunen, som er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa på skulane. Data frå alle kommunar vert samla i den nasjonale Ungdatabasen. Databasen inneheld svar frå meir enn 300.000 ungdomar som har delteke i Ungdata sidan den første undersøkinga vart gjennomført i 2010. Helsedirektoratet finansierer Ungdata, som er eit gratis tilbod til alle kommunar i Noreg.

Gjennomføring av Ungdata ligg inne i Herøy kommune sin tverrfaglege plan «Alle barn og unge skal ha gode og trygge oppvekstvilkår». Undersøkinga skal gjennomførast kvart 3. år, som eit verktøy for informasjon i det førebyggjande arbeidet. Første gjennomføring var i 2014.

Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for ungdomane å delta. Alle foreldre vert informert om undersøkinga i forkant, og kan melde frå til skulen om dei ikkje ønskjer at barnet deira skal delta.

Intensjonen med Ungdata er å kartlegge korleis ungdom har det og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga omfattar tema knytt til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar. Resultata må tolkast lokalt, og kan vere med å seie noko om kva område kommunen bør satse på framover for å vidareutvikle oppvekstmiljøet.

Spørjeskjemaet som vert brukt, er tilpassa elevar på ungdomstrinn og vidaregåande opplæring. Det vert utarbeidd separate rapportar, som kommunane får tilsendt.

Rapportane er svært omfattande og må studerast og analyserast av den enkelte fagavdeling og i eit tverrfagleg samarbeid framover. Resultata i Herøy er sett opp slik at ein kan samanlikne med resultat for Møre og Romsdal, samt med resultat frå små (under 10.000) mellomstore (10-50.000) og store kommunar (over 50.000).

I saksframstillinga har vi valt å presentere dei områda der Herøy skil seg frå andre små kommunar.

## Kva seier ungdom i Herøy?

### Ungdomsskuleelevar

#### **Oppvekst:**

Ungdom i Herøy er meir fornøgd med lokalmiljøet sitt, og meir fornøgd med skulen sin. Dei brukar vesentleg meir tid framfor ein skjerm enn andre kvar dag, men brukar mindre tid på lekser. Fleire uttrykkjer at dei er plaga av einsemd og depressive symptom, samt mobbing. Ein har vore sjeldnare rusa på alkohol. Det er færre som deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Det er færre som trur dei får eit lykkeleg liv.

Ser ein på resultatata for Herøy opp mot trendane som kjem fram i den nasjonale rapporten, ser ein at mykje stemmer overeins. Ein ser eit trendskifte i forhold til m.a. tid på skularbeid, framtidstru og tankar om høgare utdanning. Etter mange år med oppgang på desse områda, ser ein no nedgang.

#### **Helse og omsorg:**

På mange av områda er det forskjell på resultatata etter kjønn. Dette ser vi spesielt godt på bruk av helsetenester, men også på svar om psykiske helseplager.

#### **Kultur og fritidsaktivitetar:**

##### **Venner:**

Ungdomstida vert gjerne beskriven som ein fase i livet der jamnaldrande er særleg viktige. Venner er for dei fleste ei kjelde til leik, glede, støtte, tilhøyrsløse og bekrefting. På lengre sikt har samspelet med jamnaldrande tyding for utvikling av sjølvbilde og sosial kompetanse. Mange knyter venskap som varer livet ut i denne perioden. I overgangen frå born til tenåring endrar venene tyding. Mens leiken står i sentrum blant de yngste, blir det etter kvart like viktig kven ein er saman med som kva ein gjer.

Ungdomstrinnet seier i følgje nøkkeltalsrapporten at dei aller fleste har venner dei kan stole på. Trendrapporten viser lita endring i Herøy frå 2014 til 2017.

##### **Organisert fritid:**

Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arena for samvær med andre unge. Samanlikna med skulen og det uformelle samværet ungdom imellom, gir deltaking i organisasjonane ungdom andre typar erfaringar. På sitt beste gir organisasjonane ungdom moglegheit til å utvikle evner, dei lærer å fungere i eit fellesskap, ytre egne meiningar og å jobbe målretta. Sjølv om det er en viss nedgang i løpet av ungdomsårene, er det på landsbasis to av tre ungdomsskuleelevar som deltek i ein eller annan form for organisert fritidsaktivitet. Idretten organiserer klart flest. Landsrepresentative undersøkingar frå dei siste tiåra tyder på at andelen unge medlemmar i frivillige organisasjonar har gått ned.

Ungdomstrinnet seier i følgje nøkkeltalsrapporten at dei aller fleste har gjennom oppveksten delteke i organiserte fritidsaktiviteter. 8 % færre ungdom er med i organisasjonar/klubbar/lag eller foreiningar enn på landsbasis. Trendrapporten viser lite endring i Herøy frå 2014 til 2017, og nokre fleire har aldri vore med i organiserte fritidsaktivitetar etter fylte 10 år. Vedkomande deltaking i fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb ser vi ein auke i deltakinga frå 2014 til 2017 på 21% og dette har blant anna samanheng med at kommunen sin fritidsklubb har opna igjen sidan førre måling, samt at kyrkjene har utvikla sitt fritidstilbod i denne perioden. Sistnemnte vert bekrefta gjennom ein auke i deltakinga i religiøse foreiningar med 10 %. Fleire opplever at tilbodet til ungdom er bra når det gjeld lokalar for å treffe andre unge, idrettsanlegg og kulturtilbod.

### Elevar i vidaregåande skule

Nøkkeltala for elevar i vidaregåande skule er sett opp med samanlikning mellom Herøy og Noreg.

### **Oppvekst:**

Vidaregåande elevar i Herøy seier dei er vesentleg meir plaga av einsemd og vert meir mobba enn andre. Fleire har fysiske plager kvar dag, og fleire har blitt skada på grunn av vald. Dei røyker meir, men er sjeldnare rusa på alkohol og færre har brukt cannabis. Færre er fornøgde med lokalmiljøet og med skulen sin. Færre deltar i organiserte fritidsaktivitetar, færre trenar minst ein gong pr. veke og færre trur dei får eit lykkeleg liv. Men dei er like fornøgde med venene sine og like mange har minst ein fortruleg venn. Dei fleste kjenner seg trygge i nærområdet.

### **Helse og omsorg:**

Også for denne aldersgruppa er det forskjell på resultatata etter kjønn. Svarprosenten er også lågare enn for ungdomsskuleelevane, men det er viktig å gripe fatt i og undersøkje nærare kva som skjer med ungdom frå ungdomsskule og til vidaregåande når det gjeld helseutfordringar.

### **Kultur og fritidsaktivitetar:**

Vidaregåande elevar seier i følgje nøkkeltalsrapporten at dei aller fleste har venner dei kan stole på. Trendrapporten viser liten endring i Herøy frå 2014 til 2017, og samla sett er det fleire som har ein ven dei kan stole på.

Nøkkeltalsrapporten viser at 33 % av elevane på Herøy vidaregåande deltek i organisert aktivitet, mot 49 % på landsbasis. Trendrapporten viser ein nedgang i deltaking i organiserte aktivitetar på 5 % sidan 2014. 12 % fleire enn ved førre måling har vore med i organisert aktivitet tidligare.



**Unge si oppleving av trivsel og tryggleik i organiserte fritidsaktivitetar (ekstra spørsmålspakke).**

Saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og Møre og Romsdal idrettskrets arbeider KoRus for at fleire lag og organisasjonar skal lage eigne retningslinjer for tryggleik og trivsel. Dette er også nedfelt i handlingsprogrammet i fylket sin regionale delplan for folkehelse. Tilleggsmodulen gir kunnskap om unge si oppleving av trivsel og tryggleik i organiserte fritidsaktivitetar og om grunnar til at unge sluttar med organiserte fritidsaktivitetar.

Rapporten viser at om lag like mange deltek i ein organisert aktivitet i Herøy som fylket elles, og at fleire i ungdomsskulen deltek i meir enn ein aktivitet. Færre har slutta eller ikkje delteke i organisert aktivitet enn elles i fylket. Fleire jenter enn gutar er med i organisert aktivitet både på ungdomstrinnet og på vidaregåande.

Knytt til reglar så har dei fleste felles slike. I ungdomsskulen er det færre som har snakka om reglane enn fylket elles og færre opplever at trenaren er inkluderande. Respondentane trives med vennane i aktivitetane.

Det kan sjå ut til at nokre fleire vaksne og ungdommar nyttar alkohol på turar og i anna sosialt samvær enn fylket samla.

Dei hyppigaste årsakene til at ungdom sluttar med aktivitet er at trenarane prioriterer dei flinkaste, at ingen av venene er med og at tidene ikkje passar.



## **Uttale frå Ungdomsrådet**

Herøy ungdomsråd har vurdert rapportane og laga fleire uttalar (ligg vedlagt saka). Dei har konsentrert seg mest om rapporten frå ungdomsskuletrinnet. Dei kommenterer blant anna nokre resultat som overraskar (m.a. mobbing) og nokre tal dei oppfatar som paradoks.

## **Oppsummering**

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

Fosnavåg, 21.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Kommunalsjef oppvekst

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

## HØYRINGSUTTALE I HØVE UNGDATA

Herøy Ungdomsråd har konsentrert seg mest om rapporten frå ungdomsskulen og finn utviklinga i mobbeprosenten overraskande. Vi registrerer at trivselen på skulen har gått dramatisk ned og det er fleire som brukar mindre tid på lekser og at prosenten på dei som skulkar har gått betydeleg opp. Vi ser ei utvikling der prosentandelen ungdommar som har vore tydeleg rusa siste året (på alkohol) har gått opp, mens at bruken hasj/marihuana har gått ned (frå 4% til 2%) Ungdommen brukar meir tid på "sosiale medier" og føler seg åleine. Det er færre som trur dei vil få eit lykkeleg liv, færre som vil ta høgare utdanning og fleire som trur dei blir arbeidsledige (frå 3% til 15%)

Det er nokre tal som blir oppfatta som "paradoks" i samanlikninga, noko som er spennande og kan undersøkast vidare. Eit ønske til neste gjennomføring av Ungdata er å definere betre kor stor frivilligheita blant ungdommen i Herøy Kommune er idag. Alt i alt er det mykje ein kan sjå nærare på og undersøkje - som vidare kan føre til smarte tiltak for å betre kvardagen til Herøyungdommen.

Herøy Ungdomsråd.

2016/1669

## HØYRINGSUTTALE

### Ungdom og buss

Ungdom er opptatt av samferdsel og kanskje ungdom i utkantane er ekstra opptatt av dette. Tilbod utenom foreldre sine skyssplikter er ofte lite tilrettelagte og lite tilpassa ungdomane sine behov.

Herøy ungdomsråd er som ungdomspanelet i Møre og Romsdal opptatt av at samferdsel er tilrettelagt for ungdomen og ikkje omvendt. Ein er opptekne av enkle fleksible løysingar som ivaretek ungdomane sine behov og som ikkje minst viser kva tilbod ungdomane har. Gode frekvensar på busstilbudet i tider då ungdomen ikkje er på skule er å foretrekke. Det må leggest til rette for gode tilbod frå ulike bygdelag i Herøy som er korresponderende med ruter inn til hovedaksen FV654 frå Fosnavåg mot dei andre kommunesenterane Hareid, Ulsteinvik, Larsnes og Volda.

Ungdom i Herøy er opptatt av fleksibilitet og at ein kan ta den bussen som passar best for den reisande. Det kan ikkje vere slik at når ein går på bussen ved Herøy vidaregåande skule at bussjåføren nektar å stoppe i Tjørnvåg, men først kan setje av passasjerar i Myrvåg. Ungdomen forventar fleksibilitet og serviceinnstilte bussverter som er til for dei reisande. Vi forventar faktisk at når vi trykker på knappen så stoppar bussen på næraste bussholdeplass!

Ungdomen vil ikkje vere låst av at busskort gjeld i bestemte tidsperioder eller på bestemte bussruter til eller frå skulen. Ungdom vil ha FRITT valg uansett tidspunkt og ruter.

Fylkeskommunen legg vekt på barn og unge sin trivsel er viktig for framtidig busetting i fylket. Faktisk så seier Fylkeskommunen at ein pliktar å ivareta barn og unges interesser i planlegginga og ein framhevar i sine planar at barn og unge er ei viktig målgruppe for dei fylkeskommunale tenestene.

Dette er flotte ord som ein håper kan realiserast ved at vi som ungdom får :

bruke bussen når VI vil

at busstilbudet er tilpassa der VI bur og til vår rytme utanfor skuletida at vi vêrt møtt med respekt av flinke servicevertar som set sikkerhet høgt at vi får gode gode kollektivtilbud i helgane at busstopp får skilt som viser kva buss-stoppet heiter og at dette samsvarer med elektroniske rutetabeller og app.

at vi får sanntidsvisning på buss-stopp

at rutetabeller vert hengt opp på buss-stopp

Ungdomen i Herøy er opptatt av fleksible tilpassa tilbod i distrikta, heilt i tråd med fylkeskommunen sin eigen fylkesplan.

Vi er opptatt av at ein høyrer på brukarane av tenesta. Både innbyggjarundersøkelser og vår eigen Ung data undersøkelse viser at ein ikkje er nøgd med kollektivtilbudet.

Skal kollektivtilbudet i framtida aukast må ein byrje med å legge til rette tilbodet for ungdomen. Får ungdomen gode positive erfaringar med å nytte kollektivtilbudet vil dette auke bruken av kollektivtilbudet på sikt.

Vi er den rette målgruppa å begynne med ! Legg tilboda tilrette for oss så skal vi bruke tilbodet aktivt.

Helsing

Herøy ungdomsråd.

2016/1669

#### HØYRINGSUTTALE EKSTRA SPØRSMÅL

Herøy ungdomsråd registrerer eit mønster der mange og særskilt i 9.klasse fell ut av dei organiserte fritidsaktivitetane. 21,9% av ungdomsskuleelevane i Herøy tek ikkje del i nokon organisert fritidsaktivitet til samanlikning med 15,7% på fylkesnivå.

Herøy ungdomsråd kan ikkje finne årsaka til dette då Herøy har blitt bytta ut med Stordal i rapporten frå side 11-13. Vi kan difor heller ikkje måle oss opp mot fylket.

Det er ønskjeleg at ein i framtidige undersøkingar har eit kommentarfelt under «andre grunnar» då dette talet på fylkesnivå er nesten oppe i 70%

Helsing  
Herøy ungdomsråd

2016/1669

## HØYRINGSUTTALE

### Oppfordring til dei ulike sektorane i høve Ungdata

Herøy Ungdomsråd vil utfordre dei ulike sektorane til å sette fokus på det vi ser som er viktigast.

#### Skule/Oppvekst og Helse/Omsorg:

Vi registrerer ei auke i skulk, mobbing, depresjon, einsemd og det å ikkje bli sett. I løpet av 3 år på ungdomsskulen ser vi at skulehelsetenesta blir nytta betraktelig mindre frå 8. til 10. klasse.

Herøy Ungdomsråd ønskjer at sektorane jobbar for å styrke denne tenesta. Dette kan til dømes vere å opprette obligatoriske møter hjå helsesyster alle 3 åra.

#### Kultur/fritidstilbod

Herøy ungdomsråd har registrert gjennom Ungdatarapporten at det er mange einsame samt ein stor del som ikkje deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Vi ønskjer at kulturavdelinga kan sjå på muligheita om å utvide opningstidene på fritidsklubben, samt sette fokus på fleire alternative fritidsaktivitetar. Mange unge kjenner ikkje til alle tilboda vi har i kommunen. Kanskje kunne det vore ein ide om vi fikk ein kommunal APP som gir lett tilgjenge om aktivitetar og tilbod.

Helsing

Herøy ungdomsråd

Foreldreundersøkinga er ei av brukarundersøkingane til Utdanningsdirektoratet, som er frivillig. Herøy kommune gjennomførte undersøkinga i 2014, og no igjen i 2017. Formålet med undersøkinga var å få del i foreldra si meining om lærings- og elevmiljø i skule og SFO, for å kunne utvikle Herøyskulen til å bli endå betre.

Undersøkinga vart gjennomført i samarbeid med Kommunalt foreldreutval (KFU) og Foreldreutvala (FAU) på den enkelte skule.

Undersøkinga vart gjennomført i slutten av april, og rapportane til den enkelte skule vart tilgjengelege for vidare arbeid like etterpå.

## **Saksopplysningar:**

Foreldreutvala, både på kvar enkelt skule og på kommunalt nivå, har både i 2014 og 2017 gjort ein stor innsats for å få høg deltaking. Dei har nytta både Vestlandsnytt og sosiale media, samt at somme FAU også har freista med premie til klassen med høgst deltaking. Likevel har deltakinga på skulane vore lav begge åra, med eit-par unntak.

I 2017 vart 1163 foreldre direkte inviterte til å svare, men kun 409 nytta seg av tilbodet. Dette gav ein svarprosent på 35,2.

Sett under eitt for Herøyskulen, gir dette signifikante svar, men ikkje for den enkelte skule. To skular hadde så høg deltaking at det kan seiast å gi pålitelege svar (rundt 60-70%). Andre skular hadde så lav deltaking, at det kan sjåast på berre som innspel frå foreldra, men ikkje «den fulle sanninga».

Analysar og tiltak framover vil derfor måtte drøftast på skulenivå, i eit samarbeid mellom leiing/tilsette og FAU/SU (Samarbeidsutvala)

Kommunalsjef Oppvekst informerer KFU om prosess og resultat på kommunenivå.

Undersøkinga er temabasert. På kommunenivå valde vi ut åtte tema som skulle undersøkast, gjennom å svare på påstandar:

Trivsel, Arbeidsforhold og læring, Trygt miljø, Trygt miljø og krenking, Mobbing på skulen, Dialog og medverknad, Læring og utvikling, Skulefritidsordninga

I tillegg til dette kan skulane sjølve velje kva tema dei vil undersøke kvart år, alt etter kva dei har fokus på. Dette gjer at ein ikkje fullt ut kan presentere eit samla resultat med samanlikning. Det er også noko forskjell på tema på kommunenivå kvart år, som gjer at ein får berre delvis grunnlag for samanlikning mellom år.

Vi har derfor teke ut berre nokre aktuelle og felles tema/spørsmål for å vise status på sentrale område:

Tabell med nokre resultat frå Foreldreundersøkinga 2017, samla for kommunen:

(Poeng 1-5, der 5 er best)

<b>Tema</b>	<b>Resultat 2017</b>	<b>Resultat 2014</b>
Barnet mitt trivst på skulen	4,6	4,7
Barnet mitt har medelevar å vere saman med på skulen	4,8	4,7
Barnet mitt er interessert i å lære på skulen	4,4	4,7
Har inntrykk av at barnet får nok faglege utfordringar	4,4	4,4
Barnet mitt får lekser som han/ho greier å gjere på eiga hand	4,2	4,2
Har inntrykk av at lærar sjekkar at lekser er gjort	4,5	4,6
Det barnet mitt lærar på skulen, er viktig	4,7	4,9
Har inntrykk av at det barnet lærer, vil vere nyttig seinare	4,6	4,8
Har inntrykk av at dei tilsette har klare forventningar til korleis elevane skal oppføre seg mot kvarandre	4,5	4,6
Har inntrykk av at barnet har ein vaksen på skulen å prate med ved behov	4,5	4,4
Skulen handterer mobbing på ein god måte	3,9	3,8
Eg er fornøgd med informasjon frå skulen om fagleg utvikling	4,3	4,4
Barnet mitt trivst på SFO	4,2	4,5
Opplever at personalet på SFO bidrar til eit godt sosialt miljø	4,1	4,4

### **Vurdering og konklusjon:**

I og med at svarprosenten er så lav, er det vanskeleg å konkludere med status og aktuelle tiltak. Dette må drøftast på den enkelte skule og i den enkelte klasse, alt etter korleis situasjonen konkret ser ut der.

Utifrå det materiale vi ser i undersøkinga, kan vi på kommunenivå m.a. konstatere at:

- \* Trivselen er bra, og dei fleste synest å ha vener
- \* Motivasjonen for skulearbeid og arbeid med lekser har gått ned
- \* Tida ein brukar på å gjere lekser, har gått ned (jfr også UngData)
- \* Interesse foreldre viser for skulen og det borna lærer, har gått litt ned
- \* Foreldra synest å ha behov for meir rettleiing og hjelp til korleis dei skal følgje opp borna sitt skulearbeid heime

I 2017 vart fleire påstandar relatert til tema Skulefritidsordning (SFO) teke inn, for å undersøke nærare foreldra si oppleving av dette tilbodet. Dei fleste svarar at borna trivst på SFO, men har lavare poeng på påstandar om aktivitetstilbodet. Fleire skulle ønskje at dette var meir variert og tilpassa. Men igjen må det nemnast at deltakinga er for lav til at ein kan generalisere dette til å vere ei felles oppfatning.

Uavhengig av om det er signifikante svar eller må reknast som innspel, vil ein på skular og i FAU framover ta alle meiningar på alvor ved at ein drøftar, analyserer og vurderer tiltak for å bli betre.

Fosnavåg, 04.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Kommunalsjef Oppvekst

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2017/1006
		Arkiv:	Q13

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
167/17	Formannskapet	17.10.2017
129/17	Kommunestyret	26.10.2017

### FV18 NÆRØYKRYSET MELLOMBELS UTBETRING - AVTALE MED STATENS VEGVESEN

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Særutskrift:

Vedlegg

- 1 Vedlegg - gjennomføringsavtale
- 2 Vedlegg - utdrag frå kommunedelplanen for Trafikktrygging 2015-2018

**Bakgrunn:**

I samband med utbetring av Nærøykrysset er det utarbeidd ein gjennomføringsavtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt, sjå vedlegg. Vegvesenet har godkjent avtalen, og denne saka gjeld såleis kommunal godkjenning.

**Saksopplysningar:**

Av tidlegare vedtak er det to som er viktige som bakgrunn for avtalen:

1. I reguleringsplanen "Bustadområde på Nærøy", vedtatt i kommunestyret 27.11.2014 i k-sak 146/14, ligg det inne rekkjefølgjekrav om at mellombels utbetringssløysing i Nærøykrysset skal vere etablert før det kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve til bygningar.
2. Dette er eit prioritert tiltak som ligg inne i handlingsprogrammet til "kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018", vedtatt i kommunestyret 21.6.2017 i k-sak 73/17. Vedlagt ligg utdrag som gjeld Nærøykrysset.

Dagens Nærøykryss er trafikkfarleg. Det er registrert fleire alvorlege trafikkulykker i området, og det har i lengre tid vore behov for utbetring.

I gjeldande plan Nærøykrysset er det regulert rundkøyring, med dette vil vere kostbart og det er uvisst når i framtida dette kan bli aktuelt. Statens vegvesen har akseptert mellombels løysing med kanalisert T-kryss, jf. punkt 1 og 2 ovanfor. Det er viktig å poengtere her at det er sjølvne kryssløysinga som er mellombels, gang-/sykkelvegane vert permanente og i tråd med gjeldande plan.

Før ein no går vidare med arbeidet må avtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen godkjennast. Når dette er gjort vil det bli haldt avklaringsmøte med vegvesenet, og det må utarbeidast ein byggjeplan (prosjektering) før ev. anbudsprosess. Ein ser føre seg fysisk oppstart våren 2018.

Når det gjeld finansiering vil ein bruke av dei avsette trafikktryggingmidlane.

**Vurdering og konklusjon:**

Herøy kommune ynskjer å sikre berekraftige løysingar for alle trafikantar på Nærøya, og med dette bidra til å skape gode bustadområde i denne delen av kommunen.

Rådmannen vurderer avtalen om mellombels utbetring av Nærøykrysset til å vere føremålstenleg og omfattar naudsynte punkt for å ivareta både kommunen og vegvesenet sine interesser. Ein vurderer villkåra i avtalen til å vere naturlege for anleggsprosjekt.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Krysset og trafikkbiletet i området vil verte meir trafikksikkert for alle trafikantar, særskilt for dei mjuke trafikantane.

Konsekvensar for beredskap:

Betra trafikkbilete gir betre høve for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar, vegvesenet overtek anlegget for vidare drift når arbeidet er ferdigstilt og godkjent.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

Fosnavåg, 20.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

# AVTALE

mellom

**Herøy kommune** (heretter kalt Utbygger)

og

**Statens vegvesen Region Midt** (heretter kalt SVV),

## 1. BAKGRUNN OG FORMÅL

Utbygger skal utføre foreløpig / mellombels utbedring av Nærøykrysset i Herøy kommune. Krysset er mellom fv. 18 og Nærøyvegen. Utbedringen går på å etablere kanalisert T-kryss og omfatter endret linjeføring i og ved krysset for eksisterende kjøreveger, gang-/sykkelveger og del av busslomme.

Byggestart: Vår 2018.

Komplett ferdigstilling er foreløpig satt til: Vår/sommer 2018

## 2. ALMINNELIGE BESTEMMELSER

- 2.1. Arbeidene på offentlig veggrunn fremgår på tegninger inntatt som •kartvedlegg til denne avtalen.
- 2.2. Offentlig veggrunn kan i denne avtale omfatte fylkesveg. Fylkesveggrunn eies av den relevante fylkeskommune og forvaltes av Statens vegvesen på vegne av fylkeskommunen. For fylkesveg inngås denne avtalen på vegne av fylkeskommunen.
- 2.3. Avtalen omfatter kontroll og godkjenning av byggeplan, kontroll av utbyggingsfasen, overlevering og garantier.
- 2.4. All informasjon og lignende som partene mottar etter avtalens inngåelse, og som kan tenkes å ha betydning for noen av punktene i denne avtale, skal uten ugrunnet opphold meddeles den andre avtaleparten.
- 2.5. Utbygger forestår bygging av veganlegget nevnt i punkt 2.1. ovenfor etter godkjent byggeplan (eventuelt tekniske planer) og tidsfrister i denne avtale.  
  
Nødvendige tilpasninger til eksisterende veger og teknisk infrastruktur (sluk- og overvannssystem, vegbelysning, skilt m.m.) er en del av Utbygger sitt ansvar.
- 2.6. Eventuelle skader som måtte oppstå på offentlig veggrunn som følge av anleggsarbeidene skal snarest meldes til SVV og skal utbedres av Utbygger for Utbygger sin regning. Eventuelle reparasjoner skal godkjennes av SVV.

- 2.7. Veglova § 33 regulerer bruk av reklameskilt langs offentlig veg. Innenfor avtaleområdet er det ikke, verken for Utbygger, entreprenør(er) eller andre, lov til å sette opp reklameskilt uten tillatelse fra SVV.

### **3. FINANSIERING**

Prosjektet finansieres fullt og helt av Utbygger. Dette innebærer at SVV ikke skal bidra med midler i prosjektet eller påføres noen utgifter.

### **4. SIKKERHETSSTILLELSE OG REKLAMASJONSTID**

- 4.1. Dersom anlegget ikke fullføres i samsvar med denne avtalen, står SVV fritt til å fullføre anlegget for den delen (objekt/element som blir en del av fylkesvegen) for Utbygger sin regning etter at skriftlig varsel er gitt Utbygger.

### **5. EIENDOM**

- 5.1. SVV stiller eksisterende veggrunn til disposisjon for bygging av tiltaket.
- 5.2. Utbygger har ansvar for å erverve grunn og rettigheter i den grad dette er nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Utbygger har ansvar for eventuelle klausuleringer.
- Med «nødvendig» grunn menes det areal som etter SVV sin praksis blir definert som veggrunn. Dette arealet er for fylkesveg avgrenset til minimum 1 – én – meter utenfor skjæringstopp/fyllingsfot, men er likevel minimum 6 – seks – meter utenfor vegkant på kjøreveg og 2 – to – meter utenfor kant på gang- og sykkelveg.
- 5.3. Dersom forsøk på minnelige forhandlinger med grunneier/rettighetshaver ikke fører frem, vil SVV vurdere om det er grunnlag for ekspropriasjon og eventuell forhåndstiltredelse til nødvendige arealer etter veglova kapittel IV eller annet relevant hjemmelsgrunnlag. Alle kostnader knyttet til en eventuell ekspropriasjonssak skal dekkes av Utbygger.
- 5.4. Utbygger har ansvaret for innmåling av nye grenser når anleggsarbeidene er utført og for produksjon av målebrev. Utbygger har ansvar for rekvirering av kartforretning. SVV innkalles til denne. Disse arbeidene skal være avsluttet innen ett år etter at anlegget er overlevert til SVV.
- Alle kostnader i forbindelse med fradeling, oppmåling og oppretting av matrikkelenhet dekkes av Utbygger.
- 5.5. Etter overtakelse av veganlegget, anses MRFK som reell eier av arealet, uavhengig av om den formelle overføring av hjemmel tar lenger tid. Ved overtakelse tilbakeføres også drift- og vedlikeholdsansvaret til MRFK.

### **6. UTBYGGERANSVARET**

- 6.1. Utbygger er ansvarlig overfor SVV for at gjennomføringen av anlegget er i henhold til denne avtalen.

- 6.2. Utbygger skal stille med byggeleder som har erfaring fra tilsvarende arbeider som anlegget.
- 6.3. Utbyggern er ansvarlig i henhold til Arbeidsmiljølovens forskrift av 3. august 2009 nr.1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (Utbyggerforskriften).
- 6.4. Utbygger sin byggeleder skal utpekes som HMS koordinator og utarbeide en SHA-plan for både planleggings- og gjennomføringsfasen. Utbygger skal sørge for at entreprenør utarbeider en egen SHA- og kvalitetsplan på grunnlag av Utbyggerns plan.
- 6.5. Utbygger har det juridiske og økonomiske ansvar for erstatninger som følge av anleggsdriften.
- 6.6. Utbygger har ansvar for å gi nødvendig informasjon om anlegget og anleggsarbeidene til omgivelsene.
- 6.7. Utbygger skal avklare alle forhold med berørte parter og offentlige etater. Alle henvendelser, avtaler og lignende med private, entreprenører eller offentlige etater skal gå gjennom Utbygger.

## **7. BYGGING**

- 7.1. Prosjektet skal gjennomføres og dokumenteres i henhold til Statens vegvesens til enhver tid gjeldende normaler, håndbøker, og retningslinjer, samt aktuelle standarder etc.

Utbygger har ansvar for at prosjektet har den tekniske og miljømessige kvaliteten som er beskrevet i byggeplanene.

Ved gjennomføring skal følgende prinsipper legges til grunn:

- Utbyggerns beskrivelse skal være i samsvar med gjeldende håndbøker og tekniske krav som skal overleveres SVV før anleggsstart.
- Utbygger skal utarbeide en kontraktspesifikk kvalitetsplan som skal overleveres SVV.
- Utbygger skal dokumentere at foreskrevet teknisk kvalitet og miljøkvalitet er oppnådd.
- Utbygger skal avdekke eventuelle mangler, varsle SVV (melde avvik) og gjennomføre tiltak for utbedring av manglede kvalitet etter avtale med SVV.
- Utbyggerns kvalitetsdokumentasjon skal leveres SVV fortløpende.
- Utbyggerns drift- og vedlikeholdsdokumentasjon skal leveres SVV fortløpende.
- SVV mottar og gjennomgår dokumentasjon, og foretar egen stikkprøvekontroll for å verifisere Utbyggers egenkontroll og som ekstra sikkerhet.

Utbygger skal med basis i en risikovurdering utarbeide en kontrollplan for prosjektet.

- 7.2. SVV skal godkjenne byggeplan før arbeidet kan igangsettes. Slik godkjenning medfører ikke at SVV overtar ansvar som er tillagt Utbygger gjennom denne avtalen.
- 7.3. Før arbeidet starter skal Utbygger sørge for å fremskaffe godkjente arbeidsvarslingsplaner, gravetillatelser og sikker jobbanalyse fra. Utbygger skal skriftlig meddele SVV navnet på skiltansvarlig person hos Utbygger. Som skiltansvarlig kan Utbygger kun anvende personell med gjennomført kurs i arbeidsvarsling. All relevant dokumentasjon herunder sendes SVV.
- 7.4. Anleggsarbeidene skal foregå på en måte som ikke hindrer trafikken i området unødvendig. Alle forhold som berører trafikkavviklingen skal avklares med SVV på forhånd.
- 7.5. Utbygger skal oversende fremdriftsplan, kvalitetsplan og kontrollplan til SVV før entreprenøren starter arbeidet. Kontrollplanen skal omfatte alle arbeider hvor det er satt kvalitetskrav/ -toleranser.
- 7.6. SVV forbeholder seg retten til enhver tid å foreta kontroll av arbeidene på anleggsstedet. Slike kontroller fritar ikke Utbygger for sitt ansvar etter denne avtalen. Kontroller som blir nødvendig på grunn av feil utførelse, slurv eller grov uaktsomhet, belastes Utbygger.  
  
Utbygger skal varsle SVV for eventuell kontroll ved alle arbeidsoperasjoner der produkt blir tildekket, som for eksempel membran, asfalt osv.
- 7.7. Dersom det er aktuelt å samkjøre kommunaltekniske anlegg, kabelanlegg, fjernvarmeledning, spillvannsledning og lignende skal det skje etter detaljert ledningsplan som skal godkjennes av SVV før anlegget påstartes. Utbygger bærer alle kostnader knyttet til disse arbeidene.
- 7.8. Dersom Utbygger kommer i berøring med «kjente og ukjente» offentlige/private ledninger, herunder elektriske ledninger, vann- og avløpsledninger, er det Utbygger sitt ansvar å besørge og bekoste eventuelle nødvendige omlegginger/tilpasninger.
- 7.9. Utbygger skal forelegge sin fremdriftsplan for anlegget for SVV og skal holde SVV løpende orientert om fremdriften. Anlegget skal senest være ferdigstilt innen [•].

## **8. MØTER – KORRESPONDANSE – GJENPARTER**

- 8.1. Før arbeidene starter opp skal det avholdes et oppstartsmøte mellom partene i denne avtalen. Tilstede på møtet skal i tillegg være Entreprenør.
- 8.2. Utbygger bestemmer hyppigheten av byggemøtene som ledes av Utbygger. Faste deltakere på møtene er Utbygger og entreprenøren. SVV forbeholder seg retten til å delta på byggemøtene med de samme rettighetene som de faste møtedeltakerne. SVV skal ha innkalling til og referat fra alle byggemøter.
- 8.3. Kopi av byggemøtereferater og all relevant korrespondanse sendes avtalepartenes representanter.
- 8.4. Herøy kommune sin representant i prosjektet er Eldar Hansen.

SVVs representant i utbyggingsfase av prosjektet er Bjørn Sunde

## 9. ENDRING AV PLANENE

Alle forslag til endringer av godkjent byggeplan skal behandles av begge avtaleparter. Eventuelle endringer skal godkjennes av begge avtaleparter før utførelse i marken.

## 10. TILLEGGSARBEIDER

Utbygger inngår avtaler om eventuelle tilleggsarbeider. Tilleggsarbeidene vil primært være arbeider som er uteglemt/ikke godt nok definert i kontrakten med entreprenøren og som er nødvendig for ferdigstillelse etter SVVs kvalitetskriterier. Kostnadene er SVV uvedkommende.

## 11. OVERTAKELSE

- 11.1. Overtakelse kan finne sted når alle arbeider er utført i henhold til denne avtale og dokumentert i henhold Statens vegvesens håndbøker N200 og R761. Før overtakelse finner sted skal Utbygger ha overtatt prosjektet fra Entreprenør og eventuelle feil og mangler skal være utbedret.
- 11.2. SVV overtar anlegget vederlagsfritt fra Utbygger.
- 11.3. Overtakelse skal varsles SVV 2 – to – uker på forhånd og finner sted etter en besiktigelse på bar mark. Ved overtakelse skal avtalepartene i fellesskap undertegne overtakelsesprotokollen.

## 12. DOKUMENTASJON

Før overtakelse skal Utbygger oversende følgende dokumentasjon til SVV:

- Ferdigvegstegninger på digitalt format, as–built (vektorgrafikk som .dwg og/eller .dxf i tillegg til rastergrafikk som .pdf).
- FVD–dokumentasjon for elektroanlegg/veglys
- FDV–dokumentasjon for øvrige tekniske anlegg
- Koordinater for kabler/rør/ledninger
- Rørinspeksjon med videokamera

Videre skal Utbygger levere digitale ferdigvegsdata til oppdatering av FKB (Felles Kartdatabase) og NVDB (Nasjonal Vegdatabank) som spesifisert i vedlegg til denne avtalen merket «*Ferdigvegsdata til kart og NVDB*». Geometri skal leveres på SOSI–



format med objekttyper fra den til enhver tid gjeldende «*Objektliste for ferdigvegsdata til kart og NVDB*», og etter gjeldende SOSI-versjon. SOSI-filen skal gi opplysninger om kvalitet (målemetode og stedfestingsnøyaktighet), dato (datafangstdato) og produsent. Egenskapsdata til NVDB leveres på egnet format (f.eks. Excel) etter nærmere avtale. Alle data leveres i EUREF89 og NN2000 om ikke annet er avtalt. For nøyaktighetskrav vises det til SVVs håndbok 018 «Vegbygging».

Dokumentasjonen skal være i henhold til gjeldende håndbøker og standarder. Utbygger bærer alle kostnader knyttet til dette dokumentasjonsarbeidet.

### **13. MANGLER OG REKLAMASJON**

- 13.1. Det foreligger mangel ved anlegget dersom anlegget ved overtakelsen ikke er i den stand som forutsatt i denne avtalen. Som mangel regnes også skade på anlegget som oppstår etter overtakelsen, og som er en nærliggende og påregnelig følge av den opprinnelige mangelen.
- 13.2. Utbygger har rett og plikt til å utbedre mangler for egen kostnad. Dersom utbedring ikke skjer innen en rimelig frist fastsatt av SVV kan SVV sette bort arbeidene til andre for Utbyggers kostnad.
- 13.3. SVV taper sin rett til å gjøre mangel gjeldende dersom en ikke senest ved overtakelsesforretningens avslutning melder fra om mangel som en har eller burde ha oppdaget ved gjennomføringen av overtakelsesforretningen. Mangelen skal angis i overtakelsesprotokollen eller i vedlegg til denne.
- 13.4. SVV taper sin rett til å gjøre mangel gjeldende etter overtakelsen dersom en ikke varsler Utbygger innen rimelig tid etter en har eller burde ha oppdaget mangelen. Reklamasjon kan ikke fremsettes senere enn 5 år etter overtakelsen. For de deler av anlegget det eventuelt er foretatt utbedringer på, løper 5 års fristen fra tidspunktet for ferdigstilling av utbedringsarbeidet, men ikke mer enn ett år ut over den opprinnelige fristen.
- 13.5. Uansett reklamasjonsbestemmelsene ovenfor kan SVV gjøre gjeldende mangel som har sin årsak i forsett eller grov uaktsomhet hos entreprenøren.
- 13.6. Skader og ulemper som oppstår som følge av anlegget eller anleggsarbeidene er Utbyggers sitt ansvar.
- 13.7. Utbygger forplikter seg til i en periode på 5 – fem – år etter overtakelse, uten omkostninger for SVV, å rette feil eller mangler ved anlegget. Tilsvarende gjelder skader som oppstår som følge av anlegget. Dette gjelder også erosjon med slamming av grøfter, rørledninger og kummer.
- 13.8. For grøntanlegg er det en garantiperiode på 3 – tre – hele vekstsesonger fra ferdigstilling. Det betyr at garantitiden ikke kan avsluttes før tidligst [•], 3 – tre – år etter overtakelse. Plan for skjøtsel skal utarbeides og godkjennes av SVV før overtakelse.

## 14. HEVING

SVV kan heve avtalen dersom Utbygger vesentlig misligholder sine forpliktelser etter denne avtalen. Avtalen kan også heves dersom vesentlige forutsetninger for avtalen endrer seg forut for byggestart.

## 15. UOVERENSSTEMMELSER – TVISTER

- 15.1. Avtalepartene skal søke å løse eventuelle uoverensstemmelser fortløpende. Eventuelle tvister knyttet til denne avtalen skal avgjøres ved de ordinære domstoler.
- 15.2. Sunnmøre tingrett er verneting for denne avtalen.

## 16. VEDLEGG

Avtalen har følgende vedlegg:

- **Kartvedlegg**
- **Ferdigvegsdata til kart og NVDB**

## 17. UTFERDIGELSE OG SIGNATUR

Denne avtalen er utferdiget og underskrevet i 2 – to – eksemplarer, hvorav partene beholder hvert sitt.

For: Herøy kommune

For: Statens vegvesen Region Midt

Dato: [•]


Dato: [•]

Sign: \_\_\_\_\_

Sign: \_\_\_\_\_



Pri nr.	Stad / vegnr	Type tiltak	Grunngeving	Ansvar	Kommentar
4	*Nærøykrysset - FV18 (ENDRA)	Nytt T-kryss i samsvar med skisse for mellombels utbetring (Rambøll 27.10.14). Etablere kryssing for fotgjengarar og gang-/sykkelveg som knyt saman eksisterande nett.	Trafikkfarleg kryss. Registrert fleire alvorlege trafikklukker. Farleg kryssingspunkt for skuleborn. I utgangspunktet regulert rundkøyring.	MR fylke STV	Reguleringsplan med rundkøyring godkjent. Dette er mellombels løysing som er krav for vidare utbygging i området. Det må søkjast MR fylke om prioritering og gjennomføring av tiltaket.



Reguleringsplan for Nærøykrysset



Foto over dagens kryssutforming på Nærøya



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/881
		Arkiv:	026

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
168/17	Formannskapet	17.10.2017
18/17	Valnemnd	26.10.2017
130/17	Kommunestyret	26.10.2017

### ETABLERING AV POLITISK UTVAL I SAMBAND MED INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSPROSJEKT.

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slikt tillegg i punkt a: dokumentcenter

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

1. Det vert etablert ei politisk utval for å kome i møte den politiske styringsutfordringa ved dei interkommunale prosjekta og sikre overordna politisk samordning på andre samarbeidsprosjekt. Utvalet skal ha følgjande samarbeidsområde ved oppstart:
  - a. Økonomi/løn/service/dokumentcenter
  - b. Plan/teknisk/brann
  - c. Barnevern/NAV
  - d. Samarbeid vedkommande samferdsel

Utvalet består av tre folkevalde frå kvar samarbeidande kommune.

2. Frå Herøy vert følgjande valde:

.....  
.....  
.....

3. Utvalet konstituerer seg sjølv.

4. Utvalet skal basere seg på semje (konsensusprinsippet).

5. Oppgåvene skal vere:

- Følgje vedtekne samarbeidsprosjekt 01.01.18 – 31.12.19.
- Utarbeide overordna prosjekt, t.d. på samferdsel,
- Utreie politiske styringsmodellar for samarbeidsprosjekt frå 01.01.2020.

6. Utvalet skal vere i funksjon i perioden 01.01.18 – 31.12.19.

### **Tilråding:**

7. Det vert etablert ei politisk utval for å kome i møte den politiske styringsutfordringa ved dei interkommunale prosjekta og sikre overordna politisk samordning på andre samarbeidsprosjekt. Utvalet skal ha følgjande samarbeidsområde ved oppstart:

- a. Økonomi/løn/service
- b. Plan/teknisk/brann
- c. Barnevern/NAV
- d. Samarbeid vedkommande samferdsel

Utvalet består av tre folkevalde frå kvar samarbeidande kommune.

8. Frå Herøy vert følgjande valde:

.....  
.....  
.....

9. Utvalet konstituerer seg sjølv.

10. Utvalet skal basere seg på semje (konsensusprinsippet).

11. Oppgåvene skal vere:

- Følgje vedtekne samarbeidsprosjekt 01.01..18 – 31.12.19.
- Utarbeide overordna prosjekt, t.d. på samferdsel,
- Utreie politiske styringsmodellar for samarbeidsprosjekt frå 01.01.2020.

12. Utvalet skal vere i funksjon i perioden 01.01.18 – 31.12.19.

Særutskrift:

- Vanylven kommune
- Sande kommune
- Rådmannen si leiargruppe

### **Samandrag av saka:**

Rådmannen kjem med framlegg om at det vert etablert ei politisk utval for samarbeidsprosjekta mellom Herøy og Vanylven, og Sande dersom dei ynskjer å vere med.

### **Saksopplysningar:**

Resultatet av kommunereforma er at Herøy, som alle kommunane på Ytre Søre Sunnmøre held fram som eigne kommunar. Dette aktualiserer igjen kva interkommunale samarbeid kommunen(e) skal gå inn i for å sikre kompetanse på diverse fagområde. Det overordna prinsippet er som kjent at kommunale tilbod – innanfor visse rammer - skal tilbydast likt uavhengig av kvar ein bur i landet.

Det har mange gonger vore påpeika som ei svakheit ved interkommunale samarbeid at dei meir eller mindre lever sitt eige liv unnateke den ordinære politiske styringa. Dette er i og for seg relevant, men samstundes skal ein hugse på at leveransar av kjerneoppgåver (skule, pleie, helse) framleis skal leverast av primærkommunen åleine, og at dei vedtekne samarbeidsprosjekta berre utgjør ein liten del av kommunens netto driftsbudsjett.

Trass i dette vil vi foreslå at det vert etablert eit politisk utval for alle interkommunale prosjekt (også dei overordna politiske prosjekta).

Vanylven er kome relativt godt i gong med prosessen med å både plukke ut sårbare fagområde, samt etablere samarbeidsprosjekt. Såleis vart det i april 2017 gjort vedtak i kommunestyret om følgjande framdriftsplan:

2017: IKT – informasjon- og kommunikasjonsteknologi.

2018: Løn/rekneskap.

2019: Plan/teknisk.

2020: Barnevernstenesta.

2021: PPT- pedagogisk-psykologisk teneste.

Status er i dag som følgjer:

- IKT er oppe og går. Hovudkontoret er lagt til Hareid, og samarbeidet omfattar alle kommunane på Søre Sunnmøre.
- Løn/rekneskap. Kommunestyret har vedteke å sjå på moglegheit for samarbeide med Vanylven kommune på desse fagfelta. Planen er igangsetting av samarbeidet per 01.01.2018. Det er ikkje umogleg at også Sande vert med.
- Plan/teknisk. Saka er på veg gjennom det politiske avgjerdssystemet. Det er også Vanylven kommune som er den aktuelle samarbeidsparten her, men Sande er også invitert med.

I siste kommunestyremøte i Vanylven vart det fremja ei oversendingssak det det vart bede om at ordføraren(ane) i samarbeidskommunen (ane) må støtte opp om Rovdefjordssambandet, og at dette må vere ein føresetnad for å gå inn i noko administrativt samarbeid. Sjølv om dette er eit overordna politisk prosjekt vel vi å ta den med i denne saka.

Som går fram over er Herøy godt i gong med etablering av dei vedtekne samarbeidsprosjekta.

Styringsutfordringa knytt til ulike former for interkommunale samarbeid har vore problematisert i fleire år, og var også brukt som eit viktig argument for kommunereforma. Vidare har fleire ekspertmiljø hevda at styring av interkommunale samarbeid gjennom tradisjonelle folkevalde organ kan vere både uoversiktleg og udemokratisk.

Desse argumenta kan vere relevante, og for å motverke eventuell problem vil vi difor foreslå innført eit politisk vald utval.

Dette utvalet bør bestå av to alternativt tre medlemmer frå kvar av dei samarbeidande kommunane. Eventuelle nye samarbeidskommunar vil altså tre inn med sine medlemmer.

### **Vurdering og konklusjon:**

Eit slikt utval må basere seg på einigheit (konsensus), og vil ha følgjande oppgåver:

1. Følgje vedtekne samarbeidsprosjekt 01.01.18 – 31.12.19.
2. Utarbeide overordna prosjekt, t.d. på samferdsel.
3. Utreie politiske styringsmodeller for samarbeidsprosjekt frå 01.01.2020.

Fosnavåg, 30.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann





Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/1314
		Arkiv:	C80

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
169/17	Formannskapet	17.10.2017
131/17	Kommunestyret	26.10.2017

### TILRETTELEGGING FOR BORGARLEGE VIGSLAR I KOMMUNEN.

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slik endring i punkt 1-3:

1. Den kommunale vigselretten blir i Herøy teke hand om av ordførar og varaordførar eller ein annan som ordføraren utnemner.
2. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.
3. Vigselstad blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

1. Den kommunale vigselretten blir i Herøy teke hand om av ordførar og varaordførar eller ein annan som ordføraren utnemner.
2. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.
3. Vigselstad blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.
4. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.

5. Det administrative ansvaret for vigselordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.

### **Tilråding:**

4. Den kommunale vigselretten blir i Herøy teke hand om av ordførar og varaordførar.
5. Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.
6. Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på anna høveleg møterom.
7. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.
8. Det administrative ansvaret for vigselordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.

### **Særutskrift:**

- Ordføraren
- Rådmannen

### **Vedlegg:**

Rundskriv om kommunale vigsler datert 21.09.2017:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d883f32c90d249a5924de82ffa3c3aba/run-dskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler.pdf>

### **Samandrag av saka:**

Stortinget har nyleg vedteke endringar i ekteskapslova, jf Lov om endringar i ekteskapsloven som ein del av oppgåveoverføringa til kommunane. Lovendringa betyr at vigselmynde vert overført frå sorenskrivaren til ordførar, varaordførar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gir slik mynde. Ansvaret for gjennomføring av borgarlege vigslar vert med det overført frå tingrettane og Oslo byfogdembete til kommunane.

### **Saksopplysningar:**

Lovendringa trer i kraft frå 1. januar 2018.

Reglane om ekteskapsinngåing går fram av ekteskapsloven kapittel 3. Oppgaveoverføringa betyr at kommunane må vere klare til å ta imot brudepar som ynskjer å gifte seg borgarleg frå 1. januar 2018.

Kommunestyret må avklare kven som skal ha vigselformularen i kommunen før reglane trer i kraft. Ordførar og varaordførar er gitt vigselformularen direkte i lova. Lova seier at i tillegg kan kommunestyret sjølv gi vigselformularen til kommunalt tilsette eller folkevalde. Kommunestyret må sjølv vurdere behovet og kven som er eigna til å ha oppgåva.

Lovproposisjonen omtalar at kommunen sitt tilbod skal vere godt og tilgjengeleg. Det er også uttala at det er viktig at kommunen legg til rette for den seremonielle karakteren i vigsla.

#### Kven skal tilbodet gjelde for?

Lovendringa inneber at kommunane er pålagt å ha eit vigselforbod for eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Norge. Det skal vere tilstrekkeleg at ein av brudefolket er busett i kommunen for at plikta til kommunen om å gjennomføre vigsle gjeld. Det står fritt til kommunen å tilby vigsel for brudefolk busett i andre kommunar.

#### Kor og når skal vigslane finne stad?

Søre Sunnmøre tingrett har om lag 35 vigsjar pr år, kor mange av desse som er innbyggjarar i Herøy har vi ikkje fått oversikt over. Domstolane praktiserer å sette av inntil 15 minuttar pr vigsel. I tillegg til sjølv seremonien vil kommunen måtte pårekne noko tidsbruk til administrativt for- og etterarbeid. Dette vil blant anna omfatte bestilling av timar til vigsel, spørsmål frå publikum, utsending av midlertidig vigselsattest, samt retur av prøvingsattest til Skatteetaten.

Lovproposisjonen understrekar at det er viktig å oppretthalde vigselen sin seremonielle karakter, og viser i denne samanhengen til at bruk av eigna lokale og det borgarlege vigselsformularet er avgjerande tiltak i så måte.

Bruk av eigna lokale vil bety mykje for korleis ein vigselssermoni vert oppfatta. I lovførebuinga er det lagt til grunn at kommunane har rådhus, kommunehus eller andre lokale som kan gjerast tilgjengeleg for vigsjar. Herøy rådhus har ikkje eit rom som "utpeiker" seg som eigna for vigsjar, men det blir foreslått å nytte ordføraren sitt kontor eller anna møterom.

Kommunestyret må vurdere om det skal opnast for ein praksis om at vigsjar kan finne stad utanom kontortid eller andre stadar enn på rådhuset. Ein slik praksis må vegast opp mot kapasitet: Har kommunen kapasitet til å imøtekome ønskje om vigsjar utanom arbeidstid og på andre lokasjonar? Det kan opplevast som urettferdig dersom ein opnar for at nokon kan få vie seg til andre tider og på andre stadar – medan andre ikkje får det.

#### Innhald i seremonien

Det borgarlege vigselsformularet er fastsett ved kongelig resolusjon og skal nyttast ved gjennomføringa av borgarlege vigsjar. Formularet set eit minimumskrav til innhaldet i vigselen, men det er i prinsippet rom for å tilpasse seremonien med t.d. song, musikk, utveksling av ringer, tekstlesing e.l. I utgangspunktet vert det tilrådd at ein vidarefører domstolane sin praksis med å sette av inntil 15 minutt pr. vigsel i rådhuset. Av disse vil 5 minutt gå med til den obligatoriske lesinga av

vigselsformularet. Brudeparet vil dermed ha ca. 10 minutt tilgjengeleg til andre aktivitetar som musikk, tekstlesing e.l. som de sjølv er ansvarleg for å legge til rette for. Domstolane opplyser at dette fungerer godt i praksis.

Det blir foreslått å vidareføre domstolane sin praksis om å ha eit tilbod om å gjennomføre vigsler på norsk og engelsk. Dette er kompetanse kommunen skal klare å stille med. Dersom ein av partane ikkje forstår eitt av desse språka, pliktar desse sjølv å stille med kvalifisert tolk og dekke utgiftene knytt til dette.

### **Økonomiske konsekvensar**

I lovproposisjonen vert også spørsmålet om betaling for vigsel omtala, og det vert peikt på at det er eit viktig prinsipp for kommunale vigsler at kommunen sitt alminnelege vigselstilbod skal vere gratis for kommunen sine egne innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge.

Dersom kommunen i tillegg opnar for at vigsler kan skje utanfor kommunen sine ordinere lokale, utover ordinere opningstider eller for brudefolk som ikkje er busett i kommunen, kan kommunen krevje å få dekkja meirkostnader ved dette. Døme på slike kostnader er utgifter for vigsleren og kostnader knytt til bruk av kommunale lokale. Kommunen må i så fall regulere kva kostnader ein kan krevje dekkja. Krav frå kommunen om dekking av slike kostnader må avtalast med brudeparet på førehand. Det skal ikkje vere høve for kommunen til å ta betaling for gjennomføring av vigsler ut over dekking av naudsynte og dokumenterte meirkostnader.

### **Vurdering og konklusjon:**

Lovendringa inneber at kommunen må legge til rette for eigna lokale for borgarlege vigsler. Kommunehus er omtala i prop. som eigna lokale. I Herøy kan ordføraren sitt kontor og andre møterom vere eigna lokale for borgarleg vigselseremoni.

Gjennom lova er ordførar og varaordførar gitt vigselsmynde. I ein kommune på Herøy sin storleik, er det truleg ikkje behov for fleire med vigselsmynde tilstades. Det blir foreslått at ein legg opp til eit vigselstilbod som er samanliknbart med det som domstolane tradisjonelt har hatt, og som innfrir dei minimumskrava som blir sett i regelverket. Dersom det skal opnast for at vigsler finn stad ein annan stad etter avtale med vigsleren, må desse kostnadene dekkast av brudeparet.

Fosnavåg, 05.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/646
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
170/17	Formannskapet	17.10.2017
132/17	Kommunestyret	26.10.2017

### PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - VAL AV UTBYGGINGSTOMT - FORHANDLINGSMANDAT

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

1. Kommunestyret tek sak om alternative utbyggingstomter til orientering og ber rådmannen om å gå i forhandlingar med grunneigarane av utbyggingstomt 1, 2, 3 og 4 om eventuelt erverv av naudsynt grunn.
2. Kommunestyret ber om at forhandlingsresultat og endeleg val av utbyggingstomt vert fremma til ny handsaming i kommunestyret i november.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjekt 61604 Hovudbrannstasjon innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresettt naudsynt finansiering.

#### Tilråding:

5. Kommunestyret tek sak om alternative utbyggingstomter til orientering og ber rådmannen om å gå i forhandlingar med grunneigarane av utbyggingstomt 1, 2, 3 og 4 om eventuelt erverv av naudsynt grunn.
6. Kommunestyret ber om at forhandlingsresultat og endeleg val av utbyggingstomt vert fremma til ny handsaming i kommunestyret i november.
7. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjekt 61604 Hovudbrannstasjon innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
8. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar

Økonomiavdelinga

Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Herøy brann og redning

Hovudverneombodet

Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen, 7468 Trondheim

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde

**Vedlegg:**

Prenta vedlegg

1. Oversiktskart

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16
2. F-sak 172/16
3. K-sak 204/16
4. K-sak 111/17

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld mandat til å gå i forhandlingar med grunneigarane av alternative utbyggingstomter for ny hovudbrannstasjon (prosjekt 61604).

**Saksopplysningar:**

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 111/17 forprosjekt for tilbygg og rehabilitering av Fosnavåg driftsbasis og brannstasjon og forprosjekt for ny hovudbrannstasjon på alternativ utbyggingseigedom og gjorde slikt vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.

2. *Kommunestyret ber administrasjonen sjå etter alternative tomter.*
3. *Saka kjem tilbake til kommunestyret i neste møte.*

### Føresetnadar for lokalisering av hovudbrannstasjon

Val av utbyggingstomt for ny hovudbrannstasjon må vurderast opp mot fylgjande moment:

#### **Uttrykningstid**

Val av tomt må vurderast opp mot kravet til uttrykningstid. Brannstasjonen må såleis plasserast slik at samla uttrykningstid frå alarmen går til mannskap er framme på brannstaden ikkje overstig 10 minutt. Brannmannskap skal i denne samanheng vere framme på stasjon innan 6 minutt på natt. Netto uttrykkingstid frå stasjon til brannstad må såleis ikkje overstige 4 minutt.

Ovannemnde inneber at hovudbrannstasjonen må lokaliserast på Bergsøya. Ei risikovurdering av ytre hendingar inneber at stasjonen ikkje kan lokaliserast i Fosnavåg sentrum, men må lokaliserast sør for Herøy kyrkje. Dette fordi Skarabakken som einaste tilkomstveg ved ulykke kan blokkere uttrykningsveg for brannmannskapet. Likeins har vi sett ei ytre grense i aust, ved Berge Bedehus. På Mjølstadneset er grensa sett ved rundkøyringa inn til industriområdet, då lokalisering sør for denne grensa inneber for lang uttrykningstid.

Kravet til hurtig tilkomst til brannstasjon ved alarm, inneber også at stasjonen bør lokaliserast nærast mogleg hovudtrafikkåre, som i dette tilfelle er FV 654.

#### **Eigarsituasjon**

Val av tomt må vurderast opp mot grunneigarsituasjonen. Ei kommunal tomt vil såleis få beste score medan tomt eigd av private vil få redusert score, dels fordi dette inneber usikkerheit for om ein i det heile får i stand ein avtale, dels fordi prosjektet kan verte påført ekstrakostnadar til grunnverv.

#### **Reguleringsformål**

Val av tomt må vurderast opp mot reguleringsplan og kommuneplan. Ei tomt avsett til offentleg føremål får såleis beste score, medan regulering andre utbyggingsføremål gir redusert score.

#### **Storleik og utforming**

Val av tomt må vurderast opp kva som er tilgjengeleg av areal. Vi stiller i den samanheng opp eit krav om at tomta må vere minimum 3 600 m<sup>2</sup> stor. Dette er naudsynt for det prosjekt som kommunestyret no har vedteke.

#### **Tilkomst til hovudfartsåre**

Val av tomt må vurderast opp mot tilkomst til hovudfartsåre, i dette tilfelle FV 654. Direkte tilkomst til fylkesvegen gir såleis høgaste score.

#### **Naboforhold**

Val av tomt må vurderast opp mot naboforholda i området.

\* \* \*

I tillegg til ovannemnde faktorar, har vi også vurdert tomtealternativa opp mot fylgjande moment knytt til sjølve prosjektgjennomføringa:

### **Prosjektøkonomi**

Val av tomt må vurderast opp mot antatt totalkostnad for utbygging. Vi har i vurderinga difor særleg lagt vekt på eventuelle kostnadar til:

- Grunnkjøp
- Omregulering
- Miljøsanering og riving av eventuell uhensiktsmessig bygningsmasse.
- Opprydding i forureina grunnforhold.
- Arkeologiske forhold.

Den svært korte tidsfristen for å fremme ny sak gjer at vi ikkje har konkrete tal å legge på bordet vedrørande dei ulike budsjettpostane. Samstundes ville det også vere uheldig å offentleggjere med tanke på eventuelle etterfylgjande forhandlingar med grunneigarane om erverv.

### **Prosjektframdrift**

Val av tomt må vurderast opp mot estimert framdrift for realisering av prosjektet. Dette skuldast særleg dei strenge krav Arbeidstilsynet har stilt til framdrift i prosjektet. Momentet er såleis relevant, men ikkje avgjerande dersom økonomiske eller funksjonelle omsyn elles tilseier anna lokalisering.

\* \* \*




### Alternative utbyggingstomter

På bakgrunn av ovanenmnde moment, har vi vurdert fleire eigedomar innanfor dei ytre avgrensningane ved Herøy kyrkje, Berge bedehus og Mjølstadneset.

Eigedomar der grunneigar allereie no har vore negativ til forhandlingar er ikkje teke med i utgreiinga. Dei eigedomane som vi ynskjer å gå vidare med er markerte i vedlagte oversiktskart, sjå prenta vedlegg 1.


Tomtealternativ 1	Ospenesvegen 5	Gnr.	37	Bnr.	412
Grunneigar	<a href="#">Kvadratbygg Utbygging AS</a>				
Bruttoareal	4 984 m <sup>2</sup>				
Kommuneplan	<a href="#">Bustadbebyggelse.</a>				
Reguleringsplan	<a href="#">Bustadføremål.</a>				
Bebyggelse	Nei.				
Tilkomst	<a href="#">Tilkomst til FV 654 via kommunal veg Ospenesvegen.</a>				

Tomta grensar inntil FV 654 i vest og Ospenesvegen i sør. Området elles består av næringsverksemd (forretning og privat barnehage) og bustadbebyggelse.



<b>Tomtealternativ 2</b>	<b>Myklebustvegen 61</b>	<b>Gnr.</b>	<b>37</b>	<b>Bnr.</b>	<b>309</b>
Grunneigar	Herøy Eigedom AS				
Bruttoareal	Om lag 2 748 + 900 = 3 648 m <sup>2</sup>				
Kommuneplan	Kombinert bebyggelse og anleggsmål				
Reguleringsplan	Uregulert.				
Bebyggelse	Ja. Bebyggelsen tilrådest riven.				
Tilkomst	Tilkomst til FV 654 via kommunal veg Ospenesvegen.				

Tomta grensar inntil FV 654 i sør og Myklebustvatnet i nordleg retning. Det er privat bustadbebyggelse i vest, næringsverksemd i aust og kommunalt tenestetilbod i sør.



Den tilgrensande eigedomen Myklebustvegen 63 vurderast også som aktuell:

<b>Tomtealternativ 3</b>	<b>Myklebustvegen 63</b>	<b>Gnr.</b>	<b>37</b>	<b>Bnr.</b>	<b>310</b>
Grunneigar	Nettbuss AS				
Bruttoareal	Om lag 2 909 m <sup>2</sup>				
Kommuneplan	Kombinert bebyggelse og anleggsmål				
Reguleringsplan	Uregulert.				
Bebyggelse	Ja. Bebyggelsen tilrådest riven.				
Tilkomst	Tilkomst direkte til FV 654.				

<b>Tomtealternativ 4</b>	<b>Buholmvegen</b>	<b>Gnr.</b>	<b>29</b>	<b>Bnr.</b>	<b>5</b>
Grunneigar	Stig Konrad Berge				
Bruttoareal	Om lag 12 850 m <sup>2</sup>				
Kommuneplan	Bustadføremål.				
Reguleringsplan	Uregulert.				
Bebyggelse	Nei				
Tilkomst	Tilkomst til FV 654 via tilkomstveg som må etablerast for prosjektet.				

Tomta grensar inntil FV 654 i nordvest og ligg forøvrig i eit område som dels er utbygd, dels planlagt vidareutvikla til bustadføremål.



### Samanfatning

Samanfatningsvis er såleis 4 private grunneigedomar aktuelle som utbyggingstomt for ny hovudbrannstasjon. I tillegg vurderer vi fortsatt om kommunale tomter kan vere aktuelle for formålet.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ber kommunestyret om mandat til å gå i forhandlingar om heilt eller delvis erverv av grunn frå grunneigarane av tomtealternativ 1, 2, 3 og 4.

Grunneigarane er orienterte om denne saka og er innforstått med at vi ynskjer å gå i forhandlingar om erverv.

Forhandlingsresultat og tilråding om val av tomt vert å fremme til ny handsaming i kommunestyret i november.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert for denne sak. Vurdering vert gjort i sak i november om val av tomt.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert for denne sak. Vurdering vert gjort i sak i november om val av tomt.

Konsekvensar for drift:

Ikkje vurdert for denne sak. Vurdering vert gjort i sak i november om val av tomt.

Fosnavåg, 05.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/1322
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
171/17	Formannskapet	17.10.2017
133/17	Kommunestyret	26.10.2017

### NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 -2029 – UTTALE TIL HANDLINGSPROGRAM

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 17.10.2017

Herøy kommunestyre viser til at prosjektet si plassering i NTP 2018-2029 (med realisering i siste periode 2024-2029) medfører ei betydeleg utsetjing av prosjektet og ei reell fare for eksisterande næringar som ligg i Fosnavåg hamn. Herøy kommunestyre ber om at prosjektet Fosnavåg hamn vert prioritert fram med oppstart i 2018.

Herøy kommune og Fosnavåg Pelagic arbeidar for å legge til rette for modernisering av eksisterande pelagisk fabrikk som vil tene fiskeri-interesser regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er svært viktig å få fram at prosjektet har ein utløysande effekt for modernisering og utvikling av heilårsarbeidsplassar (+ 50 ekstra arbeidsplassar) i kommunen og kommunesenteret Fosnavåg. I tillegg har bedrifta Fosnavåg notbøteri inntektstap på bakgrunn av at både innseglinga og manøvreringsforhold kring bedrifta i Fosnavåg hamn ikkje er djup nok.

Herøy kommunestyre viser til kommunen sin fiskeriposisjon i Norge og at Fosnavåg hamn er definert som ei strategiske viktig hamn langs kysten. Med dette som bakgrunn oppmodar ein Møre og Romsdal fylkeskommune å prioritere opp og inkludere prosjektet Fosnavåg hamn i uttalen til handlingsprogrammet for Nasjonal transportplan 2018 -2029.

## **Tilråding:**

Herøy kommunestyre viser til at prosjektet si plassering i NTP 2018-2029 (med realisering i siste periode 2024-2029) medfører ei betydeleg utsetjing av prosjektet og ei reell fare for eksisterande næringar som ligg i Fosnavåg hamn. Herøy kommunestyre ber om at prosjektet Fosnavåg hamn vert prioritert fram med oppstart i 2018.

Herøy kommune og Fosnavåg Pelagic arbeidar for å legge til rette for modernisering av eksisterande pelagisk fabrikk som vil tene fiskeri-interesser regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er svært viktig å få fram at prosjektet har ein utløysande effekt for modernisering og utvikling av heilårsarbeidsplassar (+ 50 ekstra arbeidsplassar) i kommunen og kommunesenteret Fosnavåg. I tillegg har bedrifta Fosnavåg notbøteri inntektstap på bakgrunn av at både innseglinga og manøvreringsforhold kring bedrifta i Fosnavåg hamn ikkje er djup nok.

Herøy kommunestyre viser til kommunen sin fiskeriposisjon i Norge og at Fosnavåg hamn er definert som ei strategiske viktig hamn langs kysten. Med dette som bakgrunn oppmodar ein Møre og Romsdal fylkeskommune å prioritere opp og inkludere prosjektet Fosnavåg hamn i uttalen til handlingsprogrammet for Nasjonal transportplan 2018 -2029.

Særutskrift:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Kystverket

**Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 NTP 2018-29 - Informasjon om høyring av handlingsprogram for Statens vegvesen og Kystverket

**Samandrag av saka:**

Møre og Romsdal fylkeskommune skal gi uttale til handlingsprogram for NTP 2018-2029 og har bede kommunane om innspel i saka innan 1 november.

Herøy kommune ber fylkeskommunen om at prosjektet Fosnavåg hamn vert tatt inn i uttalen frå Møre og Romsdal fylkeskommune til handlingsprogrammet for Nasjonal transportplan 2018 -2029.

Herøy kommune har innan fristen 15 oktober søkt Miljødirektoratet om støtte på kr. 41 million i 2018 til gjennomføring av mudring og miljødeponering av forureina sediment , samt forureina grunn i Fosnavåg hamn.

**Saksopplysningar:**

Kommunestyret i Herøy kommune har arbeidd i mange år med prosjektet Fosnavåg hamn og det har vore inne i NTP i fleire år utan å verte realisert. Det siste vedtaket Herøy kommunestyre vedtok var i 2016 (K-sak 38-16) der ein gav klarsignal til eit miljøprosjekt for Fosnavåg hamn.

Prosjektet er delt mellom Herøy kommune og Kystverket (KV). Herøy kommune sin del av prosjektet har vore å detaljregulere to områder (indre- og ytre hamn) for å kunne etablere strandkantdeponi for ureine massar medan Kystverket har stått for arbeid med forprosjektet. I tillegg bidreg kommunen med investeringar i teknisk infrastruktur som underbyggjer ei felles målsetjing om rein hamn.

Kystverket viser til at Fosnavåg hamn er ei "strategisk viktig hamn".

Herøy kommune og Fosnavåg Pelagic arbeidar for å legge til rette for modernisering av eksisterande pelagisk fabrikk som vil tene fiskeri-interesser regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er svært viktig å få fram at prosjektet har ein utløysande effekt for modernisering og utvikling av heilårsarbeidsplassar (+ 50 ekstra arbeidsplassar) i kommunen og kommunesenteret Fosnavåg.

I tillegg til ordinære gevinstar med næringsetableringa vil annan aktivitet med sekundære næringar få «grobotn» i ei moderne industriklynge som er lokalisert i nærområdet og Herøy kommune. Herøy kommune har i dag fleire bedrifter som ligg i «verdstoppen» innan sine områder knytt til fiskerinæringa og prosjektet sikrar posisjonen.

Ei rekkje undersøkingar er utført og både reguleringsplanar og forprosjekt er nært fullførte pr. oktober 2017. Mudringsarbeidet er estimert til å måtte handtere kring 80.000m<sup>3</sup> ureine massar, men dette er venta å auke som følgje av mudring inn til kaier og ved å rydde opp i grunnen på land. Det er gjort undersøkingar på kva type ureining og konsentrasjonar som ligg i sedimenta gjennom rapportar frå Rambøll. Prosjektet har som mål å utdjupe hamnebassenget og innseglinga til kote – 8,3 (LAT). Dagens innsegling ligg på kote -7,3 (LAT), medan hamnebassenget har ulike djupner.




## Nasjonal transportplan 2018 -2029

Prosjektet låg inne i NTP-periode 2013-2017 med kr. 50.000.000 men vart ikkje tildelt midlar til oppstart. I NTP 2018-2029 ligg prosjektet inne i siste periode (2024-2029). Dette medfører ei betydeleg utsetjing av prosjektet og ei reell fare for eksisterande næringar som ligg i Fosnavåg hamn.

### Tiltaket

Fosnavåg fiskerihamn er ei byhamn med aktivt fiskerimiljø med mottaksanlegg, notbøteri, diverse marine servicetilbud og gode kaifasilitetar. Djupna i hamna er for lita for dagens fiskeriflåte og skaper problem for fartøy som nyttar hamna. Staten har tidlegare gjennom fleire omgongar gjort utdjupingsarbeid i hamn og innsegling, men dette er ikkje lenger tilstrekkeleg etter som flåten utviklar seg. For at hamna skal kunne nyttast også i framtida er det heilt naudsynt å utdjupe både innsegling og hamnebasseng. Konsekvensen av at dette ikkje vert gjennomført er i verste fall ei død hamn som ikkje lenger kan gi eit servicetilbod til flåten. Ein ser allereie i dag konsekvensane ved at ei rekkje fartøy ikkje kan gå inn i hamna, samt at andre er avhengige av å gå inn og ut av hamna på flo sjø.

Heile indre hamn (figur 1) med eit areal på 37.000m<sup>2</sup> er planlag utdjupa til -8,3m. Dette inneber mudring av 73.000m<sup>3</sup> lausmasse og 7.000m<sup>3</sup> fjell. Det er også planlagt å fjerne ei grunne på kring 3.000m<sup>3</sup> fjell ytst i innseglinga. Det meste av lausmassane er sterkt forureina og er tenkt deponert i to deponi. Deponia er planlagt plassert i høvesvis indre- og ytre hamn. Deponia vil igjen gi etterlengta areal til industri- og byutvikling for Fosnavåg og Herøy kommune.



Figur 1: Oversikt over område som skal mudrast (raudt) og dei to planlagde deponia.


Løysinga som er valt er todelt, med eit cellespunddeponi i indre hamn og eit steinsjetedeponi i ytre hamn (figur 1). Kapasiteten i dei to deponia er i følgje siste utkast til forprosjekt (Kystverket, 2017) på høvesvis 70.000m<sup>3</sup> for indre deponi og 30.000m<sup>3</sup> for ytre deponi. Dette er førebelse overslag og endringar må påreknast. Tiltaksområdet er kartlagt av Sjøkartverket og geotekniske undersøkingar er gjennomført av NGI, Rambøll og Multiconsult. Detaljane i tiltaket er skildra i Rapport frå Multiconsult (2016) og utkast til forprosjekt (Kystverket 2017).

Fosnavåg hamn har lang historie som ei viktig hamn for regionen. Det har vore verksemdar innan fiskeri, fiskemottak, slipp og båtbyggeri for å nemne nokre. Denne aktiviteten har medført store utslepp av miljøgifter. Gjennom grunnundersøkingar er det avdekt mellom anna tungmetall og organisk forureining i sedimenta. Det er fleire stader dokumentert svært sterkt forureina områder i hamna. Hamnebassenget er relativt godt lukka, då ligg i ein naturleg botn i landskapet med ein tydeleg terskel i innløpet. Dette medfører låg naturleg erosjon i sjøbotnen og sedimenta ligg relativt godt i ro frå naturen si side. Det er derimot påvist at fartøya som nyttar hamna i dag er så nærme botnen med propellar at dei virvlar opp sediment. Dette medfører ei omvelting og dermed sterk forureining langt ned i sedimentlaga. Oppvirvlinga påverkar truleg vasskvaliteten i hamna, då det til tider kan kjennast ei særskild lukt i Vågen.

### Reguleringsplanar og konsekvens utgreiing:

Det er sett i gong to detaljreguleringsplanar med konsekvensutgreiing (KU) for prosjektet. Dei to reguleringsplanane er utarbeidde av Asplan Viak AS og regulerer

høvesvis indre- og ytre deponi (figur 2). Det vart varsla oppstart på planarbeid i 2016, og planforslaga vart lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 15. juni – 15. august 2017. Det arbeidast pr. oktober 2017 med dei siste detaljane før slutthandsaming av planane.



Figur 2: Oversiktskart over Fosnavåg med dei to planområda for høvesvis indre og ytre deponi

Reguleringsplanen for indre hamn (Herøy Kommune 2017a) legg opp til eit strandkantdeponi for ureine massar. Over deponiet er det regulert inn ny kai og utvida næringsareal til Fosnavåg Pelagic, ein svært sentral aktør i hamna. Reguleringsplanen for ytre hamn (Herøy kommune 2017b) legg også til rette for eit deponi for ureine massar. Arealet over deponiet er planlagt til å verte ein ny bydel for Fosnavåg. Her er det i planforslaget regulert inn eit bustadområde, nytt sentrumsareal, ny hamn og kai og eit stort friområde med promenade langs sjøkanten mot nord.

Dei to reguleringsplanane har felles KU, då det er felles problemstillingar som må besvarast for dei to planane. Konsekvensutgreiinga (Herøy kommune 2017c) tek føre seg tema grunntilhøve, støy, lukt, trafikktryggleik, naturmangfald, landskap, kulturmiljø, skred, havnivå, stormflo, manøvrering i hamn, og konsekvensar for born og unge. Eit viktig moment er den positive konsekvensen ei rein hamn medfører. Eit anna er den sterkt positive konsekvensen av nytt areal for byutvikling over ytre hamn.

### Tidsplan:

Fosnavåg er ei aktiv hamn med mellom anna fiskemottak og notbøteri. Her er spesiell stor aktivitet i fiskesesongen der mottaket tek imot store båtlastar med pelagisk fangst. Frå februar til juni er det ei stille periode på dette anlegget. Utdjupinga med etablering av det indre deponiet vil ta lenger tid enn dette og der må finnast fleksible ordningar. Fosnavåg Pelagic vil kunne etablere midlertidige

pumpeledningar slik at indre almenningsskai kan nyttast. Denne grensar til planområdet nord for indre deponi (figur 2).

I følgje berekningar frå Multiconsult (2016) bør ytre deponi med steinsjete etablerast først, deretter begynner ein på cellene i indre deponi med ei framdrift på 1-2 veker per celle (totalt 8 celler og tilhøyrande mellombogar og profilspunt). Cellene fyllast opp etter kvart som dei vert etablert. Anleggstida er estimert til kring 12 månader (Multiconsult 2016). Ein må rekne med at det tek tid før det kan byggast over deponia.

### **Samfunnsnytte og økonomi:**

Tiltaket er prioritert høgt i Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion - 2016-2021. (Kap 3.7, s 36). Miljøoppryddinga er svært viktig for miljø, næringsliv og byutvikling i Fosnavåg og Herøy kommune har mål om ei berekraftig utvikling av ei rein hamn. For å oppnå målet om ei rein hamn er det naudsynt med ei fullstendig miljøopprydding både i hamnebassenget, innseglinga og på land. Teknisk infrastruktur (inkludert avløp) vil måtte reinsast som følgje av prosjektet. Brukarane av hamna signaliserer tydeleg sitt behov for ei djupare innsegling og hamnebasseng dersom dei skal kunne fortsette sin bruk og utvide sine verksemdar i framtida.

Menon Economics har på vegne av Kystverket utført ei samfunnsøkonomisk analyse for prosjektet (Menon-Publikasjon, 2017) som konkluderer med at prosjektet vil ha ei negativ netto samfunnsnytte (to alternative tiltak er vurdert). Det er likevel ei rekkje "ikkje-prissatte verknader" som peikar i positiv retning, mellom anna at ein får reinsa hamnebassenget og utdjupa hamna til å kunne ta i mot båtar som i dag ikkje kan gå inn.

### **Finansieringsplan og ansvarsforhold:**

I utkast til forprosjekt (Kystverket, 2017) har følgjande kostnadsoverslag vore rekna og med bakgrunn i dette har ein søkt Miljødirektoratet om støtte til prosjektet utover det som ligg i ramme til NTP.

Kostnadar:

Tabell 1: Kystverkets kostnadsoverslag (eks.mva og adm). Kjelde: Kystverket 2017.

Utdjuping	kr. 25,0 mill
Etablering deponi	kr. 42,0 mill
Byggherrekostnader	kr. 4,8 mill
Oppmerking:	kr. 1,1 mill
Reserve	kr. 18,1 mill
Sum	Kr. 91,0 mill

Finansiering:

Kystverket	Kr 50 mill
------------	------------

Staten v/Miljødirektoratet	Kr 41 mill
Sum	Kr. 91,0 mill

#### Kystverket

Kr. 50 million (utdyping, oppmerking, 29,5 % andel deponi, 50% av byggherrekostnader og reserve)

#### Miljødirektoratet

Kr. 41 million (70,5% andel deponi, 50% av byggherrekostnader og reserve)

### Herøy kommune sine kostnader.

Herøy kommune sine følgekostnader med prosjektet vert vurdert til å ligge i størrelseorden kr. 20 350 000 +.

Reguleringsplanar: kr. 550 000 (innleigde konsulenttenester).

Administrativt arbeid, eigeninnsats over fleire år: kr. 800.000.

Grunnerverv i prosjektet vurdert til omlag kr. 5 million.

Nye avløpsledningar og oppgraderingar: ca. kr. 7 million.

Infrastrukturtiltak og fjerning av miljøavfall ca. kr 7 million.

### Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune er ei stor og viktig fiskerikommune regionalt og nasjonalt.

Fiskeflåten i Herøy sin fangstverdi er i overkant på 1,4 mrd pr. år og herøyflåten har gått i spissen med omsyn til å modernisere fiskeflåten. Fiskeflåten i Herøy er verdsatt til meir enn 14 mrd kroner (2016 kroner) og flåten fiskar omlag 9% av Norge sitt fangstvolum (norsk fanga fisk, førstehandsomsetning).

Kommunen legg til grunn i sin søknad at tiltaket:

- Bidreg til store miljøgevinstar lokalt
- Er for fiskerisektoren regionalt og nasjonalt
- Underbyggjer ei sterk verdiskaping
- Legg forhold til rette for den moderniseringa som har og skjer i fiskerisektoren regionalt og nasjonalt
- Bidreg til større gevinstar med omsyn til kaifasilitetar for heile næringa
- Er tilrettelagt for den aukande utskiping av fisk sjøvegen (eksport ut av Norge)
- Bidreg til byutvikling av kommunesenteret
- Har utløysande effekt med omsyn til investeringar knytt mot fiskerisektoren og sentrum regionalt og lokalt.

Herøy kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn kommunen sine opplysningar med omsyn til prioritering av tiltak og innspel til **Nasjonal transportplan 2018 -2029** .

Med eit sterkt samspel mellom staten ved Miljødirektoratet, kystverket, fylkeskommune, kommune og lokale interesser kan saman bidra til eit giftfritt miljø i Fosnavåg hamn.

Slik Herøy kommune ser det er alle tiltak som sikrar miljøopprydding gode og viktige prosjekt. Vi vil likevel hevde at prosjektet i Fosnavåg og Herøy kommune har ein større meirverdi med sine 3 hovudgevinstar:

- Ei rein hamn – stor miljøgevinst
- Utløysande effekt og styrkar næringsinteressene (strategisk viktig hamn)
- Bidreg og underbyggjer byutvikling i kommunesenteret.

Herøy kommune ber om at prosjektet vert prioritert vert innlemma i Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale til **Nasjonal transportplan 2018 -2029**

Fosnavåg, 17.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		121796/2017/113	Heidi Nerland, 71 28 02 62	28.09.2017

## Nasjonal transportplan 2018 -2029 - Informasjon om høring av handlingsprogram for Statens vegvesen og Kystverket

Utkast til handlingsprogram for Statens vegvesen og Kystverket vil bli sendt på høring til fylkeskommunane og storbykommunane Stavanger, Bergen, Trondheim og Oslo 13. oktober 2017. Vår frist for uttale er 31. desember 2017.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal behandlast i fylkespolitiske organ før oversending innan fristen. Etter planen vil første behandling vere i samferdselsutvalet den 13. november. Saka må da vere ferdig forberedt av administrasjonen til den 6. november.

Dersom kommunane ønsker å kome med innspel til fylkeskommunen si høyringsuttale til handlingsprogramma, må dette vere oss i hende innan 1. november.

Lenkje til transportetatane sine sider om Nasjonal transportplan: <http://www.ntp.dep.no/>

Med helsing

Arild Fuglseth  
samferdselssjef

Heidi Nerland  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*



Dokumentsenter og politisk sekretariat

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	LME	Arkivsaknr:	2017/1143
		Arkiv:	033

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/17	Valnemnd	26.10.2017
134/17	Kommunestyret	26.10.2017

### SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV. JON EDVARD MYRVÅGNES.

#### Tilråding:

Jon Edvard Myrvågnes får fritak frå politiske verv.

Som ny varamedlem til komite for oppvekst 2015-2019 vert vald:

Saka vert sendt valstyret som foretar nytt valoppgjjer til den ledige varaplassen i Herøy kommunestyre.

Særutskrift:  
Jon Edvard Myrvågnes  
Den valde



## Saksopplysningar:

Jon Edvard Myrvågnes har flytta frå Herøy kommune og ber difor om fritak frå politiske verv. Han er 14. varamedlem for Høgre i Herøy kommunestyre og 6. varamedlem i komite for oppvekst.

Kommunelov § 15.Uttreden. Suspensjon.

«1. Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.»

Komite for oppvekst 2015-2019:

Medlemer:

Varamedlem:

Krf/ Frp/ H

Birgitte S. Pedersen, leiar  
Edel K. Goksøyr  
Jan Arve Drabløs  
Oddmund Voldsund

1. Anja Pedersen  
2. Heidi Tarberg  
3. Svein Ulrik Brubakk  
4. Marthe Vågsholm Sævik  
5. Jørn Magnussen  
6. Jon Edvard Myrvågnes

Ap/V

Rakel-Anett Gjelseth, nestleiar  
Jarle Digernes

1. Per Kristian Furø  
2. Lilly-Arlen Larsen  
3. Ingebjørg Lyster  
4. Hans Karsten Voldsund

Folk/SP

Paul Johan Remøy

1. Inger Åse Moltumyr  
2. Mathias Dybvik  
3. Gry L. Sande

Kommunelova § 16.Opprykk og nyval:

«5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte

*vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

Departementet meiner at uttrykket «den ledige plassen» må ha ei slik forståing: «...at dersom ein plass i ei rekkjefølgje av vararepresentantar – t.d. nr. 3 – er blitt ledig, skal den nyvalde ikkje gå inn på denne plassen. Vedkomande vil då måtte bli plassert sist i rekkjefølgja.»

Høgre si gruppe i Herøy kommunestyre:

Medlem:

1. Arnulf Goksøyr, 6080
2. Ann-Kathrin (Tine) A. Storøy, 6092
3. Margareth Leinebø, 6094
4. Stig Arne Helsem Sævik, 6094
5. Bjørn Otterlei, 6094
6. Idar Kjell Tarberg, 6076
7. Sigurd Voldsund Nygard, 6070
8. Janne-Katrin Hansen Sævik, 6094
9. Marthe Vågsholm Sævik, 6094
10. Hilde Marie Brungot, 6070
11. Stian Sævik Elveseter, 6098

Varamedlem:

1. Jan Arve Drabløs, 6098
2. Knut Tandberg, 6080
3. Vegard Sævik, 6094
4. Lars Ivar Moldskred, 6070
5. Norvald Bjarne Muren, 6098
6. Rollaug Anja M. Lillestøl, 6076
7. Heidi R. Ervik-Mjønes Tarberg, 6076
8. Oddmund Voldsund, 6094
9. Elisabeth Myklebust Hide, 6092
10. Joakim Eiksund, 6070
11. Terje Magnus Krogset, 6092
12. Andreas Leine, 6094
13. Jørn Magnussen, 6090
14. Jon Edvard Myrvågnes, 6070

9. varamedlem Elisabeth Myklebust Hide har i K-sak 99/17 fått fritak frå politiske verv. Nytt valoppgjær vert gjort av valstyret.

Kommunelova § 16, 2. ledd:

*«2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.*

Valgloven § 14-2 (2):

*Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.»*

Kommunelova med kommentarar, av Bernt og Overå, seier slik om suppleringsval til varalista til kommunestyret:

*«Dersom det er en vararepresentantplass (til kommunestyret) som blir stående ledig, kan ordføreren etter valglovens § 14-2 annet avsnitt foreta en skjønnsmessig vurdering av hvorvidt det er nødvendig å foreta et nytt valgoppgjør. De momenter som her normalt tas i betraktning, er hvor mange representanter gruppen har i kommunestyret, hvor mange vararepresentantplasser som fortsatt er besatt, og hvor lenge det er igjen til neste valg.*

(...)

*Den formelle oppnevning av vedkommende som vararepresentant skal foretas av valgstyret»*

Fosnavåg, 25.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Hilde Bringsvor Skinnes  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lisbeth Moltu Espeseth

## **Referatsaker**

**RS 44/17 Grunngeve Spørsmål frå Frank Roy Moltu**

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 11.09.2017 08:46:25

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Eg har eit grunnjeve Spørsmål til neste Kommunestyremøte!

---

**Fra:** Frank-Roy Moltu <[moltufrankroy@gmail.com](mailto:moltufrankroy@gmail.com)>

**Dato:** 8. september 2017 kl. 11.58.04 CEST

**Til:** <[camilla.storoy@heroy.kommune.no](mailto:camilla.storoy@heroy.kommune.no)>

**Kopi:** Kaja Runde <[karunde@online.no](mailto:karunde@online.no)>, kjell runde <[kjell@runde.as](mailto:kjell@runde.as)>, post <[post@havferie.com](mailto:post@havferie.com)>

**Emne:** Eg har eit grunnjeve Spørsmål til neste Kommunestyremøte!

God ettermiddag!

Eg har eit Grunnjeve Spørsmål eg vill stille til neste kommunestyre møte!

"Vi har solide rutiner på det og avgjere om ein valt politikar i kommunen er inhabil eller habil! Korleis er rutinene for saksbehandlere! korleis praktiserer en det, og kva interne rutinar og kontroll ein har med dette?"

MVH

Frank-Roy Moltu

Folkelista/Sp



Aksjonærane

**TUSSA KRAFT AS**

Langemyra 6, 6150 Ørsta  
Telefon: 70 04 52 00  
E-post: [firmapost@tussa.no](mailto:firmapost@tussa.no)  
Internett: [www.tussa.no](http://www.tussa.no)  
Bankkonto: 6562 05 11573  
NO 916 929 641 MVA

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sak/dok.nr	Arkivref.	Dato:
	ED/LT	13/00808-12	011	12.09.2017

**Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft den 27.09.2017**


De vert med dette kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS onsdag 27. september kl. 10 i administrasjonsbygget til Tussa i Hovdebygda i Ørsta.

Sakspapira vert sendt til aksjonærane berre med e-post.

Innkallinga er gjort med bakgrunn i krav frå aksjonærar og aksjonærane som stiller seg bak framlegget utgjer ein stor del av røystene. Vidare er det ein skal røyste over klare lokaliseringsløyningar. Med dette som bakgrunn og for å leggje opp til ei effektiv sakshandsaming blir det lagt ved eit detaljert fullmaktsskjema som kan instruere ein fullmektig i røystinga i generalforsamlinga. Aksjonærarar som ikkje har høve til å møte kan nytte seg av det.

Vel møtt!

Med vennleg helsing  
Tussa Kraft AS

  
Gunnar Gjørtz  
- styreleiar -



Vedlegg: Sakliste og saksframstilling  
Fullmaktsskjema

Kopi m/vedlegg: Revisor  
Styret

# SAKLISTE

til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS 27.09.2017

- SAK 1 Opning av generalforsamlinga
- SAK 2 Registrering av representantar
- SAK 3 Val av møteleiar
- SAK 4 Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 5 Val av to representantar til å skrive under protokollen saman med møteleiar
- SAK 6 Samlokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre

# EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING

I TUSSA KRAFT AS 27.09.2017

**Sak nr.** 6

**Saksnamn:** *Samlokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre*

Aksjonærene Herøy, Volda, Hareid, Vanylven, Ulstein og Sande kommunar har fremja sak for generalforsamlinga i Tussa Kraft AS i brev dagsett 30.08.2017.

## FRAMLEGG:


Ekstraordinær generalforsamlinga i Tussa Kraft AS ber leiinga i Tussa om å arbeide for ei endring i aksjonæravtalens § 4 slik at " *hovudkontor i Ørsta kommune der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert*" erstattast med:

*" hovudkontor på Søre Sunnmøre der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert"* .

Ørsta, 11.09.2017

**Utskrift:** LT

**Adm.dir.:**

  
Elling Dybdal

Vedlegg: Krav om ekstraordinær generalforsamling



## **Sak 6. Samlokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre.**

### **SAKSFRAMSTILLING**

#### **Kva saka gjeld**

Aksjonærane Herøy, Volda, Hareid, Vanylven, Ulstein og Sande kommunar har fremja sak for generalforsamlinga i Tussa Kraft AS i brev dagsett 30.08.2017. Realitetane i kravet er at Mørenett si lokalisering på søre Sunnmøre blir i Dragsund.

Kravet om å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling er lovleg framsett, og styret legg saka fram for generalforsamlinga til vedtak.

#### **Bakgrunn**

Vedlagt følgjer kravet frå aksjonærane Herøy, Volda, Hareid, Vanylven, Ulstein og Sande kommunar om innkalling til ekstraordinær generalforsamling.

Aksjonærane har tidlegare fått utgreinga frå Mørenett om samlokaliseringa.

#### **Frå tidlegare handsaming av denne saka:**

3. april gjorde styret i Tussa Kraft følgjande vedtak:

«I prosessen med å vedta lokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre, føreset styret i Tussa Kraft at løysinga som blir valt er den som gir lågast mogeleg nettleige for kundane på kort og lang sikt samstundes som leveringstryggleiken er innanfor tilfredsstillande nivå.»

Realitetane i dette vedtaket var at styret støtta Mørenett si utgreiing om lokalisering.

21. april gjorde generalforsamlinga i Tussa Kraft følgjande vedtak:

«Generalforsamlinga i Tussa Kraft AS syner til punkt 4 i aksjonæravtale for Mørenett AS, der det vert slått fast at Mørenett sitt hovudkontor, dagleg leiar og leiinga av entreprenørdivisjonen i selskapet skal vere lokalisert i Ørsta. Vidare går det fram av punkt 6 at Mørenett er ei felleskontrollert verksemd, og at det i viktige avgjerder er naudsynt med samrøystes vedtak mellom aksjonærvalde styremedlemer. Avgjerder om rasjonalisering, omlegging av drifta og flytting av funksjonar kjem inn under tilhøve som krev slik semje mellom aksjonærane. Av omsyn til ei framtidsretta og balansert driftsmessig organisering, både av Mørenett og Tussa Kraft og av omsyn til selskapa sine strategiske interesser, føreset generalforsamlinga at vilkåra i aksjonæravtalen blir oppretthaldne.»

1540 røyster for og 1026 røyster mot

#### **Vurdering**

Styret har fått utarbeidd eit juridisk notat om lokaliseringsspørsmålet. Konklusjonen er at ei eventuell lokalisering i Hovdebygda også er innanfor rammer i energilova.

Vidare har styret fått utarbeidd ein økonomisk rapport for å kaste lys over dei økonomiske konsekvensane for både Mørenett og Tussa Kraft. Etter styret si vurdering og basert på ein langsiktig horisont er alternativa ganske likeverdige både for Tussa og Mørenett.

I realiteten kan begge lokaliseringsløysingane vere til å leve med. Styret er likevel av den meininga at Dragsund er den beste løysinga totalt sett.

Saka blir med dette lagt fram for generalforsamlinga til avgjerd.

## **KRAV OM INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING I TUSSA KRAFT AS**

Underteikna ordførarar viser til i aksjelova sin paragraf 5-6 og ber med dette styret i Tussa Kraft AS kalle inn til ei ekstraordinær generalforsamling.

Utvikling av Mørenett AS er regulert av aksjonæravtalen mellom Taffjord Kraft AS ( 53,66 %-eigar) og Tussa Kraft AS (46,34 %-eigar) av 8.11.2013.

Formålet med å etablere selskapet, j.fr. § 1 i aksjonæravtalen, er å skape avkastning og utbytte som i større grad møter eigarane sine forventningar.

- Skape gode industrielle løysningar for nettverksemda i regionen, dette ved å invitere andre aktørar til å delta i Selskapet
- Realisere synergjar og skape ein meir kostnadseffektiv organisasjon
- Utnytte ressurstilgangen for å verte ein meir robust organisasjon
- Skape auka leveringstryggleik og ei mindre nettleige enn det Selskapa ville hatt som sjølvstendige
- Vere ein attraktiv arbeidsplass for noverande og nye medarbeidarar

Arbeidet med effektivisering av selskapet og hente ut synergjar er i full gang. Ei arbeidsgruppe i regi av selskapet anbefalar at:

*”Dragsund vert tilrådd som ny hovudlokasjon i sør. Dette på grunn av økonomisk risiko knytta til avhending av basebygg i Dragsund. Denne løysinga har også fordelar for Mørenett med tanke på nøytralitet og armlengds avstand til eigarselskapa”*

Dragsundlokasjonen ligg i Herøy kommune.

Aksjonæravtalens § 4 seier at selskapet skal ha en divisjonalisert organisering med hovudkontor i Ørsta kommune der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert, denne paragrafen kan soleis vere til hinder for at selskapet finn ei god løysing for plassering av hovudkontor.

**Partane i aksjonæravtalen er Taffjord Kraft AS og Tussa Kraft AS og aksjonæravtalen kan endrast dersom disse partane samrøystes avtalar noko anna.**

### **Forslag til vedtak i ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft:**

Ekstraordinær generalforsamlinga i Tussa Kraft AS ber leiinga i Tussa om å arbeide for ei endring i aksjonæravtalens § 4 slik at ” *hovudkontor i Ørsta kommune der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert*” erstattast med:  
” *hovudkontor på Søre Sunnmøre der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert*” .

Søre Sunnmøre 30.08.2017.

Camilla Storøy  
-sign-

Jørgen Amdam  
-sign-

Lena Landsverk Sande  
- sign-

Anders Riise  
- sign-

Knut Erik Engh  
-sign-

Dag Vaagen  
-sign-

## Gjeldande aksjefordeling TUSSA KRAFT AS

Sist revidert 01.02.2013

Aksjonær	A	B	SUM	% kapital	% røyster
Ørsta kommune	309	747	1056	34,83	34,83
Herøy kommune	137	376	513	16,92	16,92
Volda kommune	0	484	484	15,96	15,96
Kommunal Landspensjonskasse	454	0	454	14,97	14,97
Hareid kommune	0	201	201	6,63	6,63
Vanylven kommune	21	176	197	6,50	6,50
Ulstein kommune	29	58	87	2,87	2,87
Sande kommune	0	28	28	0,92	0,92
Hornindal Kraftlag AS	12	0	12	0,40	0,40
<b>SUM</b>	<b>962</b>	<b>2070</b>	<b>3032</b>	<b>100,00</b>	<b>100,00</b>

## Fullmaktsskjema

Ein aksjonær som ikkje sjølv kan møte på generalforsamlinga, kan nytte dette fullmaktsskjemaet for å gi røysteinstruks til ein fullmektig. Dersom aksjeeigaren inngir fullmakta utan å føre på namn på fullmektigen vil den bli sett på som gitt til møteleiar, eller den han gir mynde.

Signert fullmakt kan sendast pr. post eller scanna dokument vedlagt i e-post til Tussa Kraft, Langemyra 6, 6150 Ørsta, e-post: [firmapost@tussa.no](mailto:firmapost@tussa.no), alternativt takast med på generalforsamlinga. Fullmakta må vere motteken av selskapet seinast på generalforsamlingstidspunktet.

\_\_\_\_\_ (aksjonæren sitt namn i blokkbokstavar)

gir med dette (sett kryss, og fyll ev. ut namn)

møteleiar, eller den han gir mynde

\_\_\_\_\_ (fullmektigen sitt namn med blokkbokstavar)

fullmakt til å møte og røyste for mine aksjar på ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS 27. september 2017.

Røystinga skal skje i samsvar med instruksjonane nedanfor. Dersom det ikkje er kryssa av i rubrikkane nedanfor, skal dette sjåast på som ein instruks om å røyste "for" forslaga som er fremja.

Sak	For	Mot	Avstår	Fullmektigen avgjer røystinga
3 Val av møteleiar				
4 Godkjenning av innkalling og sakliste				
5 Val av to representantar til å medunderteikne protokollen saman med møteleiar				
6 Samlokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre				

Dersom det blir fremja forslag i møtet i tillegg til eller til erstatning for forslaga sendt ut saman med innkallinga, skal:

Fullmektigen avstå frå å røyste over tillegget/erstatninga

Fullmektigen sjølv avgjere røystinga

Stad/dato

\_\_\_\_\_ (Aksjonæren sin signatur)

# M Ø T E B O K

## F R Å

### EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING I TUSSA KRAFT AS

**Tid:** Onsdag den 27.09.2017 frå kl. 10.00 – 10.10

**Stad:** Tussatun, Hovdebygda i Ørsta

#### **Sak 1. Opning av generalforsamlinga ved styreleiar.**

Nestleiar i styret, Hilde Marie Brungot, opna generalforsamlinga med å ønskje deltakarane velkomne.

#### **Sak 2. Registrering av representantar.**

2566 av 3032 røyster var representerte med følgjande utsendingar:

Ørsta kommune:	Stein Aam	røystegjevar	1056 røyster
Herøy kommune:	Hilde M. Brungot fullm	røystegjevar	513 røyster
Volda kommune:	Møteleiar fullm.	røystegjevar	484 røyster
Kommunal Landspensjonskasse:	Ikkje representert		
Hareid kommune:	Kristian Fuglseth fullm	røystegjevar	201 røyster
Vanylven kommune:	Bjarne Sætrenes	røystegjevar	197 røyster
Ulstein kommune:	Dag Vaagen fullm.	røystegjevar	87 røyster
Sande kommune:	Dag Vaagen	røystegjevar	28 røyster
Hornindal Kraftlag:	ikkje representert		

Frå styret møtte: Hilde Marie Brungot, Ann Magritt Bjåstad Vikebakk, Knut Arne Grimstad og Viviann Roppen

Frå administrasjonen møtte: Elling Dybdal og Anne Berit Madsen

#### **Sak 3. Val av møteleiar.**

Etter framlegg frå generalforsamlinga vart det gjort slikt

VEDTAK: Som møteleiar vert Hilde Marie Brungot vald.

Samrøystes.

#### **Sak 4. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner innkalling og sakliste.

Samrøystes.

**Sak 5. Val av to representantar til å skrive under protokollen saman med møteleiar.**

Etter framlegg frå generalforsamlinga vart desse valde:

Stein Aam og Dag Vaagen

Samrøystes.

**Sak 6. Samlokalisering av Mørenett på søre Sunnmøre**

Møteleiar viste til dei utsende saksdokumenta.


Aksjonærane Herøy, Volda, Hareid, Vanylven, Ulstein og Sande kommunar har fremja sak for generalforsamlinga i Tussa Kraft AS i brev dagsett 30.08.2017.

Møteleiar refererte tilrådinga frå dei nemnde aksjonærane. Røystinga gav følgjande resultat: 1510 røyster for og 1056 røyster mot

VEDTAK: Ekstraordinær generalforsamlinga i Tussa Kraft AS ber leiinga i Tussa om å arbeide for ei endring i aksjonæravtalens § 4 slik at " *hovudkontor i Ørsta kommune der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert*" erstattast med: " *hovudkontor på Søre Sunnmøre der dagleg leiar for selskapet samt leiinga av entreprenørdivisjonen skal vere lokalisert*" .

Skrivar:   
Elling Dybdal

  
Hilde Marie Brungot

  
Stein Aam

  
Dag Vaagen

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 03.10.2017 15:01:06

Til: Brit Berge

Tittel: VS: 2017.09.28. Vikebladet skriv idag om den nye Sulesun ferjekai.

---

**Fra:** P?l O. Djupvik [<mailto:paal.djupvik@outlook.com>]

**Sendt:** 28. september 2017 12:23

**Til:** [ole-ottar@vikebladet.no](mailto:ole-ottar@vikebladet.no)

**Kopi:** [post@giske.kommune.no](mailto:post@giske.kommune.no); [postmottak@alesund.kommune.no](mailto:postmottak@alesund.kommune.no); Postmottak Hareid; postmottak; Ulstein Postmottak; Sande Kommune; Ulstein Postmottak; Resepsjon postmottak; V-Postmottak; Ørsta postmottak; [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no); [firmapost@vegvesen.regionmidt.no](mailto:firmapost@vegvesen.regionmidt.no)

**Emne:** 2017.09.28. Vikebladet skriv idag om den nye Sulesun ferjekai.

Pål Vedeld Djupvik  
Langåsen 12  
6080 GURSKØY

28.09. 2017.

TIL VIKEBLADET VED OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL  
Med kopi til Kommunene på søre Sunnmøre pluss Fylkeskommuna og  
Statens Vegvesen region midt,

### **FYLKESKOMMUNA BURDE SPARE PÅ PENGANE.**

Ikkje å kaste vekk 73 millionar kroner til ein utvalgt entreprenør for ny ferjekai i Sulesund, og saksbehandlinga i fylket og vegvesenet sine konsulent-tjenester kostar garantert like mykje i tillegg. Alle som vil sjå det ser at med bygginga av Herøybruene, Ålesund-Giske tunellane og Eiksundtunellen, har fylket spart inn milliardavis av kroner i året. For ovenfornevnte prosjekter er finansiert med bompengar, og bompengerperiodane er avvikla for mange år sidan. Viss bompengane skulle først ta turen om STATSKASSA, så er bompengar eit evigheits-foretakande. Derfor må alle bompengar gå direkte til det selskapet som bygg å driv sambanda til dei er nedbetalte, då blir bompengeselskapet avvikla og sambandet blir overført vederlagsfritt til staten. Så det er å håpe at vi får ein fusjon mellom Fefast, Hafast, Safast og Rovdeford-brua, når tunell prosjekta Hakalestranda-øyane i Sande til Hidsneset og Garnestunellen under Godøya med to vegar frå Valderhaugs-fjorden til Ålesund og Valderøya/Vigra. Med det vil nesten alle som bor på søre Sunnmøre gjere byturen og flyplassen på Vigra på ca. 40 minuttar, men vi som bor nær tunellinnslaget til den flate Garnestunellen greier turen på eit drygt kvarter. Det blir garantert vegen for framtida mellom søre og nordre Sunnmøre for framtida, til overmål er denne tunellutbygginga på FV61 100% sjølvfinansierande og det trengs, for staten har mist 500 milliardar kroner i skatte-inntekter på grunn av lav oljepris dei 3 siste åra. Sidan det offentlige ikkje skal finansiere ei krone, men sparer seg inn milliardbeløp på grunn av at der blir berre 2-3 ferjesamband igjen på Sunnmøre. Derfor kan bygginga starte så snart dei 4 bompengeselskapa er fusjonerte og fått innvilga byggelån, og på 2-3 år er bygginga ferdig og på få år er tunellutbygginga nedbetalt betydelig raskare enn sjølv Eiksundtunellen var nedbetalt på.

Beste helsing  
Pål Vedeld Djupvik



# Kontaktutvalget i SSR

## **Møte 1: Onsdag 18. oktober 2017 kl. 14.00 hos SSR** **(i det nye administrasjons- og velferdsbygget)**

I utvalget sit:

- Herøy kommune: Jarl Martin Møller og Fred Arnesen
- Ulstein kommune: Arne Runar Vik og Harald Øvereng
- Hareid kommune: Kai-Rune Bjørke og Øyvind Vassbotn
- Sande kommune: Kjell Martin Vikene og Asgeir Skogstad
- SSR: Einar Heimdal, Rune Tarberg og Linn Urke Osnes

### **Forslag til sakliste:**

- Mandat, etc. – sjå vedlagde utskrift frå møtet i SSR sitt representantskap 24/5-17.
- Konstituering – forslag:
  - Kontaktutvalget vel ein (eller) to frå eigarkommunane som, saman med underteikna, fungerer som leiarar / sekretariat for utvalget.
- Status forskriftsrevisjon (SSR si forskrift).
- Innføring av den nye fraksjonen våtorganisk avfall hausten 2018 – sommaren 2019.
- Nye hentefrekvensar for dei andre fraksjonane.
- Gebyr 2018 og økonomiplan 2018 -2021.
- Møteplan for møte med ordførarane (som må vere gjennomført før 26/10-17).
- Eventuelt.

Velkomne skal de vere!

Mvh  
Einar Heimdal  
SSR

# MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

## SAK NR R07/17

Møtedato: 24.05.2017

Sakshandsamar: Einar Heimdal

### **Sak R07/17 – Eablering av eit kontaktutvalg**

Det er viktig at det er forutsigbarheit og god kommunikasjon mellom selskapet og deltakarane. Med nemninga «deltakarane» tenkjer ein her både på administrativ leiing og på politisk leiing i eigarkommunane. Ulike måtar å jobbe på i dei fire eigarkommunane fører i enkelte saker til fleire mistydingar og gjerne mykje ekstraarbeid. Eit eksempel på dette er den pågåande forskriftsrevisjonen, der ein for nokre månader sidan hadde fire forskjellige vedtak å halde seg til – i ei sak som krev likelydande vedtak i dei fire kommunestyra.

Ved å vedta relativt enkle kommunikasjongrep kan ein løyse nokre av desse utfordringane. Styret i SSR vil føreslå at følgande tiltak blir vedtatt.

- Det blir oppretta eit administrativt kontaktutvalg (administrasjonen i SSR – representantar frå rådmannsstabene i eigarkommunane (2 frå kvar kommune)).
- Det blir halde tre (3) årlege møter i kontaktutvalget:
  - April: Årsrekneskapet o.l. + aktuelle saker.
  - August: Forbetringar / endringar / nye tiltak i verksemda + aktuelle saker.
  - Oktober: Budsjett / økonomiplan / gebyrregulativ o.l. + aktuelle saker.
- SSR vil ta initiativet til at det, saman med ein utpeikt representant for rådmannsstabene, blir gjennomført eit møte med ordføraren i den aktuelle kommunen. Dette for at ordførarane skal kunne møte førebudde i eigne formannskap / kommunestyre, og gjennom møta i desse organa ha politisk forankring for synspunkta sine i vedtakssaker i SSR sitt representantskap.

Forts.

Forts.

- I enkelte viktige / spesielle saker, som t.d. saka om forskriftsrevisjon, bør kanskje SSR sin administrasjon skrive saksframlegga til vedtakssaker i kommunane. Desse kan leggest inn i ein standardisert mal som alle kommunane er einige om. Dette for å unngå ulik behandling av desse sakene i kommunane og for å spare ressursar.
- Det administrative kontaktutvalget vurderer om ein skal halde fram med «Fagforum for miljø», der adm. i SSR sporadisk har møtt tekniske etatar og diskutert ulike tema. Erfaringane er blanda, m.a. med oppmøtet. Dette forumet vart oppretta fordi det forrige forsøket med eit kontaktutvalg stranda politisk.
- Det er viktig å streke under at det nemnde kontaktutvalget ikkje skal gjere vedtak i saker. Kontaktutvalget er kun rådgivande.

### **Styret si tilråding til vedtak:**

Representantskapet vedtar at det blir oppretta eit administrativt kontaktutvalg. Dette utvalget skal ha 2 eller 3 representantar frå SSR og 2 administrative representantar frå kvar kommune, til saman 10 eller 11 representantar. Rådmennene i eigarkommunane peikar ut 2 slike representantar frå kvar kommune.

Kontaktutvalget held 3 årlege møter og konstituerer seg sjølve på første møtet. Mandatet blir som nemnt i dette saksframlegget.

### **Vedtak, samr.:**

Representantskapet vedtar at det blir oppretta eit administrativt kontaktutvalg. Dette utvalget skal ha 2 eller 3 representantar frå SSR og 2 administrative representantar frå kvar kommune, til saman 10 eller 11 representantar. Rådmennene i eigarkommunane peikar ut 2 slike representantar frå kvar kommune.

Kontaktutvalget held møter etter behov og konstituerer seg sjølve på første møtet. Mandatet blir som nemnt i dette saksframlegget.



HERVEY KOMMUNE

Landets kommuner

Deres ref.:  
Vår ref.: 17/31191-1  
Saksbehandler: Mari Jonsrud Lindbekk  
Dato: 09.10.2017

## Nytt tilsynsansvar for landets kommuner

### Tilsyn med stedlig salg av tobakksvarer mv. fra 1.januar 2018

Kommunene skal fra 1.januar 2018 føre tilsyn med registrerte salgssteder av tobakksvarer mv. Tilsynsplikten og en ny registreringsordning for salg av tobakksvarer mv. ble vedtatt i Stortinget den 21.juni 2017, og bestemmelsene om ordningen er tatt inn i [tobakksskadeloven](#) kapittel 2.

Ordningen innebærer at kommunene skal føre tilsyn med registrerte salgssteder av tobakksvarer og tobakksurrogater (f.eks. e-sigaretter) i kommunen. Det er særlig viktig at kommunene fører tilsyn med at slike varer ikke selges til mindreårige. Kommunen skal ikke føre tilsyn med nettsalg og grossister.

Det er fastsatt en forskrift som blant annet regulerer kravene knyttet til kommunenes tilsyn. [Forskrift om registrering og tilsyn](#) med salg av tobakksvarer mv. ble fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet 21.september 2017.

Alle virksomheter som selger tobakk skal registrere seg i Tobakkssalgsregisteret innen 31.desember 2017. Det er ikke tillatt å selge tobakksvarer mv. etter 1.januar 2018 uten registrering i Tobakkssalgsregisteret.

Det nye nasjonale Tobakkssalgsregisteret er tilgjengelig på [tbr.helseDirektoratet.no](http://tbr.helseDirektoratet.no) fra 1.november. Tobakkssalgsregisteret vil fra 1.januar 2018 gi kommunene en oversikt over salgssteder som kan selge slike varer og hvor kommunen skal føre tilsyn.

Tobakkssalgsregisteret er offentlig, som innebærer at enhver kan søke i registeret. Kommunen kan f.eks. søke på bestemte virksomheter eller alle salgssteder i sin kommune.

Tobakkssalgsregisteret er utviklet i samme løsning som nytt Bevillingsregister etter alkoholoven, blant annet fordi kommunen er bruker av begge registrene. Informasjon om kommunens bruk av ny løsning for Bevillingsregisteret kommer i løpet av året.

## **Utvidet tilsyn med røykeforbudet for e-sigaretter**

Fra 1. juli 2017 inkluderte røykeforbudet i tobakksskadeloven (den såkalte «røykeloven») også bruk av e-sigaretter, både med og uten nikotin. Det vil si at det er forbudt å dampe alle steder hvor det er forbudt å røyke. Kommunens tilsynsansvar utvides tilsvarende.

### **Mer informasjon og veiledning**

Helsedirektoratet vil fortløpende utarbeide og publisere veiledning om det nye regelverket på Helsedirektoratet sine [nettsider](#).

Ved spørsmål om regelverket for øvrig som ikke besvares på våre nettsider, ta kontakt med Helsedirektoratet på e-postadresse [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no).

For spørsmål knyttet til bruk av Tobakkssalgsregisteret, ta kontakt på registerets e-postadresse [tbr@helsedirektoratet.no](mailto:tbr@helsedirektoratet.no).

Vennlig hilsen

Jakob Linhave e.f.  
avdelingsdirektør

Mari Jonsrud Lindbekk  
seniorrådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

**Mottaker**

**Kontaktperson**

**Adresse**

**Post**

---

Landets kommuner



HERØY KOMMUNE



## **Delegerte saker frå avdelingane**

**DS 251/17 Herøy kommune 34/121 - Løyve til tiltak 11.10.2017 00:00:00  
HANDVERKSBYGG AS**

**DS 252/17 Marianne Sævik Nerland - 31/8 - Naust 02.10.2017 00:00:00  
Marianne O Sævik Nerland**

**DS 253/17 Inger Olsen 37/270 - Løyve til tiltak 12.10.2017 00:00:00 Inger  
Olsen**

**DS 254/17 Herøy kommune 22/35,35 - Løyve til tiltak 27.09.2017 00:00:00  
HERØY KOMMUNE TEKNISK SEKTOR**

**DS 255/17 Marine Harvest AS 38/8 - Igangsettingsløyve for grunnarbeid  
og betongkonstruksjoner 29.09.2017 00:00:00 OSE INGENIØRKONTOR  
AS**

**DS 256/17 Moltu bedehus 60/454 - Løyve til tiltak 15.09.2017 00:00:00  
KJELLMAR TARBERG AS**

**DS 257/17 Ferdigattest - 36/84 - tilbygg/garasje 28.09.2017 00:00:00 Hugo  
Ingmar Leine**

**DS 258/17 Herøy kommune - 37/174 +222 - VA-grøft 06.10.2017 00:00:00  
AURVOLL OG FURESUND AS**

**DS 259/17 Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon nr 3 04.10.2017  
00:00:00 TØMRER SERVICE AS**

**DS 260/17 Terje Voldsund 13/17 - Løyve til tiltak 13.09.2017 00:00:00**

**Terje Sigmund Voldsund**

**DS 261/17 Aurvoll og Furesund AS 20/7 - Løyve til tiltak 26.09.2017  
00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS**

**DS 262/17 Ferdigattest terrasse - 45/90 seksjon nr 1 18.10.2017 00:00:00  
Odd-Gunnar Gjerde**

**DS 263/17 Ferdigattest - 34/58 - garasje 27.09.2017 00:00:00 Stian Bendal**

**DS 264/17 Marine Harvest AS 38/8 - Rammeløyve 29.09.2017 00:00:00  
OSE INGENIØRKONTOR AS**

**DS 265/17 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement  
(enkelt, bestemt anledning) 29.09.2017 00:00:00 KVALSVIK BJARNE**

**DS 266/17 Myrvågtoppen grendalag - 46/1 - Terrasse 13.09.2017 00:00:00  
Erik Ljotebø**

**DS 267/17 Hjalmar Olav Jacobsen - 60/152 - Garasje 04.10.2017 00:00:00  
Hjalmar Olav Jacobsen**

**DS 268/17 Ferdigattest - klubblokale - 17/60 18.10.2017 00:00:00 Amcar  
Ytre Sunnmøre**

**DS 269/17 Øyvind Solibakke 21/22 - Løyve til tiltak 06.10.2017 00:00:00  
Øyvind Solibakke**

**DS 270/17 Ferdigattest 26/207 25.09.2017 00:00:00 PROSJEKTBYGG AS  
m.fl.**

**DS 271/17 Ferdigattest - 46/82 - Einebustad og garasje 18.10.2017**

**00:00:00 HANDVERKSBYGG AS**

**DS 272/17 Ferdigattest - 86/7 - Fritidsbustad 28.09.2017 00:00:00 BERGE  
BYGGPLAN AS**

**DS 273/17 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement  
(enkelt, bestemt anledning). Bobiltreff 06 og 07.10.2017 29.09.2017  
00:00:00 KVALSVIK BJARNE**

**DS 274/17 Ferdigattest - garasje - 37/387 18.10.2017 00:00:00 Gudjon Örn  
Emilsson**

**DS 275/17 Martin Beitveit - 45/158 - Garasje 04.10.2017 00:00:00 Martin  
Beitveit**

**DS 276/17 Ferdigattest - 80/14 - Einebustad 18.10.2017 00:00:00  
ENERBYGG BOLIG AS**

**DS 277/17 Åse Sævik/Kåre P. Sævik 31/91 31/92 - Løyve til tiltak  
12.09.2017 00:00:00 Arne Knut Sætre**

**DS 278/17 Gnr. 30 bnr. 105 Frådeling av 2 bustadareal 05.09.2017  
00:00:00 HERØY BYGGSENER AS**

**DS 279/17 Fredrik S. Fredriksen 23/15 - Ferdigattest riving 12.09.2017  
00:00:00 AF DECOM AS**

**DS 280/17 Tor-Arne Moltubakk 60/123 - Løyve til tiltak 28.08.2017  
00:00:00 Tor-Arne Moltubakk**

**DS 281/17 Herøy kommune 34/121 Løyve til tiltak 28.08.2017 00:00:00  
AURVOLL OG FURESUND AS**

**DS 282/17 Kina Melbø og Ronny Lauvstad 59/81 tiltak bustad - Løyve til tiltak 23.05.2017 00:00:00 TØMRER SERVICE AS**

**DS 283/17 Elling Magne Woldsund 26/19 - Pålegg om retting og varsel om ilegging av tvangsmulkt 12.09.2017 00:00:00 Elling Magne Woldsund m.fl.**

**DS 284/17 Myrvåg forsamlingshus 46/10 Ferdigattest riving 12.09.2017 00:00:00 AF DECOM AS**

**DS 285/17 Oddvar Leine gnr. 25 bnr. 8 og 1 Frådeling av tomt med eksisterande bustadhus 09.10.2017 00:00:00 Oddvar Leine**

**DS 286/17 Budaneset Hytteforening gnr. 76 bnr. 144 Frådeling av tilleggsareal til bnr. 114 08.09.2017 00:00:00 BUDANESET HYTTEFORENING m.fl.**

**DS 287/17 Herøy kommune 34/123,1 - Løyve til tiltak 04.10.2017 00:00:00 HERØY KOMMUNE**

**DS 288/17 Hilde Marie Brungot gnr. 55 bnr. 3 Frådeling av nausttomt og bustadareal 01.09.2017 00:00:00 Hilde Marie Brungot**

**DS 289/17 Per- Svenning Leine gnr. 26 bnr. 3 - Frådeling av tomt til formål - felles hageareal. 04.09.2017 00:00:00 Per Svenning Leine**

**DS 290/17 Oddveig Sellereite gnr. 44 bnr. 122 Frådeling av fritidstomt 08.09.2017 00:00:00 Oddveig Sellereite**

**DS 291/17 Silje Oksholen Gjelseth og Børge Gjelseth 21/35 - Ferdigattest 06.10.2017 00:00:00 Børge Gjelseth**

**DS 292/17 Herøy kommune 37/149 - Løyve til tiltak 18.10.2017 00:00:00 AF DECOM AS**

**DS 293/17 Marianne Sævik Nerland gnr. 31 bnr. 8 Frådeling av tilleggsareal til gnr. 31 bnr. 23 19.09.2017 00:00:00 Marianne O Sævik Nerland**

**DS 294/17 Fredrik S. Fredriksen 23/15 - Løyve til tiltak 03.08.2017 00:00:00 KVADRATBYGG AS**

**DS 295/17 Westing AS gnr. 55 bnr. 7 Frådeling av tilleggsareal til 55/31 09.10.2017 00:00:00 WESTING AS**

**DS 296/17 Herøy kommune gnr. 36 bnr. 3 Frådeling av tilleggsareal til gnr. 36 bnr. 15 25.09.2017 00:00:00 Herøy kommune**

**DS 297/17 Anders Leine 26/189 - Løyve til tiltak 21.09.2017 00:00:00 B TARBERG AS**

**DS 298/17 Gisle Rafteseth gnr. 56 bnr. 2 Frådeling av tilleggsareal til bnr. 23 07.09.2017 00:00:00 Gisle Rafteseth**